

# Kommuneplanens arealdel 2023-2035



ÅL KOMMUNE

## Konsekvensutgreiing av dei nye områda



Foto: Inger H. Lervåg

## Innhald

Metode.....	5
Konsekvensutgreiing av nye område for bustadbygging .....	20
B21 – Nordre Skarsgard.....	20
B30 – Leveld .....	22
B50 – Lya .....	24
B51 – Torpo .....	27
B52 – Sireåne.....	29
B53 - Lien .....	32
Konsekvensutgreiing av nye område for næringsverksemd .....	34
NÆ30 - Leveld.....	34
NÆ31 – Samhald .....	36
NÆ50 – Busemoen .....	38
NÆ51- Torpo .....	40
NÆ 52 – Torpo Industriområde.....	43
NÆ 53 - Torpomoen .....	45
NÆ54 - Oppheim .....	47
NÆ01 og NÆ04 - Kleivi .....	49
NÆ02 - Kleivi.....	53
NÆ03 – Kleivi.....	56
NÆ05 – Kleivi.....	59
NÆ06 – Kleivi.....	61
NÆ07 – Kleivi.....	64
Konsekvensutgreiing av nye område for spreidd bustadbygging .....	67
LSB10 – Øvre Ål .....	67
LSB11 – Øvre – Ål.....	69
LSB20 – Vats .....	71
LSB21 – Vats .....	74
LSB30 – Leveld.....	77
LSB40 - Votndalen .....	79
LSB41 – Votndalen.....	81
LSB42 – Votndalen.....	83
LSB43 – Votndalen.....	86
LSB44 – Votndalen.....	88
LSB45 - Votndalen .....	90
LSB46 – Øygarden.....	92

LSB51 – Lien/Liahagen.....	94
LSB52 – Oppheim .....	96
LSB53 – Oppheim- Bruhaugane.....	98
LSB54 - Kringlevegen .....	100
Konsekvensutgreiing av nye område for spreidd næringsverksemd .....	103
LSN20 – Vats gardsmat.....	103
Konsekvensutgreiing av nye område for fritids- og turistføremål .....	105
FTU20 Bergsjøstølen.....	105
FTU30 – Haug .....	107
Konsekvensutgreiing av nye område for offentleg og privat tenesteyting.....	110
T31 – Leveld kunstnartun .....	110
Råstoffutvinning .....	112
RU40 – Løyttestølen .....	112
RU50 – Syningen.....	114
RU51 – Syningen.....	116
RU52 – Fareslettane .....	119
RU54 Heggetonlie.....	121
Andre typer bebyggelse og anlegg .....	124
ABA50 – Busemoen .....	124
Kombinert bebyggelse og anleggsføremål .....	126
KBA50 – Lien.....	126
Konsekvensutgreiing av nye område for grønstruktur .....	129
TD50 – Bakketun 1.....	129
FRI51 – Bakketun.....	131
FRI50 - Torpo .....	133
Konsekvensutgreiing av nye infrastrukturtiltak .....	135
GS30 – Nordbygdene skule - Feten .....	135
GS40 – Tveitehagen – Votndalen bustadfelt.....	137
GS42 Gang- og sykkelveg Votndalen .....	138
GS43 Gang- og sykkelveg Votndalen .....	141
TD40 – Samhald – Løken .....	143
TD 41 – Samhald – Votndalsvegen alt.1.....	144
TD 42 – Samhald – Votndalsvegen alt.2.....	147
GS41 – Satakroken – Torpo vest.....	149
GS50 – Torpo skule – Torpo Aust .....	151
GS51 – Trillhus- Torpo aust .....	153

GS52 Gang- og sykkelveg Torpo nordsida .....	155
Samla konsekvensutgreiing av planforslaget .....	157
<b>1. Miljø</b> .....	157
Samfunnstryggleik .....	162
<b>2. Samfunn</b> .....	164

## Metode

### 1. Innleiing

I følgje plan- og bygningslovens § 4-2 er kommunen pålagt å gi ei særskilt vurdering og skildring av kommuneplanens verknader for miljø og samfunn i planomtala – ei konsekvensutgreiing. I Forskrift om konsekvensutgreiing (2017) blir dette spesifisert nærmare.

Med utbygging forståast følgande arealformål (jf. Pbl §11-7):

Nr.1 Bygg og anlegg - underformål.

Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, med alle underformål.

Nr. 4 Forsvaret, med alle underformål.

Nr. 5 LNF, med alle underformål.

Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med alle underformål.

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å gi eit best mogleg grunnlag for å vurdere korleis utbygging av eit område vil påverka naturressursar, miljø og samfunn, samt å finne avbøtande tiltak for å redusere eventuelle negative verknader.

### 2. Metode for konsekvensutgreiing

Metodikken byggjer på rettleiaren frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD): *T-1493 Konsekvensutredningar Kommuneplanens arealdel og Forskrift om konsekvensutredningar (2017)*. På bakgrunn av KU-forskrifta er det utarbeidd eit standard skjema for konsekvensutgreiingane- der følgjande tema blir greia ut:

#### Miljø

- Naturverdiar, biologisk mangfald
- Naturressursar (jord/skog)
- Mineralressursar
- Vassmiljø
- Landskap og kulturmiljø
- Kulturminne
- Forureining til luft og grunn
- Samfunnstryggleik
- Klima

#### Samfunn

- Friluftsliv og rekreasjon
- Barn og unge
- Trafikale forhold /trafikktryggleik
- Teknisk infrastruktur
- Folkehelse og nærmiljø

For temaa under «miljø» har det blitt gjort ei kartlegging av innspelsområdet på grunnlag av registrerte verdiar i tilgjengelege arealdatabasar. Under «samfunn» er temaa vurdert basert på registrerte verdiar i arealdatabasar, fagleg skjønn, lokalkunnskap og synfaringar.

## 2.1 Verdsetjing = konsekvensar (verdi og omfang)

I konsekvensutgreiingane er det kartlagd kva som er registrert i tilgjengelege arealdatabasar. Kva for arealdatabasar som er nytta til kvart tema er gjort reie for under pkt. 3.0. Det er berre eksisterande kartdata som er nytta. Det er vidare utarbeidd kriterium for fastsetting av konsekvensar (sum av verdi og omfang) innanfor kvart fagtema, jf. pkt. 3.0.

Tema	Konsekvensar (Konsekvens = sum av verdi og omfang)	Skildring og avgjerd
Til dømes Naturverdiar, biologisk mangfald	Stor negativ konsekvens	Ei skriftleg grunngjeving og vurdering av kva som har leda fram til den angitte konsekvens.
	Middels, liten og/eller usikker konsekvens	
	Positiv konsekvens	
	Ingen konsekvens	

## 2.2 Influensområde

For nokre av temaa vil influensområdet i all hovudsak vere avgrensa til sjølve innspelsområdet, medan for andre tema/interesser vil vesentlege konsekvensar også kunne oppstå i avstand frå innspelsområdet. Dette gjeld til dømes for temaa støy og utslepp til vatn.

Kvart innspelsområde er vurdert i forhold til eit null alternativ, dvs. kva som skjer med området dersom det ikkje blir bygd på.

## 3. Temavis oversikt over brukte arealdatabasar og vurderingskriterium

I dei følgjande avsnitta vil temaa under «miljø» og «samfunn» bli utdjupa i forhold til kva for kjelder som er brukt for kartlegginga og kva for kriterium som er brukt for verdsetjinga.

### 3.1 Miljø

**3.1.1 Naturverdiar og biologisk mangfald** – omhandlar utvalde og spesielle naturtypar og utvalde artar. Når det gjeld utvalde artar er avgrensinga satt til artar som i følgje «Norsk rødliste for 2021» er innanfor kategoriane Nært trua (NT), Sårbar (VU), Sterkt trua (EN) og Kritisk trua (CR). Utvalde naturtypar er førekomstar jf. Naturmangfoldloven § 3.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Miljødirektoratets naturbase kart (Utsjekk om det er registrerte naturtypar og artar innanfor/ eller i nærleiken av innspelet).
- Artsdatabanken.no.
- Ål Kommune sitt kartlag: «Elgtrekk», som er basert på ei viltkartlegging som vart gjennomført i 2003.
- Unnateken offentlegheita: Sensitive artsdata ([Sensitive Artsdata \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)), Miljødirektoratet og Artsdatabanken.

Naturverdiar og biologisk mangfald	Utvalde og spesielle naturtypar	Utvalde artar	Vilttrekk	«MiS» Miljøregistrering i skog
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Det er registrert utvalde og/eller spesielle naturtypar innanfor innspelområdet.	Det er registrert utvalde artar innanfor innspelsområdet.  Randsone til nasjonalt villreinområde.	Det er registrert vilttrekk i innspelsområdet.	MiS registrering innanfor innspelsområdet.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Det er registrert utvalde og/eller spesielle naturtypar i nærleiken av innspelsområdet.	Det er registrert utvalde artar i nærleiken av innspelsområdet.	Det er registrert vilttrekk i nærleiken av innspelsområdet.	MiS registrering som ligg i nærleiken av innspelsområdet.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)				
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ikkje registrert utvalde og /eller spesielle naturtypar innanfor eller i nærleiken av området.	Ikkje registrert utvalde artar innanfor eller i nærleiken av området.	Ikkje registrert vilttrekk.	Ikkje registrert MiS

### 3.1.2 Naturressursar er ressursar frå jord- og skogbruk.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Gardskart AR5.
- Kommunens eigne Skogbruksplanar.

Naturressursar (skog og jord)	Dyrka og dyrkbar jord	Beite	Skog
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Dyrka jord (både overflate- og fulldyrka).  Dyrkbar jord tilknytt allereie dyrka jord.	Innmarksbeite tilknytt driftssenteret.	Miljøregistrering i skog «MiS»

Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Små, usamanhengande areal dyrkbar jord.	Innmarksbeite.	Skog med høg bonitet.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)			
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelsområdet ligg på eit område som verken har dyrka- eller dyrkbar jord.	Innspelsområdet ligg på eit areal utan beiteressursar.	Innspelsområdet ligg på eit areal med skog med middels/låg bonitet eller utan skog.

### 3.1.3 Mineralressursar – pukk og grus førekomstar.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Oversikt over grus- og pukkførekomstar: [Grus og pukk \(ngu.no\)](http://ngu.no).

Mineralressursar	Pukk og grus
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Mineralførekomst av lokal, regional eller nasjonal betydning der utbygging kan forringe førekomsten.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Registrert mineralressurs.  Mineralførekomst av liten betydning, der utbygging kan forringe førekomsten.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Mineralførekomsten er tatt ut.  Innspelet vil nytte seg av ressursane i området.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelsområdet ligg på eit areal utan mineralressursar.

I vurderinga er mineralressursen sett på som en ressurs det er uheldig å ikkje nytte seg av. Altså at det er positivt å nytte seg av ressursen, men det å ikkje hente den ut, eller å byggje ned eller på anna måte forhindre framtidig uttak, er negativt.



**3.1.4 Vassmiljø-** Her er det vurdert om det finst bekkar, elver og innsjøar i- eller i nærleiken av innspelsområdet. Vurderingane inkluderer elvar/bekkar med både heilårsvassføring og som er tørrlagde i periodar. Er innspelsområdet langt frå elv/bekk, er likevel påverknad på nedbørsfeltet tatt med i vurderingane når det går til ein resipient som ikkje oppfyller miljømålet i vassforskrifta (moderat økologisk tilstand/potensial).

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Kartverkets Norgeskart med FKB
- Kommuneplanen for Ål kommune 2010-2022
- Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) vann-nett portal [VannNett-Portal \(vann-nett.no\)](http://VannNett-Portal(vann-nett.no))
- Komtek, spreidd avløp

VASSMILJØ	Bekk/elv	Vatn
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Utbygginga vil kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta.	Innspelsområdet ligg inntil vatn, eller i nedbørsfeltet til vatnet, og der utbygginga vil kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Bekk/elv i innspelsområdet.  Eller bekk/elv innanfor 100-metersbeltet til vassdraget.  Utbygging av innspelsområdet kan ha negativ konsekvens for eksisterande bekkar/elver i området, og/eller i anleggsfasen.  Tiltaket vil kunne føre til auka avrenning.	Vatn i innspelsområdet.  Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til vatnet.  Utbygging av innspelsområdet kan ha negativ konsekvens for eksisterande vatn i området, og/eller i anleggsfasen.  Tiltaket vil kunne føre til auka avrenning.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Fortetting som vil føre til avkloakking av eksisterande bustadfelt.  Nyetablering av kantsone.	Fortetting som vil føre til avkloakking av eksisterande bustadfelt.  Nyetablering av kantsone.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Vassførekomsten har god økologisk tilstand, men tiltaket vil ikkje påverke måloppnåinga iht vassforskrifta.  Ikkje relevant.	Vassførekomsten har god økologisk tilstand, men tiltaket vil ikkje påverke måloppnåinga iht vassforskrifta.  Ikkje relevant.

**3.1.5 Landskap og kulturmiljø** – Eit landskap kan vere meir eller mindre påverka av menneskelege faktorar. Landskap omfattar naturlandskap, kulturlandskap og byar/tettstader. Med kulturmiljø meiner ein: «Områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng» jf. kulturminneloven §2.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Miljødirektoratets naturbase kart (Utsjekk om det er registrerte verdifulle og/eller utvalde kulturlandskap, samt kulturmiljø i eller i nærleiken av innspelet).
- Synfaringar.

LANDSKAP OG KULTURMILJØ	Landskap	Kulturmiljø
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ny utbygging vil endre landskapet og gi nær- og fjern verknad.	Innspelsområdet ligg innanfor eit UKL- og/eller KULA område, og innspelt vil forringe kvalitetane i landskapet.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ny utbygging vil kunne endre landskapet og gi nær- og fjern verknad.	Innspelsområdet ligg innanfor eit UKL- og/eller KULA område, og innspelet kan forringe kvalitetane i området.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelet er med på å framheve eit viktig landskapstrekk eller kulturmiljø, samt å bevare det opphavlege uttrykket.  Innspelet vil gli inn som ein del av omgjevnadene.	Innspelet er med på å framheve eit viktig landskapstrekk eller kulturmiljø, samt å bevare det opphavlege uttrykket.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.

**3.1.6 Kulturminne** – med det meiner ein «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til» jf. kulturminneloven § 2.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden.no.
- RA kulturminnesøk.
- Miljødirektoratets Naturbase kart med utsjekk på kulturminne og Sefrak bygningar.

Kulturminne	Kulturminne	SEFRAK-registreringar
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelet ligg innanfor ei omsynssone med bandlegging etter lov om kulturminne.  Eit eller fleire registrerte kulturminne i innspelsområdet.	
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)		Sefrak registrerte bygningar innanfor innspelsområde.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)		Tiltak kor eldre bygningsmasse blir bevart/restaurert.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ingen registrerte kulturminne innanfor eller inntil området.	Ingen registrerte SEFRAK-bygningar innanfor eller inntil området.

SEFRAK- Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg, er eit register over alle bygningar i Noreg som vart bygd før 1900. Denne registreringa tillegg ikkje bygningane spesielle restriksjonar, men fungerer som eit signal om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før ein evt. endrar eller riv bygninga ([Sefrak-registeret - Riksantikvaren](#)). Derfor er alle SEFRAK bygningar innanfor innspelsområda merka med gul konsekvens.

**3.1.7 Forureining til luft og grunn** – om det er registrert forureining i form av til dømes støy, støv eller om det er forureining til grunnen.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Grenseverdiar på luftkvalitet jf. forurensningsforskriften § 7-9.
- [Fagbrukertjeneste for luftkvalitet - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#).
- Støyvarselkart frå Statens vegvesen.
- Databasen [Grunnforurensning \(miljodirektoratet.no\)](#)

Forureining	Luft	Grunn
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelsområdet, både heile eller delar av, ligg innanfor støysone raud, dvs. over 65 dB.  Område som ligg nært utsleppsløyve til luft.	Registrerte deponi innanfor innspelsområdet- uansett forureiningsgrad.

Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Heile eller delar av innspelsområdet ligg innanfor støysone gul, dvs. over 55 dB.  Lukt frå reinseanlegg.	
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)		
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Innspelet ligg ikkje innanfor registrerte støysoner, og det er heller ikkje støvplager knytt til området.	Innspelsområdet ligg ikkje på forureina grunn.

**Støv:** Nettsida [Luftkvalitet i Norge \(miljødirektoratet.no\)](http://luftkvalitet.no), levert av Folkehelseinstituttet, Meteorologisk institutt, Statens vegvesen og Helsedirektoratet definerer luftforureining som partiklar, gassar og stoff i lufta som er skadeleg for menneske og/eller økosystem. Utslepp av svevestøv (PM) ; PM10, PM2,5 og nitrogendioksid (NO2) er i Ål kommune innanfor grenseverdiane sett av forurensningsforskrifta §7-9. Årsmiddel for kommunen i 2017-2021 var PM 10 innanfor grenseverdien på 20 ug/m3, PM 2,5 innanfor 10 ug/m3 og NO2 innanfor 40 ug/m3 [Fagbrukertjeneste for luftkvalitet - Miljødirektoratet \(miljødirektoratet.no\)](http://fagbrukertjeneste.miljodirektoratet.no). Derfor vil ingen innspel ligg innanfor raud eller gul konsekvens i vurderingane når det gjeld støv. Veldig lokalt kan det likevel vere krav om tiltak for å førebygge støvplager ved drift av pukkverk eller anna industri i reguleringsplanar.

**Grunnforureining:** I følgje Miljødirektoratet sin database; Grunnforurensning, opererer fagsystemet med fire grader av påverknad etter kor alvorleg forureininga er: Påverknadsgrad 3: ikkje akseptable forureining og behov for tiltak. Påverknadsgrad 2: Akseptable forureining med dagens areal- og resipientbruk. Påverknadsgrad 1: Liten/ikkje forureina. Påverknadsgrad X: Mistanke om forureining [Fagsystemet Grunnforurensning \(statsforvalteren.no\)](http://fagsystemet.miljodirektoratet.no). I veilederen «Bygging på nedlagte deponier M-1780/2020» står det at: «Miljødirektoratet anbefaler generelt at det ikke bygges boliger, sosial infrastruktur (barnehager, skoler og helse- og velferdsbygg) eller næringsbygg (f.eks. kontorer, industri, lager) på nedlagte deponier hvor det er gassdannelse eller i randsonen til disse deponiene... Dersom det likevel søkes om å bygge på eller i randsonen nedlagte deponier, må det kunne dokumenteres at dette er helse- og miljømessig forsvarlig.» Det er generelt lite kunnskap om deponia i Ål kommune, eller kunnskap om påverknadsgrad utover det som er oppgitt i fagsystemet. Av den grunn har alle innspelsområde med deponi uansett påverknadsgrad innanfor arealet fått raud konsekvens, då ein ikkje kan dokumentere at dette er helse- eller miljømessig forsvarleg.

### 3.1.8 Samfunnstryggleik – fareområde for skred, flaum og høgspentanlegg.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine aktsemdskart for flaum, jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred (samanfatta som *skred* i tabellen under).
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) nettanlegg.

SAMMFUNNS-TRYGGLEIK	Skred	Flaum	Høgspentanlegg

Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Heile/store delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred.  Delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred i kombinasjon med flaum og/eller høgspentanlegg, slik at totalen dekker over halvparten av innspelsområdet.	Heile/ store delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdssone for flaum.  Delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdssone for flaum i kombinasjon med skred og/eller høgspentanlegg, slik at totalen dekker over halvparten av innspelsområdet.	Høgspentanlegg igjennom heile/ store delar av området.  Delar av innspelsområdet ligg innanfor omsynssone for høgspentanlegg i kombinasjon med skred og/eller flaum, slik at totalen dekker over halvparten av innspelsområdet.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ein del av området ligg innanfor aktsemdssone for skred.	Ein del av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum.	Ein del av området har høgspentanlegg.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)			
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Utanfor aktsemdsrområde for flaum/skred og høgspentanlegg.	Utanfor aktsemdsrområde for flaum/skred og høgspentanlegg.	Utanfor aktsemdsrområde for flaum/skred og høgspentanlegg.

Når det gjeld omsynssoner under høgspenningsanlegg er rettleiaren frå Statens strålevern, «Bebyggelse nær høyspenningsanlegg» ([bebyggelse\\_hoyspentanl.pdf \(nve.no\)](http://bebyggelse.hoyspentanl.pdf(nve.no))) lagt til grunn i vurderinga, og sonene er satt til:

kV	Sone
22-24 kv	20 m på kvar side
66 kv	25 m på kvar side
132 kv	35 m på kvar side
300 kv	70 m på kvar side
420 kv	80 m på kvar side

I samband med temaet Samfunnstryggleik har radon, som er ein helsefarleg, radioaktiv gass, vore til vurdering. Kunnskap om kva for område som er utsett for radon er viktig når kommunen skal vurdere utbyggingsområde. Norges geologiske undersøkelse (NGU) sitt aktsemdskart for radon viser generelt høge førekomstar av radon i delar av kommunen. Dette kartet er grovmaske og kan derfor gi upresise avlesingar i dei ulike innspelsområda. Samanlikna med kartlegging som «Miljøretta helsevern Hallingdal» gjennomførte i 2011 (målingar gjort i bustader mellom 1992-2010) viser at målingane

ikkje samsvarar heilt med aktsemdskartet. Av den grunn blir derfor ikkje tema radon tatt med på detaljnivå i konsekvensutgreiinga, men må likevel bli tatt omsyn til i dei einiskilde utbyggingsområda. All utbygging skal uansett følgje krava om radonsikring i Tek-17.

**3.1.9 Klima** – Endra arealbruk kan gi auka klimagassutslepp, som igjen bidreg til klimaendringar. I vurderinga om tiltaket som er spelt inn vil kunne føre til auka utslepp av klimagassar, er sjekklista frå Miljødirektoratet [Virkninger av klimagassutslipp - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](http://miljodirektoratet.no) lagd til grunn.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Gardskart AR5
- Gulsesider.no til oppmåling av avstandar

Klima	Nedbygging av karbonrike areal	Auka bilkøyring/trafikk eller tranportmønster	Ny industri som gir auka klimagassutslepp
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Nedbygging av andre naturressursar som skog, beite, dyrka mark og dyrkbar jord i kombinasjon med ny industri eller bustader med køyreveg < 8 km frå kommune-senter.  Inngrep i myr.	Bustader med køyreveg på < 8 km. frå kommune-senteret «Sundre», forutsett fossilt drivstoff, i kombinasjon med tap av naturressursar.	Nye industriareal som aukar klimagassutslepp i kombinasjon med tap av naturressursar.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Nedbygging av andre naturressursar som skog, beite, dyrka mark og dyrkbar jord i kombinasjon med nye bustader med køyreveg på > 8 km. frå kommune-senter.	Bustader med køyreveg på > 8 km. frå kommune-senteret «Sundre», forutsett fossilt drivstoff, i kombinasjon med tap av naturressursar.	Nye industriareal som aukar klimagassutslepp.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Der tiltaket ikkje vil føre til tap av naturressursar	Der tiltaket ikkje vil føre til tap av naturressursar	Der tiltaket ikkje vil føre til tap av naturressursar
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	-	-	-

I kommuneplanens samfunnsdel står det at det er eit overordna mål for Ål kommune å legge til rette for *levande grender*. Kommunen ynsker derfor å ha tilgjengeleg ulike typar bustader og tomter, samt å oppretthalde og vidareutvikle næringslivet- i *grendene*, i tillegg til kommunesentrumet, Sundre. Dette er område som treng befolkningsvekst, og som ofte har både skule og barnehage i nærleiken. Men sidan det blir lang avstand til tenesteleverandør og kommunesenter, vil busetting og næringsutvikling i grendene generere auka trafikk. Av den grunn vil vurderingane knytt til temaet klimautslepp ofte få negativ konsekvens (raud). Rådmannen tilrår likevel ofte å gå for endring av arealføremål til tross for «klima-konsekvensen», på bakgrunn av ynskje om nettopp levedyktige grender. Vidare vil dette igjen styrke moglegheita for lokal matproduksjon og til å oppretthalde aktive gardsbruk. I tillegg ynskjer kommunen å legge til rette for gang- og sykkelveg i- og mellom grendene, og det er allereie etablert fleire EL-bil ladingspunkt på Sundre, som tiltak for å redusere utslepp. Ål kommune har også ein eigen plan for vidareutvikling av EL-bil lading; «Ål kommune –

Strategi for ladeinfrastruktur i sentrum». Vurderingane er likevel basert på bilkøyring med fossilt drivstoff.

### 3.2 SAMFUNN

**3.2.1 Friluftsliv/rekreasjon** – Område som blir brukt av innbyggjarane og besøkjande til friluftsliv og rekreasjon. Samt tilgangen til desse områda.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase (Utsjekk om det er registrert statleg sikra friluftsområde og/eller kartlagde friluftslivsområde innanfor/ eller i nærleiken av innspelet).
- Kartverkets kartbase Tur- og friluftsruter (skiløyper og fotruter)
- Plan - og bygningslovens § 1 – 8 - Forbod mot utbygging i 100- metersonen og langs sjø og vassdrag, samt sikring av areala og tilgang til desse områda.

<b>FRILUFTSLIV OG REKREASJON</b>	<b>Friluftsliv og rekreasjon</b>
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	<p>I utgangspunktet innspel som ligg innanfor statleg sikra friluftslivsområde og/eller område som er kartlagt friluftslivsområde med svært viktig verdi, men her er det i kvart enkelt tilfelle gjort ei konkret vurdering av konsekvensen.</p> <p>Etablering av tiltaket vil øydelegge eller redusere bruk og tilgjengelegheita til friluftsliv- og rekreasjonsområde, som m.a. ljosløyper/stigar/skiløyper.</p> <p>Heile eller store delar av tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag jf. Kommuneplanen og vil hindre tilgangen til vatnet.</p>
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	<p>I utgangspunktet innspel som ligg i eit registrert friluftslivsområde (med eller utan viktig verdi), men her er det i kvart enkelt tilfelle gjort ei konkret vurdering av konsekvensen.</p> <p>Utbygginga vil føre til at eit friluftslivsområde blir mindre og/eller at ein ljosløype/stig/skiløype må byggast om.</p> <p>Delar av tiltaket ligg innanfor Strandsona jf. kommuneplanen. og kan hindre tilgangen til vatnet.</p>
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Etablering av tiltaket vil fremme ytterlegare bruk av friluftsliv- og rekreasjonsområda.

Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Tiltaket inneber ingen negative konsekvensar for friluftslivet.
---	---

**3.2.2 Barn og unge** - skal bli tatt omsyn til i all planlegging, jf. KMD sin veileder: «Barn og unge i plan og byggesak». I Ål vart det gjort barnetråkkregistrering i 2019, men den var avgrensa til Kommunesenteret Sundre og Kommunedelplan for Sundre, og er derfor ikkje aktuell. Utgangspunktet i denne kartlegginga er derfor i hovudsak basert på avstand til skule og barnehage, samt tilgang til leike- og grøntområde. Vidare er desse faktorane sett opp mot trafikktryggleik, og vurderingane går på om det er gang- og sykkelveg, og/eller at det er vegar med auka trafikk knytt til helgar/feriar, kalla «hyttevegar» eller til ny næringsverksemd med auka trafikk.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Kommunekart.no
- Gulesider.no
- Ruter.no

Barn og unge	Avstand til skule/barnehage/leikeområde
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Over 4 km. til skule- og barnehage i kombinasjon med at skulevegen er utan gang- og sykkelveg.  Viktig grøntområde for barn og unge som blir heilt eller delvis øydelagt ved etablering av tiltaket.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Mellom 2 - 4 km. til skule / barnehage.  Skuleveg utan gang- og sykkelveg.  Over 500 m. til offentlig transport på veg utan gang- og sykkelveg.  Skuleveg langs «hytteveg», og/eller vegar med auka anleggstrafikk som følgje av innspelet.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Mellom 0 - 2 km til skule / barnehage, samt leike- og grøntområde.  Skuleveg med gang og sykkelveg.  Under 500 m. til offentlig transport på veg med/utan gang- og sykkelveg.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ikkje relevant for innspelsområdet.



I forhold til temaet barn og unge er vurderinga mellom anna knytt opp til avstand til skule/barnehage og leikeplassar. Med spreidde bustader i grendene vil det fort bli lengre avstandar, ofte langs veg utan gang- og sykkelveg. Nokre av innspelsområda ligg også tilknytt «hyttevegar», som får auka trafikk knytt til helgar og feriar av tilreisande med hytte i området. På grunn av dette vil utfallet ofte bli negativ konsekvens i dei ulike innspela. Dei positive sidene derimot, kjem derfor ikkje tydeleg fram, men må også utgjere ein del av den heilskaplege vurderinga av Rådmannen, slik som at det kan vere svært positivt å vakse opp med naturen som leikeplass, og i trygge og oversiktlege lokalsamfunn. Elevar i grunnskulen har også rett på gratis skyss når avstanden til skulen er meir enn to km. for 1. trinn og meir enn fire km. for 2.-10. trinn jf. opplæringslova § 7-1. For vidaregåande elevar er grensa sett til seks km. frå skulen jf. opplæringslova § 7-2.

### 3.2.3 Trafikale forhold og trafikktryggleik – type veg, gang- og sykkelveg, åtkomst og åtkomstproblematikk.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Kartverkets Norgeskart med FKB
- Vegnett/El-veg frå NVDB
- Ruter.no
- SVV handbok 146
- Vegkart.atlas.vegvesen.no

TRAFIKALE FORHOLD OG TRAFIKKTRYGGLEIK	TRAFIKALE FORHOLD	TRAFIKKTRYGGLEIK
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Område som ikkje har tilkomst frå eksisterande veg per i dag.  Innspel som krev ny tilkomst frå riksveg 7.	Kan i nokre tilfelle vere «Ikkje gang- og sykkelveg».
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Traktorveg/skogsbilveg inn i området.  Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag.	Auka trafikk på vegar grunna ny anleggsverksemd eller «hyttevegar».  Ikkje gang- og sykkelveg, kan også vere raud vurdert ut frå kvart enkelt tilfelle.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Allereie etablert veg til innspelsområdet.  Allereie etablert/godkjent avkøyring frå Rv.7.	Allereie etablert gang- og sykkelveg.  Innspelet er eit godt trafikktryggleikstiltak.

	Under 500 m. til offentlig transport på veg med/utan gangveg.	
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ikkje relevant for innspelet.	Ikkje relevant for innspelet.

### 3.2.4 Teknisk infrastruktur - er vatn og avløpsnett.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:

- Kommunen sine kartlag:
  - o 0-100000 Vann og avløp
  - o 0-10000 VA Aal 3043

VATN OG AVLØP	Vatn og avløp
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ikkje offentlig vatn og avløp (VA).
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Ikkje offentlig vatn og avløp per i dag, men mogleg å få til avløp og eventuelt vatn.  Private løysingar ved god resipient.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Offentleg avløp, og både offentlig og privat vatn.

**3.2.5 Folkehelse og nærmiljø** – samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar befolkningens helse og trivsel, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar, eller som vernar mot helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa: F.eks. Bustadbygging, næringsutvikling og fritidsbygg i tråd med vedtatt arealstrategi.

I denne kartlegginga er informasjon henta frå:


- Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase (Utsjekk om det er registrert statleg sikra friluftsområde og/eller kartlagde friluftslivsområde innanfor/ eller i nærleiken av innspelet).
- Kartverkets kartbase Tur- og friluftsruter (skiløyper og fotruter).

FOLKEHELSE OG NÆRMILJØ	Folkehelse og nærmiljø
Stor negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Om tiltaket øydelegg for allmenta si tilgang til stigar/skiløyper/friområde i nærmiljøet.  Langt unna anna fast busetnad.

	Tiltaket vil påverke bukvaliteten i området negativt.
Middels, liten eller usikker negativ konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Dersom gangveggar/ turstigar /skiløyper og liknande må leggest om. Tiltaket vil kunne påverke bukvaliteten i området negativt.
Positiv konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Tiltak som i seg sjølv er positive for folkehelsa, som gangveggar/ turstigar/ friområde.  Tiltak som sikrar tryggare tilkomst til idrettsanlegg/ leikeplassar/ friområde, og/eller nærleik til desse.  Nærleik til natur og kartlagde friluftslivsområde.  Inntil anna spreidd busetnad.
Ingen konsekvens (Sum av verdi og omfang)	Tiltaket er ikkje relevant for folkehelse og nærmiljø.

# Konsekvensutgreiing av nye område for bustadbygging

B21 – Nordre Skarsgard

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Bustadføremål: B21		
<b>Gnr/bnr:</b> 92/4	<b>Storleik:</b> Ca. 2 daa.	
<b>Innspel nr. :</b> 77	<b>Ønske om bruk:</b> To bustadtomter	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF	<b>Dagens bruk:</b> Innmarksbeite	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer moglegheit til å byggje to bustader tilknytt gardstunet.		
<b>Skildring av området:</b> Tiltaket ligg inntil tunet på Nordre Skarsgard, rett sør for Skarslia.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbase kart viser observasjon av m.a. gauk (NT) i innspelsområdet. Sidan området allereie er såpass utbygd, er det lite sannsyn at tiltaket vil komme i konflikt med arten.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 1,2 daa innmarksbeite tilknytt driftssenter.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø	-	Ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne		Det ligg ein SEFRAK bygning i tunet det må takast omsyn til.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Arealet ligg delvis innanfor aktsemdområde for høgspenningsanlegg.


Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret, Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil bli liggande nærma skiløypa, så det er viktig at denne traséen ikkje blir sperra.
Barn og unge		Ca. 12 km til Nordbygdene barneskule/barnehage langs veg utan gang- og sykkelveg. Ligg nært knytt til skiløype, alpin- og akebakke.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Etablert privat veg inn i området frå fv. 2930. Ca. 200 m. til off. transport. Fylkesvegen er «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar.
Teknisk infrastruktur		Off. avløp per i dag og i praksis er det kapasitet, men ikkje dersom eksisterande tomter blir utbygd. Privat vatn.
Folkehelse og nærmiljø		Ein må ta omsyn til skiløypa, og evt. finne ein alternativ trasé for den. Tiltaket ligg elles tilknytt eit gardstun med kort veg til natur og friluftsområde.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Rådmannen vil ikkje tilrå at innspel B21 takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035. Dei to foreslegne bustadtomtene kjem i strid med landbruksinteresser då dei ligg i tilknytning til eit gardstun, noko som vil kunne øydelegge for evt. framtidig drift av garden.

Den foreslegne tomte vest for gardstunet ligg også svært nærme ljos-/skiløypa som går frå Skarslia og ned til Vatsfjorden, det vil vere svært uheldig å forringe denne skiløypa.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Bustadføremål: B30		
<b>Gnr/bnr:</b> 59/1	<b>Storleik:</b> Ca. 2 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Journalpost 86 i Elements sak 2021/4111	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF - 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Dyrka jord	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å sette av areal til eitt eller fleire leilegheitsbygg til bustadføremål, med moglegheit for hagebruk eller etablering av andelshage i nærleiken av leilegheitene.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg aust for Leveld kyrkje, på oppsida av den nye gangvegen i Leveld. Arealet er bratt og vil kunne krevje trapping av bygget/bygga. Arealet har solgang året rundt, med gang- og sykkelveg til barnehage/skule og matbutikk.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Dyrka jord på heile arealet.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal inkluderast i detaljreguleringsplanen. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø		Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde. Hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og vertikalt. Landskapstrekket med den karakteristiske tunrekka ligg likevel høgare opp, og tiltaket vil ikkje forringe denne.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Omlag halve arealet ligg innanfor gul støysone til fv. 2930.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for kartlagte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 1 km. Til Nordbygdene barneskule/barnehage langs veg med gang- og sykkelveg. Ca. 1,5 km. Til ljosløype.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Ca. 400 m. til off. transport. Innspelsområdet ligg tett på fylkesveg 2930.
Teknisk infrastruktur		Off. avløp, ikkje vatn.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil spreidd busetnad. Ligg tilknytt natur og friluftsområde.


#### Rådmannen si tilråding:

Initiativtakar har fått innvilga søknad om nydyrking for å kompensere for dyrkamarka som tiltaket legg beslag på (Elements sak nr. 2022/1232). Av den grunn meiner Rådmannen at omsynet til jordvernet er ivareteke.

I kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027, står det at kommunen ynskjer å legge til rette for ulike typar bustader og tomter i grendene, og dette tiltaket med leilegheitsbygg sentralt i Leveld vil tilføre bygda ein ny type bustadform. Sidan Leveld er eit UKL område, er det utfordrande å finne eigna areal til varierte tomter og bustadføremål som ikkje kjem i konflikt med anten omsynssona til landskapet, jordressursar eller aktsemdsområde. Rådmannen tilrår derfor å ta B30 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

#### Politisk handsaming:

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Bustadføremaal: B50		
<b>Gnr/bnr:</b> 13/4, 10/1, 12/1 og 7/13,	<b>Storleik:</b> Ca. 158 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Journalpost 3, Elements sak 2021/4111	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog og eitt eldre masseuttak	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer i samråd med grunneigarane å avsetje areal til bustader.		
<b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet ligg vest for Torpo sentrum, sør for elva Lya. Det er planlagt gang- og sykkelveg som bind området saman med sentrum. Området ligg solrikt med vidsyn mot Torpo.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstlar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya nedre (012-1597-R), som har moderat økologisk potensial, men med redusert miljømål til moderat økologisk potensial.</p> <p>Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett, og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten.</p> <p>Anleggsfasen er unntaket, men avbøtande tiltak skal inkluderast i detaljreguleringsplanen.</p> <p>Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Torpo RA, som har god kapasitet, men som</p>



		skal rehabiliterast på sikt dersom det blir krav om sekundærreinsing. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant. Innspeksområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Lya.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Området ligg ikkje lagt frå til Torpo Næringspark m/knuseverk og Torpo skytebane. Det bør utførast støymålingar ved ein eventuell detaljregulering av området.
Samfunnstryggleik		Eit mindre areal i aust ligg innanfor omsynssoona for høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Eitt viktig friluftslivsområde «Buldrefelt Lya» ligg innanfor avsett areal, men klatreklubben informerer om at tiltaket ikkje kjem i konflikt med den faktiske avgrensinga av buldrefeltet. I det vestlege området er det registrert nærturterreng; Liagardane- Oppheim med umerka turstigar, men bruken er usikker og tiltaket påverkar ikkje stigane.
Barn og unge		Ca. 2,5 - 3,0 km til Torpo skule/barnehage, per i dag er det ingen gang- og sykkelveg, men den er ferdigregulert. Delar av vegen går igjennom Torpo Næringspark med anleggstrafikk.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Frå fv. 2928 går det ein skogsbilveg (vegklasse 7) til- og igjennom området. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen. Ca. 900 m. til off. transport langs veg utan gang og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag, men det er under planlegging. Eit framtidig høgdebasseng ligg i avsett område, og vil gjere at VA vert ført fram til området. Det må stillast krav om off. VA.
Folkehelse og nærmiljø		Det ligg tilknytt friluftsliv- og rekreasjonsområde.

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Området er godt eigna for bustader med større tomter, med moglegheit for å kople seg til offentleg


vatn- og avløp. Når gang- og sykkelvegen frå Torpo næringspark til Torpo Stavkyrkje er ferdig bygd, vil barn i området ha trafikksikker skuleveg til Torpo Skule.

Det bør under planarbeidet vurderast om det skal vere krav om felles plan for dette området for å få mest mogleg ut av arealet som blir avsett.

Rådmannen tilrår å ta B50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å endre arealføremål frå spreidd bustad (LSB50) til bustad (B50), samt at det blir sett av ein ny vegtilkomst til området.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Bustadføremaal: B51		
<b>Gnr/bnr:</b> 9/45 og 9/17	<b>Storleik:</b> ca. 3 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Eit resultat frå Grendemøtet om å sette av arealet til bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg i nærleiken av eksisterande bustadfelt, barnehage, skule og idrettsanlegg. Det er foreslått gang- og sykkelveg forbi tiltaket i rulleringa av arealdelen.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERD
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147 – R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Torpo RA, som har god kapasitet, men som skal rehabiliterast på sikt dersom det blir krav om sekundærreinsing. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>

		Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Sørlege del av arealet er innanfor raud støysone frå Rv. 7, heile området er innanfor gul. Det kan komme lukt frå reinseanlegget like aust for området i periodar.
Samfunnstryggleik		Halve området, ned mot rv. 7, er innanfor aktsemdsområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. Til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Kort veg ned til Hallingdalselva, og idrettsplassen Bakketun.
Barn og unge		Ca. 500 m. på tur-/snarveg til idrettsplassen; Bakketun, som er mykje i bruk. Ca. 600 m. til Torpo skule/ barnehage. Det er planlagt gang- og sykkelveg forbi området.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Ca. 200 m. til offentleg transport, men det er ikkje gangveg heile vegen per i dag. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen.
Teknisk infrastruktur		Off. VA.
Folkehelse og nærmiljø		Ligg inntil eksisterande busetnad. Kort veg til friluftsområdet på Bakketun.


#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**










Arealet ligg i tilknytning til eksisterande bustader og er eigna som ein bustadtomt. Området ligg i raud og gul støysone og sørlege del av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.

Rådmannen tilrår at eit justert område av innspel B51, som ligg utanfor raud støysone og aktsemdsområde for flaum, blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.

RULLERING AV AREALDELEN FOR ÅL 2021		
Bustadføremaal: B52 Sireåne		
<b>Gnr/bnr:</b> Del av 4/41, 4/91, 4/46 og 4/101	<b>Storleik:</b> ca. 44 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 31	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite og skog.	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Torpo Vel og Ål kommune ynskjer eit attraktivt bustadområde på Torpo, og har derfor sett av dette innspelsområdet. Arealet som tidlegare var regulert til bustadføremaal, er no foreslått endra til idretts- og fritidsføremaal (IDR51). Sireåne bustadfelt ligg solrikt og inntil teknisk infrastruktur.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Sireåne bustadfelt ligg i nærleiken av eksisterande bustadfelt, skule/barnehage, hestesenter og idrettsanlegg. Det er allereie etablert gang- og sykkelveg fram til avsett område.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERD
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 1,7 daa innmarksbeite, resten skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Sireåne nedstrøms utløp kraftverk (012-3250-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal inkluderast i detaljreguleringsplanen. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Torpo RA, som har god kapasitet, men som skal rehabiliterast


		på sikt dersom det blir krav om sekundærreinsing. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant. Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Sireåne.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne		Askeladden viser treff på to automatisk freda kulturminne: To kolgroper, begge frå yngre jernalder- middelalder. Det ligg også nyare tids kulturminne av røyser og steinstringar i innspelsområdet.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Om lag halve området i avsett areal, rundt elva Sireåne, ligg innanfor aktsemdsona for flaum, og for jord- og flaumskred. Flaum i Sireåne kan føre til erosjon i elvekantane.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går turstigar gjennom området som det må takast omsyn til.
Barn og unge		Sireåne renn igjennom feltet, og området må sikrast slik at det blir trygt for barn og unge.  Ca. 500 m. på stig til idrettsanlegget på Bakketun med mellom anna fotballbane og skiløype. Nærleik til hestesenter. Det er ca. 1,5 km. langs gang- og sykkelveg til Torpo barneskule/ barnehage.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tilkomst frå fv. 2926. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen.  Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag.
Teknisk infrastruktur		Off. VA inntil området.
Folkehelse og nærmiljø		Det er stigar og gangvegar i området til skule, idrettsplass og ut i naturen.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området er godt eigna som eit nytt bustadfelt på Torpo. Området kan koplatt til offentleg VA og det er gang- og sykkelveg heilt til Torpo Skule. Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum (Sireåni), og jord- og flaumskred. Og det vil vere krav om farekartlegging ved ei evt. detaljregulering.

Rådmannen tilrår å ta B52 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035 med krav om felles plan og farekartlegging av området.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Bustadføremål: B53		
<b>Gnr/bnr:</b> 3/17, 3/19, 3/10, 3/32, 3/24, 3/64 og 3/65	<b>Storleik:</b> Ca.10,6 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 30	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender, off./privat tenesteyting	<b>Dagens bruk:</b> Bustader	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Torpo Vel har komme med innspel om å sette av arealet til bustader.		
<b>Skildring av området:</b> Bustadene ligg nordaust for skulen, over svingen. Området ligg bratt til, men det er flott utsikt og solrikt.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbase kart viser observasjon av m.a. granmeis (VU) i nærleiken av området.
Naturressursar (jord/skog)		Skog
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Skaraåsen bekkefelt (012-2419-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket er i praksis omregulering av eksisterande bygg. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Torpo RA, som har god kapasitet, men som skal rehabiliterast på sikt dersom det blir krav om sekundærreinsing.



		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø		Området består av bustader og endring av arealføremål vil ikkje endre landskapsbilete.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Nordvestlege delen av arealet ligg innanfor gul støysone.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil ikkje føre til klimagassutslepp viss det berre er endring av arealføremål.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ikkje relevant.
Barn og unge		Ca. 3 - 3,5 km. til Torpo skule/barnehage. Trafikkert skuleveg (hytteveg til Syningen) utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,5 km til Bakketun idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Arealet har etablert avkøyring frå fv. 2926, med privat veg inn i området.  Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen, men tiltaket er allereie etablert, så det er berre endring av arealføremål.  Anleggstrafikk og hyttetraffic opp mot Syningen hytteområde.  Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag.
Teknisk infrastruktur		Off. VA inn i området med internt leidningsnett for vatn og avløp. To av husa lengst aust har privat vatn. Privat høgdebasseng.
Folkehelse og nærmiljø		Innspelsområdet ligg i eit område med spreidd busetnad.

**RÅDMANN SI TILRÅDING:**


Delar av området har vore avsett til offentleg/privat tenesteyting i samband med Lien landbruksskule (Viken FK), skulen er no lagt ned og det er no eit ønske om å sette av området i samsvar med den faktiske bruken som er bustader.

Rådmannen tilrår å ta innspel B53 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

# Konsekvensutgreiing av nye område for næringsverksemd

NÆ30 - Leveld

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023 – 2035		
Næringsføremål: NÆ30		
<b>Gnr/bnr:</b> 70/6	<b>Storleik:</b> ca. 4,6 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte/dispensasjon	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar har tidlegare søkt om å dele frå dette arealet til næringsføremål, og dispensasjonssøknaden er allereie innvilga (Elements sak 2021/3440).</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg inntil Nordbyggdvegen, rett vest for Leveld Kunstnartun. Arealet består av skog.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,8 daa innmarksbeite (fordelt på to flekkar) resten skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak. Miljømålet er ikkje oppnådd i dag, men tiltaket vil ikkje påverke


		<p>dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad av vassførekomsten.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde. Hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og vertikalt. I dispensasjonssaka er det lagt føringar for å ivareta dette.</p>
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Nordlege delen mot fylkesvegen ligg innafør gul støysone.
Samfunnstryggleik		Heile området ligg innanfor aktsemdområde for flaum, og delar ligg innanfor aktsemdsona for høgspenningsanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Tiltaket vil krevje ny avkøyring frå fv. 2930. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv. 7 via kryss i Gullhagen.</p> <p>Ca. 400 m. til off. transport langs fylkesveg utan gang- og sykkelveg.</p>
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. avløp per i dag, men vil få krav om påkopling.
Folkehelse og nærmiljø		Næringa kan ha negativ konsekvens. Tiltak som skjermar for innsyn og støy frå lys- og lyd kjelder bør etablerast.

**RÅDMANN SI TILRÅDING:**

Heile området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, og delar ligg innanfor omsynssone høgspenningsanlegg. Det har allereie blitt gitt dispensasjon til føremålet, slik at å avsette arealet i arealdelen av kommuneplanen er ei rein oppfølging av vedtak som er gjort i Elements sak 2021/3440.

Rådmannen tilrår å ta innspel NÆ30 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Næringsføremål: NÆ31		
<b>Gnr/bnr:</b> 58/15	<b>Storleik:</b> Ca. 3,8 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte	<b>Ønske om bruk:</b> Næringsverksemd	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Eit resultat frå Grendemøte, der ein ynskjer å avsette areal for ein evt. utviding av lokalbutikken.		
<b>Skildring av området:</b> Avsett areal ligg inntil eksisterande næringsverksemd, Snarkjøp Samhald, og langsetter elva Votna. Innspelsområdet ligg i ytterkanten av omsynssoa til UKL i Leveld.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant. Innspelsområdet ligg innanfor 100-meters beltet til Votna.</p>
Landskap og kulturmiljø		Arealet ligg innanfor omsynssoa til UKL landskapsområdet Leveld, kor hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og


		vertikalt. Likevel ligg tiltaket lågt på sørsida av Nordbygdvegen, i ytterkant av omsynssona, og tiltaket vil derfor ikkje komme i konflikt med den.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Ein mindre del av arealet ligg innanfor aktsemdområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ligg inntil fv. 2930, Nordbygdvegen, og vil nytte etablert avkøyring. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv. 7 via kryss i Gullhagen. Gang- og sykkelveg nordover.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil truleg ikkje forringe bruken av området.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området er eigna som ei utviding av det eksisterande næringsområde, det vil vere krav for farekartlegging av flaum ved gjennomføring av nye tiltak i området.

Rådmannen tilrår å ta NÆ31 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Næringsareal: NÆ50		
<b>Gnr/bnr:</b> 4/80, 4/92, 4/54, 4/43	<b>Storleik:</b> 61,5 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 32	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Torpo Vel har komme med innspel om nytt næringsareal aust for Torpo Gjestegård, Busemoen. Delar av området har i ein eldre kommuneplan vore avsett til travbane.</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området ligg sør for- og langs rv.7, rett aust for Torpo Gjestegård og består hovudsakleg av skog.</p>		
TEMA	KONSEKVENSAR	SKILDRING OG AVGJERD
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går to vilttrekk gjennom området, som er mykje brukt. Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 1,6 daa av arealet er fulldyrka jord, og ca. 3 daa er dyrkbar jord. Skog.
Mineralressursar		Ca. 17,5 daa av arealet er registrert med grusressursar, førekomstområde «Slåtten»: 0619-008, med mektigheit på 3,0 m. Grusdatabasen frå NGU viser at dette er ein grov avsetting med mykje blokk i overflata, og vil derfor ikkje vere aktuell for uttak <a href="https://www.ngu.no/">Norges geologiske undersøkinge (ngu.no)</a> .
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Skaraåsen bekkefelt (012-2419-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett godkjent VA plan, og det vurderast til at det ikkje vil vere vesentleg påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal

		inkluderast i detaljreguleringsplanen. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant. Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Støysone raud/gul ned mot rv. 7.  Kan komme lukt frå deponiet «Hagaskogen slamlagune, ID2475».  Deponiet «Slåtto sag og høvleri – flisfylling, ID 2476» med påverknadsgrad 1: Lite eller ikkje forureina, ligg innanfor arealet.
Samfunnstryggleik		Om lag halve arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Arealet ligg i eit utmarksområde (Trillhus-Uren-Lien), men ingen kjent bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil krevje ny direkte avkøyring frå rv.7. Ei eventuell avkøyring og kryssutforming her må avklarast i ein detaljreguleringsplan.  Ca. 420 m. utan gangveg til offentleg transport.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg VA. Torpo Gjestegård har eget avløpsanlegg med infiltrasjonsområde innafør avsett areal. Mogleg med privat VA.
Folkehelse og nærmiljø	-	Ikkje relevant

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Eit relativt flatt område som vil vere godt eigna som eit nytt næringsområde. Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum slik at det vil vere krav om farekartlegging ved detaljregulering av området.

Det går vilttrekk igjennom området, men dette kan langt på veg ivaretakast ved å bevare mest mogleg skog vest i området ved ei evt. utbygging/detaljregulering.

Rådmannen tilrår å ta innspel NÆ50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## NÆ51- Torpo

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Næringsareal: NÆ51		
<b>Gnr/bnr:</b> 7/13, 10/57, 10/76, 7/124, 9/1 og 9/58	<b>Storleik:</b> ca. 56 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Har komme inn etter innspelsfristen.	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedtekte arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Øygard AS ynskjer å omregulere eit areal avsett til landbruksføremål i områderegeringsplanen Torpo industriområde og masseuttak, planID 2009006, til næringsføremål.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet er avsett til LNF i gjeldande plan for området, og ligg mellom eksisterande skytebane og industriområde. Området består av skog og høgspentanlegg-som er lagt i bakken.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERD
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar. Det går eit vilttråkk lengre vest for arealet, vest for skytebanen.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar		Om lag heile arealet ligg innanfor «ressursområde» for puk, med id: 0619-504, men er ikkje kartlagd, og råstoffbetydningen er ikkje vurdert per 19.01.23. Tiltaket vil kunne nytte seg av ressursane i området.



Vassmiljø			<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje vil vere nokon vesentleg påverknad på vassførekomsten.</p> <p>Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.</p>
Landskap og kulturmiljø			<p>Dei tilgrensa områda er allereie sterkt prega av eksisterande næring med masseuttak/knuseverk, samt skytebane. Ei utviding av området tilseier likevel at landskapet vil bli ytterlegare endra, og både nær- og fjernverknaden vil bli større enn den er i dag.</p>
Kulturminne		-	<p>Ingen registrerte kulturminne innanfor området.</p>
Forureining til luft og grunn			<p>Sørlege del av området ligg innanfor gul støysone frå rv. 7, men sidan tiltaket i seg sjølv vil generer støy, vil dette ikkje gi nokon negativ verknad på tiltaket.</p>
Samfunnstryggleik			<p>Det ligg høgspantanlegg nedgravd i bakken gjennom området. Langs den vestlege delen av innspelsområdet ligg Torpo skytebane med omsynssone.</p> <p>Ein liten del av arealet grensar til Hafslund ECO sin vasstunnell, som det er svært viktig at det blir tatt omsyn til.</p>
Klima			<p>Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring/industri.</p>
<b>SAMFUNN</b>			
Friluftsliv og rekreasjon			<p>Innspelsområdet ligg innanfor eit registrert viktig friluftslivsområde: Storesteinområdet, men som har ein usikker avgrensing. Innspelsarealet er ikkje naturleg å nytte som rekreasjonsområdet, då det ligg lokalisert mellom ein skytebane og eit pukkverk.</p>
Barn og unge		-	<p>Ikkje relevant.</p>
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik			<p>Ligg tilknytt off. veg. Trafikk frå området vil hovudsakleg nytte seg av den vestre avkøyringa frå rv. 7 til Torpovegen, fv. 2928.</p>

		Det ligg gangveg vestover, samt at gangveg austover mot Torpo er ferdig regulert. Fram til denne er ferdig, er det ca. 600 m utan gang- og sykkelveg til off. transport.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag. VA blir etablert i rimeleg avstand til området ila 2024. Her vil det bli krav om tilkopling til kommunalt VA.
Folkehelse og nærmiljø	-	Ikkje relevant.


**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:** Tiltaket vil kunne gi negativ fjern- og nærverknad. Likevel ligg området innanfor «ressursområde» for pukk, og er ein ressurs som med tiltaket kan nyttast. Ei endring av arealføremål, av eit område som ligg mellom to større eksisterande næringsareal, med allereie støyande verksemd og etablert infrastruktur, kan derfor vere føremålstenleg.

Omsynssone skytebane, omsynssone høgspentanlegg og omsynssone vasstunnel må bli ivareteke og ytterlegare vurdert i ein reguleringsplanprosess.

Rådmannen tilrår å ta innspel NÆ51 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 11.04.2023, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

NÆ 52 – Torpo Industriområde

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Næringsføremål: NÆ52		
<b>Gnr/bnr:</b> 9/58, 9/59, 10/25 og 7/124	<b>Storleik:</b> ca. 44,9 daa	
<b>Innspel nr.</b> 127	<b>Ønske om bruk:</b> Næring/industri	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Øygaard AS i Torpo Industriområde ynskjer å sette av området til næring/industriområde. Dei vil sjå dette arealet i samanheng med etterbruken av dagens område for råstoffutvinning, som vil bidra til ein betre arrondering og utnytting av området til industritomt i framtida.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området består av skog, og ligg mellom rv. 7 og masseuttak for råstoffutvinning.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk heilt aust i innspelsområdet. Elles ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog, og ca. 0,4 daa fulldyrka jord. Ca. 0,26 daa dyrkbar jord.
Mineralressursar		Om lag heile arealet ligg innanfor «ressursområde» for pukk, med id: 0619-504, men er ikkje kartlagd i detalj. Tiltaket vil kunne nytte seg av ressursane i området.
Vassressursar		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett godkjent VA plan og vil bli tilknytt offentleg avløp. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø		På nordsida av innspelsområdet er landskapet sterkt prega av etablert masseuttak. Ei ytterlegare utviding av området vil gi større nær- og fjernverknad med støy og innsyn frå riksvegen og bustadene i Kringlevegen.
Kulturminne		Askeladden.no viser treff på eitt kulturminne: Husmannsplassen Nyhus (ikkje automatisk freda).
Forureining til luft og grunn		Sørlegaste del av arealet ligg innanfor raud støysone til rv. 7, resten ligg innanfor gul støysone. Dette vil ikkje ha nokon betydning for føremålet.
Samfunnstryggleik og ROS		Det går høgspenningsanlegg og vasstunnel (ECO) gjennom heile arealet. Ikkje innanfor aktsemdområde for flaum eller skred.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealending som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Ein liten del av arealet ligg innanfor Storesteinområdet, men det er usikker avgrensing på dette friluftsområdet. Arealet mellom masseuttaket og riksvegen vil ikkje forringe friluftsliv.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil nytte seg av eksisterande veg.  Trafikk frå området vil hovudsakleg nytte seg av den vestre avkøyninga frå rv. 7 til Torpovegen, fv. 2928.  Ca. 750 m til off. transport langs privat veg/gang - og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Moglegheit for off. VA.
Folkehelse og nærmiljø		Omdisponeringa vil kunne påverke folkehelsa negativt, dersom skogsbeltet mellom Kringlevegen og pukkverket blir borte. Men her kan ein sette inn avbøtande tiltak, som støyvoll.


**Rådmannen si tilråding:** Den vestre delen av området er i eksisterande kommuneplan avsett til råstoffutvinning, og er ikkje regulert i Torpo industriområde og masseuttak, planID 2009006.

Tiltaket vil kunne føre til auka støy i Kringlevegen, og førebyggjande tiltak mot dette må avklarast i ein detaljreguleringsplan.

Innspelsområdet rører også ved høgspenning og vasstunnel, som må bli ivareteke i ein detaljreguleringsplan. Rådmannen tilrår å ta NÆ52 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## NÆ 53 - Torpomoen


AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Næringsføremål: NÆ53		
<b>Gnr/bnr:</b> 12/6	<b>Storleik:</b> Ca. 36,5 daa	
<b>Innspel nr.</b> 166	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å endre arealføremål for mogleg utviding for eksisterande bedrifter i næringsparken på Torpomoen.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg like nord for Torpomoen, og aust for øvingsbanen for Hallingdal Brann og Redning iks, og helikopterlandingsplass for Norsk luftambulans.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Artsdatabanken viser treff av granmeis (VU) like utanfor området, elles ingen utvalde naturtypar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling felles privat avløpsanlegg. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.

Kulturminne		Kulturminnet Skjerping Å167, eit jernvinneanlegg, ligg ca. 100 m søraust for innspelsområdet.
Forureining til luft og grunn		Torpomoen har utsleppsløyve til luft. Hallingdal Brann og Redning iks (HBR) sitt øvingsområde grensar til arealet i vest. Her vil det vere røyk i området når dei brukar røykdykkaranlegget (og trekken går mot innspelsområdet), samt støy frå brannbilar og pumper. Det er parkert miljøsanerte vrakbilar som dei øver på, noko som kan opplevast skjemmande. Øvingsområdet blir brukt til kurs for andre brannvesen på dagtid, og for eget brannmannskap på kveld/helg.  Norsk luftambulans (NLA) har helikopterlandingsplass nær innspelsområdet.
Samfunnstryggleik og ROS		Ein del av det nordlegaste området ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealending som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Ligg innanfor eit viktig nærturterreng: Storesteinområdet. Det ligg to ferdselsårar i området som må bli ivareteke eller erstatta.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7 til Torpomoen Næringspark Ca. 750 m. til off. transport.
Teknisk infrastruktur		Privat VA, og ingen tilgang til sløkkevatn per i dag.
Folkehelse og nærmiljø		Så lenge ferdselsårane i området blir ivareteke, vil det ikkje forringe folkehelsa.

**Rådmannen si tilråding:** Ved ein detaljregulering av området må dei to ferdselsårane i området bli ivareteke. Areal for ei utviding av Torpomoen kan dekke eit behov i framtida, men den eksisterande drifta av HBR, samt NLA, kan skape konflikt for enkelte typar verksemdar. Dette må avklarast i ein detaljreguleringsplan.

Delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Rådmannen tilrår derfor å justere NÆ53 for å unngå aktsemdsona, for deretter å ta innspelsområdet inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023, å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Spreidd næringsføremål: NÆ54		
<b>Gnr/brnr:</b> 22/78	<b>Storleik:</b> Ca. 9,2 daa	
<b>Innspel nr.</b> 158	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF 3 – grender	<b>Dagens bruk:</b> Impediment/lager/verkstad	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Området vart frådelt g/br.nr 22/5 til næringsareal i eit administrativt vedtak, sjå sak 2023/834. I tråd med administrasjonens tilråding har grunneigar spelt inn området, slik at det får riktig arealføremål i kommuneplanen.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området er i bruk av entreprenørfirmaet Hefte Maskin AS, og består av impediment. Det er planert, mura opp og nytta som oppstillingsplass/lager. Området er avgrensa med veg på tre kantar, med ein frittstående gjødselstank mot dyrkamarka på nordsida.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)	-	Ingen.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya inntak dam Lya kraftverk (012-3153-R), som har godt økologisk potensial. Ved etablering av eit godt infiltrasjonsanlegg vil påverknad til Lya vere svært liten.</p> <p>Tiltaket er allereie etablert, og miljømålet er oppnådd i dag og endringa av arealføremålet vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>


Landskap og kulturmiljø		Arealet er allerede etablert, og endring av arealføremålet vil ikkje påverke landskapet ytterlegare.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Ein mindre del av området ligg innanfor gul støysone til fv. 2928 i aust. Dette vil ikkje ha nokon betydning for føremålet.
Samfunnstryggleik og ROS	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspontanlegg.
Klima		Tiltaket er allerede etablert, og vil ikkje føre til ytterlegare klimagassutslepp viss det berre er endring av arealføremål.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for kartlagte friluftslivsområder.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Offentleg og privat veg. Ca. 150 m til off. transport. Trafikk frå området kjem ned på rv.7 anten frå Torpovegen i aust eller i vest.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA, og heller ikkje planar om det.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket er allerede etablert, og ligg avgrensa med vegar på tre kantar. Omdisponeringa vil ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

**Rådmannen si tilråding:** Tiltaket er allerede etablert, og Rådmannen tilrår å ta innspelsområde NÆ54 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, for å få rett arealføremål på området.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.



NÆ01 og NÆ04 - Kleivi

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Næringsføremål: NÆ01 og NÆ04		
<b>Gnr/bnr:</b> 126/10, 126/4, 127/17, 127/23, 127/24, 125/8, 125/3, 126/1, 127/19, 104/3, 127/3, 127/14, 127/15, 127/48 og 128/10.	<b>Storleik:</b> Ca. 974 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 17	<b>Ønske om bruk:</b> Næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF og LNF- 3 grender i aust.	<b>Dagens bruk:</b> Skog og veg	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Initiativtakar v/ entreprenør Bjella og Medgard AS, ynskjer utviding av Kleivi næringspark med moglegheit for sidespor til jernbane for lasting av søppel, plastrøyr og pukk.</p> <p><b>Skildring av området:</b> Området strekk seg over eit stort areal, og består hovudsakleg av skog. Arealet ligg i ei forlenging til allereie eksisterande industri/næring i Kleivi næringspark. Langs vestlege avgrensing går kommunegrensa til Hol, i sør til jernbanen og i nord til Strandafjorden og Holselva. Innspelsområdet ligg i delvis bratt terreng, og mykje av området mot vest ligg innanfor aktsemdsområde for skred og flaum. Det går også fleire høgspenningsanlegg gjennom arealet.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDING OG AVGJERD
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Artsdatabanken viser observasjonar av m.a. grøn fink (VU), grænneis (VU) og hønehaug (VU) i innspelsområdet. Det er fleire observasjonar nærmare Hallingdalselva, og færre sørover mot jernbanelinja. Det går to vilttrekk innanfor arealet.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 8,5 daa dyrkbar jord i NÆ01, elles skog. Eit mindre areal skog med høg bonitet (AR5), resten har middels/låg.
Mineralressursar		Registrert eit steintipputtak (tunnellmasser); «Sangelitippen 2» innanfor areal NÆ01, men det blir ikkje henta ut masser her lenger.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Strandafjorden bekkefelt (012-2217-R), og Sangefjell

		<p>bekkefelt (012-2216-R), som begge har god økologisk tilstand, men Strandafjorden har dårleg kjemisk tilstand. Tiltaket forutsett godkjent VA plan og vil bli tilknytt offentleg avløp. Tiltaket vil ha ein langvarig anleggsfase med sannsynleg avrenning frå sprengmassar, det må gjerast ein grundig utgreiing av avbøtande tiltak i reguleringsplanen. Miljømålet for økologi er oppnådd i dag, men er avhengig av gode, avbøtande tiltak for å oppretthalde dette. Reguleringsplanen må også ta omsyn til den kjemiske tilstanden i vassførekomsten.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>I Kleivi Næringspark er allereie landskapsbilete sterkt prega av eksisterande industri/næring, men utviding av næringsområde så høgt opp i lia tilseier at landskapet vil bli ytterlegare endra. Dette vil gi fjernverknad både for fastbuande på andre sida av dalen og forbi passerande.</p>
Kulturminne		<p>Askeladden.no viser eitt automatisk freda kulturminne i det austlege området: Kolgrop frå yngre jernalder - middelalder.</p>
Forureining til luft og grunn		<p>Det ligg to deponi i innspelsområdet:  I NÆ01 ligg Kleivi fyllplass, med påverknadsgrad 2: Akseptabel forureining med dagens areal- og resipientbruk, og eit i NÆ04; «Kleivi 2474» som har påverknadsgrad X: Mistanke/lite informasjon om forureining eller deponering av avfall.  (<a href="http://Grunnforurensning(miljodirektoratet.no)">Grunnforurensning (miljodirektoratet.no)</a>)  Området NÆ04 grensar mot «Breie fyllplass 2487» med påverknadsgrad 2.</p> <p>Tiltaket vil medføre støy, men utbyggingsområdet, som vil bli ei utviding av Kleivi næringspark, har allereie støyande verksemd. I så måte kan det vere føremålstenleg å samle ytterlegare støyande verksemd på same stad. Sørlege delen av området ligg innafor gul støysone frå toglinja.</p>
Samfunnstryggleik		<p>Arealet mot vest: Om lag heile området er innanfor aktsemdsområde for jord- og</p>

		<p>flaumskred, og eit mindre areal er innanfor aktsemdsona for snøskred.</p> <p>Det renn feire vassvegar inn i området med aktsemdssoner, samt at området som grenser ned mot Holselva, er så vidt innanfor aktsemdsona for flaum.</p> <p>Gjennom store delar av området er det omsynssone for høgspentanlegg.</p> <p><u>Arealet mot aust:</u> Det renn fleire vassvegar inn i området med aktsemdssoner. Ei smal aktsemdssone for flaum langs Holselva/Hallingdalselva.</p> <p>Det går ei omsynssone for høgspentanlegg gjennom arealet.</p>
Klima		Tiltaket vil gi ei arealending som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring/industri.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Austlege delen: Arealet ligg i eit kartlagt friluftslivsområde; nærturterreng «Strandalii-Strandafjorden». Bruken føregår mest på Tiltaksvegen, både sumar og vinter, og det er derfor viktig at den blir tatt omsyn til. Delar av området ligg i strandsona.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7. Men med utviding i Kleivi, vil det føre til større belastning på den etablerte avkøyringa. Dette blir ivareteke ved å vidareføre rekkefølgekav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.</p> <p>Hytteveg, Sangefjellvegen, går igjennom delar av området.</p> <p>Det er planlagt to turstigar i området; «Strandafjorden rundt» og ein langs «Breieslåtta».</p>
Teknisk infrastruktur		Off. VA i det allereie eksisterande næringsområde.
Folkehelse og nærmiljø		Arealet ligg inntil allereie eksisterande næringsområde. Omdisponeringa vil ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Innspelet omhandlar store areal og ligg innafor eit område med høgspenningsanlegg og fleire høgspenkablar, spesielt i vest. Vidare er store delar av det vestlege området innafor aktsemdsona

for jord- og flaumskred, og med flaumsonar frå fleire vassdrag. Rådmann vil derfor ikkje tilrå at NÆ01 blir tatt med i det vidare planarbeidet.

Rådmannen tilrå at området NÆ04 blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, med krav om felles plan og farekartlegging i samband med detaljregulering.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ikkje leggje innspelsområdet NÆ01 inn i planforslaget, medan innspelsområdet NÆ04 blir lagt inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023 – 2035		
Næringsføremål: NÆ02		
Gnr/bnr: 125/8	Storleik: Ca. 113 daa	
Innspel nr. : Journalpost 2021/4111-74	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF	Dagens bruk: Skog	
Kartbilette:		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer utviding og utvikling av Kleivi næringspark som nærings- og industriområde. Vil planere arealet og leggje til rette for etablering av tomteareal til næring/industri.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg i forlenging av Kleivi Næringspark, og består i dag av skog. Området grenser mot Bergensbanen i sør og høgspentanlegg i nord.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Sangefjell bekkefelt (012-2216-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett godkjent VA plan og vil bli tilknytt offentlig avløp. Tiltaket vil ha ein langvarig anleggsfase med sannsynleg avrenning frå sprengmassar, det må gjerast ein grundig utgreiing av avbøtande tiltak i reguleringsplanen.

		<p>Miljømålet for økologi er oppnådd i dag, men er avhengig av gode, avbøtende tiltak for å oppretthalde dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>I Kleivi Næringspark er allereie landskapsbilete sterkt prega av eksisterande industri/næring, men utviding av næringsområde så høgt opp i lia tilseier at landskapet vil bli ytterlegare endra. Dette vil gi fjernverknad både for fastbuande på andre sida av dalen og forbipasserande.</p>
Kulturminne	-	<p>Ingen registrerte kulturminne innanfor området.</p>
Forureining til luft og grunn		<p>Tiltaket vil medføre støy, men utbyggingsområdet, som vil bli ei utviding av Kleivi næringspark, har allereie støyande verksemd. I så måte kan det vere føremålstenleg å samle ytterlegare støyande verksemd her. Sørlege delen av området ligg innafor gul støysone frå toglinja.</p>
Samfunnstryggleik		<p>Store delar av arealet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred.</p> <p>Det renn to elvar med flaumsoner gjennom området.</p> <p>Delar av område ligg innafor faresona for høgspantanlegg.</p>
Klima		<p>Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring/industri.</p>
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	<p>Arealet ligg i eit kartlagt friluftslivsområde, nærturterreng «Kleivi-Sangeli», men ingen kjente stigar eller bruk av området til friluftslivsføremål.</p>
Barn og unge	-	<p>Ikkje relevant.</p>
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Tiltaket vil krevje ny etablering av veg.</p> <p>Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7. Men med utviding i Kleivi, vil det føre til større belastning på den etablerte avkøyringa. Dette blir ivareteke ved å vidareføre rekkefølgjekrav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.</p>

Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag, men det er under etablering og vil ferdigstillast årsskiftet 2022/2023.
Folkehelse og nærmiljø		Omdisponeringa vil ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Store deler av området ligg innanfor aktsemdsområde flaum, jord- og flaumskred og omsynssone høgspenningsanlegg. Området vil likevel vere godt eigna som ei utviding av Kleivi næringspark og Rådmannen vil derfor tilrå av NÆ02 blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, med krav farekartlegging i samband med detaljregulering.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023 – 2035		
Næringsføremål: NÆ03		
Gnr/bnr: 125/3	Storleik: ca. 157 daa	
Innspel nr. : 15	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF-3 grender	Dagens bruk: Skog og veg	
Kartbilete:		
<p><b>Innspel:</b> Øygard AS og grunneigarar ynskjer utbygging og utviding av Kleivi næringspark. Det er tenkt å bruke noko av arealet til mellomlagring av masser frå Hol pukkverk. Tiltaket omfattar også omlegging av Sangefjellvegen.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg i ei austleg forlenging av Kleivi Næringspark, og består av skog og open fastmark. Langs sørleg avgrensing går det høgspentanlegg, og i nord avgrensast området av Strandafjorden. Sangefjellvegen, som er tilkomstveg til hytteområde, og Tiltaksvegen går igjennom området, samt to kraftlinjer. I aust ligg Breie deponi.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk gjennom området. Naturbasekart viser observasjon av grøn fink (VU) innanfor området.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Strandafjorden bekkefelt (012-2217-R), og Sangefjell bekkefelt (012-2216-R), som begge har god økologisk tilstand, men Strandafjorden har dårleg kjemisk tilstand. Tiltaket forutsett godkjent VA plan og vil bli tilknytt offentleg avløp. Tiltaket vil ha ein



		<p>langvarig anleggsfase med sannsynleg avrenning frå sprengmassar, det må gjerast ein grundig utgreiing av avbøtande tiltak i reguleringsplanen. Miljømålet for økologi er oppnådd i dag, men er avhengig av gode, avbøtande tiltak for å oppretthalde dette. Reguleringsplanen må også ta omsyn til den kjemiske tilstanden i vassførekomsten.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>Per definisjon er det ikkje noko kulturmiljø innanfor innspelsområdet, men ein lokalitet med fire automatisk freda kulturminne.</p> <p>I Kleivi Næringspark er allereie landskapsbilete sterkt prega av eksisterande industri/næring, men utviding av næringsområde tilseier at landskapet vil bli ytterlegare endra. Derfor vil fjernverknaden samla sett kunne bli større enn den er i dag.</p>
Kulturminne		<p>Askeladden.no viser fire automatisk freda kulturminne i området: Alle kolgroper frå yngre jernalder - middelalder.</p>
Forureining til luft og grunn		<p>Ein liten del av de sørlege området ligg delvis innafor gul støyzone frå toglinja, men tiltaket vil i seg sjølv generere støy. Ein fritidsbustad nord for området vil kunne vere utsatt for evt. støy.</p>
Samfunnstryggleik		<p>Det renn tre bekkar med flaumsoner gjennom området. Omsynssone for høgspentanlegg går igjennom området.</p>
Klima		<p>Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring/industri.</p>
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		<p>Austlege delen: Arealet ligg i eit kartlagt friluftslivsområde; nærturterreng «Strandalii-Strandafjorden». Bruken føregår mest på Tiltaksvegen, både sumar og vinter, og det er derfor viktig at den blir tatt omsyn til. Delar av området ligg i strandsona.</p>
Barn og unge	-	Ikke relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Tiltaksvegen og Sangefjellvegen går langs/igjennom området.</p> <p>Det må takast omsyn til mjuke trafikantar ved eventuell etablering av tiltaket.</p>

		Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7. Men med utviding i Kleivi, vil det føre til større belastning på den etablerte avkøyringa. Dette blir ivareteke ved å vidareføre rekkefølgekav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag, men det ligg slik til at det er enkelt å etablere. Det vil derfor vere eit krav om off. VA her.
Folkehelse og nærmiljø		Dersom tiltaket sikrar mjuke trafikantar, vil omdisponeringa ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.


**RÅDMANN SI TILRÅDING:**

Det føreslegne området vil bli ei utviding av Kleivi Næringspark. Området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.

Den tenkte bruken av området vil kunne medføre støy, men Kleivi næringspark består allereie i dag av støyande verksemd. I så måte kan det vere føremålstenleg å samle ytterlegare støyande verksemd på same stad, i god avstand til andre føremål som er mindre foreinleg med denne type næringsverksemd.

Rådmannen vil derfor tilrå av NÆ03 blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, med krav om felles plan med område NÆ05 og farekartlegging i samband med detaljregulering.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Næringsføremål: NÆ05		
Gnr/bnr: 125/8	Storleik: ca. 3.4 daa	
Innspel nr. : 14	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF – 3 grender	Dagens bruk: Skog	
Kartbilette:		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer utviding og utvikling av Kleivi næringspark. Arealet grensar mot næringsareal i vest, og sidan det er innspel om vidare utvikling av næringsareal mot aust, ynskjer initiativtakar at området blir omgjort til næring.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Område ligg inntil Kleivi Næringspark, og består av skog.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit viltråkk langs grensa til arealet i aust.
Naturressursar (jord/skog)		Skog
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Sangefjell bekkefelt (012-2216-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett godkjent VA plan og vil bli tilknytt offentleg avløp. Området er klargjort for bygg i dag.  Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø		Innspelsområdet i aust er omkransa av næring, slik at tiltaket ikkje vil gi ytterlegare fjern- eller nærverknad.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Ligg innanfor aktsemdssona for flaum.


Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber noko tap av naturressursar, samt etablering av næring/industri.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Arealet ligg i eit kartlagt friluftslivsområde; nærturterreng «Strandalii-Strandafjorden». Bruken føregår mest på Tiltaksvegen, både sumar og vinter, og det er derfor viktig at den blir tatt omsyn til. Delar av området ligg i strandsona.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold		Ligg i vegkryss Sangefjellvegen/Tiltaksvegen i Kleivi næringspark.  Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7. Men med utviding i Kleivi, vil det føre til større belastning på den etablerte avkøyringa. Dette blir ivareteke ved å vidareføre rekkefølgekrav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.
Teknisk infrastruktur		Off. VA
Folkehelse og nærmiljø		Dersom tiltaket sikrar mjuke trafikantar, vil omdisponeringa ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

NÆ05 er eit mindre inneklemt område mellom Kleivi næringspark og område NÆ03. Området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, som må farekartleggjast i samband med detaljregulering av område. Rådmannen ser det som føremålstenleg at NÆ05 detaljregulerast saman med NÆ03.

Rådmannen vil derfor tilrå av NÆ05 blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, med krav om fellesplan med området NÆ03 og farekartlegging i samband med detaljregulering.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

RULLERING AV AREALDELEN FOR ÅL 2021		
Næringsføremål: NÆ06		
Gnr/bnr: 126/50 og 126/42	Storleik: Ca. 1,6 daa	
Innspel nr. : 16	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF	Dagens bruk: Ingen	
Kartbilette:		
		
<p><b>Innspel:</b> Hallingdal Trepellets ynskjer å fylle att eit «hol», som vart grove opp under anleggsperioden på 60-talet, med steinmasse og nytte arealet til tømmerlager. Området er altså ikkje opphavleg naturleg våtmark, men er i dag fylt med vatn.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet er definert som friluftsområde, men ligg «brakk» og inneklemt mellom næring- og industriareal. Arealet består av to mindre dammar, som ikkje heng saman med Strandafjorden. Ein traktorveg/stig som lei ned mot Strandafjorden og eit pumpehus.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILD RING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Artsdatabanken viser observasjon av fuglen hettemåke (CR), og Naturbase viser observasjon av granmeis (VU). Eit viltrekk går i nærleiken av området.
Naturressursar (jord/skog)		Skog og kratt.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		<p>Dette har vore ein kunstig vassførekomst i 60 år. Vassførekomsten er ikkje registrert som eigen vassførekomst i vann-nett. Tiltaket vil medføre utfylling av ca. 10 % av det kunstige våtmarksområdet. Også kunstige vassførekomst skal oppnå miljømål iht vassforskrifta, og dermed blir vurdering etter vassforskrifta § 12 relevant. Tiltaket omfattast av 1.ledd bokstav a; ny endring i dei fysiske eigenskapane i ein overflatevassførekomst, og det vurderast at 2.ledd bokstav b er oppfylt då samfunnsnyttan av dei nye inngrepa er større enn tapet av miljøkvalitet. Det vurderast at denne kunstige dammen har relativt låg verdi, då den ligg inne i eit godt etablert</p>

		industriområde, og utfyllinga utgjer ein mindre del av det samla arealet av dammen/våtmarksområdet. Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Heile arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Arealet ligg i strandsona, men ligg i eit industriområde og har derfor ingen relevans for friluftsliv.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ligg tilknytt etablert veg.  Trafikk frå området vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7. Med utviding i Kleivi, vil det føre til større belastning på den etablerte avkøyninga. Dette blir ivareteke ved å vidareføre rekkefølgekrav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Omdisponeringa vil ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Innspelsområdet er i naturbase ikkje registrert som våtmarksområde. Området heng heller ikkje naturleg saman med Strandafjorden, og «hola» som initiativtakar vil fylle att, vart grove opp under anleggsperioden på 60-talet, og er altså ikkje nokon naturleg dam.

Innspelsområdet ligg inneklemt i eit nærings- og industriområde, som ikkje innbyr til friluftsliv, sjølv om det ligg i eit kartlagt friluftslivsområde.


Rådmannen tilrår å ta innspel NÆ06 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då dette innspelet gir positiv arrondering for Hallingdal Trepellets utan å vere i direkte konflikt med andre omsyn i området.

Heile innspelsområdet ligg innanfor aktsemdsona for flaum, og det vil derfor vere krav om farekartlegging av området ved nye tiltak i området.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.



AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023 – 2035		
Næringsføremål: NÆ07		
Gnr/bnr: 127/47	Storleik: 0,650 daa	
Innspel nr. : 18	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF – 3 grender	Dagens bruk: Skog og dyrka mark	
Kartbilete:		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer området avsett til næring for å bygge ein garasje for lastebilar og anna reiskap. Grunneigar informerer om at han har godkjent avkøyringsløyve frå Rv.7 frå Statens vegvesen.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Arealet består av skog og dyrkamark som nyttast til grasproduksjon. Arealet ligg mellom riksveg 7 og Strandafjorden (kanalen) som skil området frå Kleivi næringspark.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		I nærleiken av innspelsområdet viser Artsdatabanken observasjonar av m.a. svartstrupe (EN), dvergdykker (EN) og tårnseiler (NT). Det går eit vilttrekk rett aust for området.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,175 daa dyrka jord, ca. 0,5 daa dyrkbar jord.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselvi innløp Strandafjorden (012-2049-R), som har moderat økologisk tilstand, som skyldast grunnforureining frå avfallsmottaket i Kleivi. Avbøtande tiltak er satt i verk. Innspelsområdet ligg ikkje tilknytt det forureina området.  Tiltaket forutsett godkjent VA plan dersom dei skal ha innlagt vatn.



		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha påverknad av vassførekomsten. Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.
Landskap og kulturmiljø		Tiltaket ligg tett på Kleivi Næringspark som har eit landskapsbilete sterkt prega av eksisterande industri/næring. Tiltaket vil gli inn som ein del av næringsparken, og det er føremålstenleg å samle slik type næring. Innspelet vil derfor ikkje føre til ytterlegare fjernverknad.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Heile arealet ligg innanfor gul støysone til rv. 7.
Samfunnstryggleik		Heile arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Ein planlagd turveg mellom Breie og Kleivi må bli tatt omsyn til. Tiltaket ligg i strandsona, men tilgangen til kanalen blir ikkje påverka.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Grunneigar informerer om at han har godkjent løyve for avkøyring frå Statens vegvesen, men likevel må det søkast om utvida bruk, frå landbruk til næringsverksemd.  Det må bli tatt omsyn til at mjuke trafikantar vil nytte delar av vegen som turstig.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. avløp, privat anlegg er mogleg.
Folkehelse og nærmiljø		Dersom tiltaket sikrar brukarane av turvegen, vil omdisponeringa ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

### RÅDMANNEN SI TILRÅDING

Innspelsområdet ligg inntil Kleivi næringspark, men på andre sida av kanalen.

Rådmannen finn det føremålstenleg å samle denne type næringsverksemd, då ein allereie finn støy- og plasskrevjande industri i området. Ein garasje for lastebilar her vil ikkje i seg sjølv ytterlegare forringe kvalitetane i området, så lengje ein tek omsyn til at vegen langs kanalen vil bli nytta av mjuke trafikantar når den planlagde turvegen Breie – Kleivi er bygd.

Tiltaket vil leggje beslag på noko dyrka- og dyrkbar jord, og er ikkje å tråd med jordvernet i overordna føringar. Likevel er omfanget avgrensa, så dersom initiativtakar kompenserer for tapt areal meiner Rådmannen omsynet til jordvernet er ivareteke.

Heile innspelsområdet ligg innanfor aktsemdsona for flaum, og det vil derfor vere krav om farekartlegging av området i ein detaljreguleringsplanprosess.


Rådmannen tilrår å ta innspel NÆ07 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då dette innspelet kan bli sett på som ei naturleg utviding av Kleivi Næringspark.

**POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet NÆ07 ut av planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 08.01.2024 i sak 4/2024 å ta innspelsområdet NÆ07 inn igjen i planforslaget.

## Konsekvensutgreiing av nye område for spreidd bustadbygging

LSB10 – Øvre Ål

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spreidde bustader: LSB10		
<b>Gnr/bnr/fnr:</b> 115/30/1 til 115/30/7	<b>Storleik:</b> Ca. 15 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 3	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Området står brakk. Tidlegare revefarm.	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer eit alternativt bustadområde med vekt på berekraft og grønne verdiar, som t.d. økolandsby. Området er ein tidlegare nedlagt pelsdyrfarm.		
<b>Skildring av området:</b> Arealet ligg mellom vegen Kvinnegardslie og elva Kvinda. Området ligg usjenert, vestvendt og relativt sentrumsnært. Innspelsområdet er allereie planert ut i «terrasser», og landskapet opplevast opent.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Kvinda (012-2177-R), som har god økologisk tilstand. Kvinda er ein robust resipient, som har kapasitet til å ta imot spreidd avløp frå dette tiltaket. Evt. avrenning frå anleggsfasen må takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.  Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdomsråde for flaum/skred og høgspontanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men køyrevegen er < 8 km til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Avsett areal ligg i eit viktig nærturterreng; «Gjeldokk-rimestølen», med middels brukarfrekvens. Det går ein skogsbilveg som blir nytta mykje som ridestig forbi arealet, då det er lite biltrafikk her. Viktig at denne blir ivareteke ved etablering av tiltaket.
Barn og unge		Ca. 4 km. til barneskule/ ungdomskule/leikeplassar utan gang- og sykkelveg. Bilfri snarveg som kan nyttast sommarstid på ca. 3,5 km.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande avkøyring frå fv. 2934, og allereie skogsbilveg inn i området. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv. 7 via kryss i hovudavkøyringa i Ål sentrum. Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA. Må ha privat anlegg.
Folkehelse og nærmiljø		Ligg i tilknytning til friluftsliv- og rekreasjonsområde.


#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området er godt eigna for spreidde bustader.

Rådmannen tilrår å ta LSB10 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Øvre-Ål.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB11		
<b>Gnr/bnr:</b> 105/1 og 105/2	<b>Storleik:</b> ca. 7,4 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 5	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF - 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Er oppført ein einestad midt i området, resten skog.	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å leggje til rette for relativt sentrumsnære bustadtomter, men utan å få «bustadfelt-kjensle». Det er allereie bygd eit hus om lag midt i området, og grunneigar meiner arealet egnar seg godt til føremålet. Initiativtakar opplyser at avkøyring frå fylkesveg er i orden.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Arealet ligg i Øvre-Ål, om lag 3,5 km frå sentrum. Innspelsområdet ligg usjenert til, og det er nyleg bygd ein bustad midt i området.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILD RING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk gjennom området i aust. Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø	-	Ikkje relevant
Landskap og kulturmiljø		Ein gamal veg mellom Øvre-Ål og Kvinnegardslie med kulturhistorisk verdi går langsetter tiltaket. Viktig at vegen blir ivareteke.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, men køyrevegen er > 8 km. til kommunesenteret «Sundre».

SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Langs nordleg grense til arealet ligg det ein svært viktig grønkorridor: «Gamleveg Øvre-Ål-Kvinnegardslie», som bind løypenettet på åsen saman med bygda. Fin å gå, ri og sykle på, med skiløype om vinteren. Det er viktig å oppretthalde ein grønkorridor gjennom dette området.
Barn og unge		Ca. 3,5 km. til barneskule/ ungdomskule/leikeplassar utan gang- og sykkelveg.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Fv. 2934, allereie skogsbilveg (grønkorridor) inn i området. Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag.
Teknisk infrastruktur		Off. avløp, men ikkje vatn.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil spreidd busetnad. Ligg tilknytt natur og svært viktig friluftsliv- og rekreasjonsområde.


#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Området er godt eigna for ein til to spreidd bustader.

Rådmannen tilrår å ta LSB10 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Øvre-Ål.

#### POLITISK HANDSAMING:

Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB20		
<b>Gnr/bnr:</b> 84/4 og 84/5	<b>Storleik:</b> Ca. 15 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite og skog.	
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet består av beiteskog som er godt halde ved like. I vest grensar området til Vats bustadfelt, og det er kort veg til idrettsanlegg og Vatsfjorden.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff i området, men rikt fugleliv ned mot Vatsfjorden. Ingen utvalde naturtypar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 8,6 daa innmarksbeite og resten skog over vernskoggrensa.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Vatsfjorden bekkefelt nord (012-1624-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling til felles kommunalt avløpsanlegg, og det vurderast derfor til at det ikkje vil bli nokon påverknad på vassførekomsten.

		Anleggsfasen vil bli unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.  Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant
Samfunnstryggleik		Ein del av arealet ligg innanfor aktsemdområde for flaum, og ein liten del av området ligg innanfor aktsemdsona for høgspenningsanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 7 km til Nordbygdene skule og barnehage, langs veg utan gang- og sykkelveg. Ca. 400 m. til idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Off. og privat veg. Ca. 250 m til off. transport på veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Offentleg VA.
Folkehelse og nærmiljø		Ligg inntil Vats bustadfelt. Nærleik til natur, idrettsplass, ljosløype og viktig friluftsliv- og rekreasjonsområde.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området ligg sentralt i Vats, inntil anna fast busetnad med offentleg VA, og vil fungere som ein mindre utviding av Vats bustadfelt.

Rådmannen tilrår å ta LSB20 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Vats. Det vil vere krav om farekartlegging




av området då det ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Ein liten del av området kjem i konflikt med omsynssone/faresone høgspenningsanlegg.

**POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.

- **Merknad Rådmann 27.03.2023:** Området er ikkje justert i samsvar med vedtak i sak 2/23, men det vil vere krav om detaljregulering.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet LSB20 ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB21		
<b>Gnr/bnr:</b> 77/3	<b>Storleik:</b> Ca. 52 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Arealet ligg på nord og sørsida av Vatsvegen, som går opp frå Nordbygdvegen fv. 2930. Området har spredde bustader/garder. Området ligg sørvendt og har vidsyn mot Vatsfjorden.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbasekart viser treff på m.a. fuglane gauk (NT) og gulspurv (VU) i nærleiken av tiltaket.
Naturressursar (jord/skog)		Skog over vernskoggrensa.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Vatsfjorden bekkefelt nord (012-1624-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling til felles avløpsanlegg dersom det


		<p>blir fleire einingar. Ved etablering av ein god infiltrasjonsløyising vil påverknad til den nærliggande bekken vere svært liten.</p> <p>Anleggsfasen kan bli unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Ein del av arealet heilt vest ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Delar av arealet ligg innanfor aktsemdsona for høgspenningsanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealending som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Delar av avsett areal ligg i eit viktig friluftslivsområde: «Vats-Hesthovda», men ingen kjente stigar eller bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge		Ca. 5,5 km. til Nordbygdene skule- og barnehage, langs veg utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,3 km. til idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Off. veg til og langsetter tiltaket. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss i Gullhagen.</p> <p>Ca. 800 m til off. transport langs veg utan gang- og sykkelveg.</p>
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA. Men mogleg med private avløpsanlegg, men må vere fellesanlegg ved to eller fleire hus.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området ligg fint til i Vats, inntil anna spreidd busetnad.

Rådmannen tilrår å ta området LSB21 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Vats. Ein liten del av området kjem i konflikt med aktsemdsområde for flaum og omsynssone/faresone høgspenningsanlegg og rådmannen tilrår derfor at områdeavgrensinga justerast slik at det ligg utanfor desse omsynssonene/faresonene.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB30		
<b>Gnr/bnr:</b> 62/1	<b>Storleik:</b> Ca. 3,7 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF - 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Innspelet har komme som eit resultat av felles grendemøte i Leveld, med ynskje om spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet ligg innanfor omsynssona til utvalde kulturlandskap i landbruket (UKL) mellom Nordbygdvegen og Leveldvegen. Området ligg tett på anna busetnad, og har kort veg til barnehage/skule/matbutikk.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERD
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten.</p> <p>Anleggsfasen er unntaket, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak. Miljømålet er ikkje oppnådd i dag, men tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet.</p>

		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad av vassførekomsten.
Landskap og kulturmiljø		Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde, kor hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og vertikalt. Landskapstrekket med den karakteristiske tunrekka ligg likevel høgare opp, og tiltaket vil ikkje forringe denne.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Om lag halve arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 1 km til Nordbygdene skule og barnehage. Gang- og sykkelveg frå fylkesveg 2930.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Ca. 200 m. til off. transport langs veg utan gang- og sykkelveg. Etablert gang- og sykkelveg/turveg langs fv. 2930.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag, men offentleg avløp er mogleg.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna fast busetnad. Ca. 350 m. til eit svært viktig friluftslivsområde: «Haugsnatten - Skjenatten». Ca. 1 km til ljosløype.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Området ligg sentralt i Leveld, inntil anna fast busetnad, med kort veg til skule/barnehage. Området ligg innanfor utvalt kulturlandskap, men det føreslegne området vil ikkje forringe dette. Området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum i samband med ein bekk som renn igjennom området. Det vil vere krav om farekartlegging av flaum.

Rådmannen tilrår å ta LSB30 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Leveld.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet LSB30 ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB40		
<b>Gnr/bnr:</b> 57/3 og 58/2	<b>Storleik:</b> Ca. 27 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Grunneigarar og administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg mellom Løken og Trinterud, i enden av ein blindveg på grensa til Leveld med vidsyn mot Votndalen og med god solgang.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERD
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk lengst nord i området. Elles ingen utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 15 daa innmarksbeite og er ein del av eit større samanhengande innmarksbeite i nærleiken av driftssenteret. Ca. 8 daa skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling til kommunalt nett. Opprydding i spreidd avløp vil bli eit avbøtande tiltak i området og tiltaket vil dermed føre til betring av vassførekomsten.</p> <p>Anleggsfasen er unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet.</p>


		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og omsynssone høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er > 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det ligg ingen registrerte friluftslivsområde innanfor arealet.
Barn og unge		Ca. 5,0 km. til Nordbygdene barneskule/barnehage. Delar av skulevegen er utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,5 km. til alpingsenter.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ligg inntil eksisterande kommunalt vegnett. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen. Delar av vegen, Fekjastølvegen, nyttast som «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar. Ca. 800 m. til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Anna spreidd busetnad i området.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området vil vere godt eigna til bustader, og ved ei eventuell realisering av snarveg mellom Løken og Samhald så vil barn kunne gå/sykle til skulen utan å måtte ut på fylkesvegen. Det går eit vilttrekk heilt nord i området som ein må ta omsyn til, og Rådmannen til derfor tilrå at eit justert LSB40 blir tatt inn planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Leveld.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.



AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB41		
<b>Gnr/bnr:</b> 57/1, 57/7, 57/4	<b>Storleik:</b> Ca. 62 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF og LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog og beite	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging. Området er i tråd med utvalskriterier og vurdert som eigna.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg med vidsyn mot Votndalen, på andre sida av dalen for Svarteberg, Ål skisenter. Området ligg lunt og solrikt til med utsikt mot Lauvdalsbrea og Reineskarvet.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	OMTALE OG GRUNNGJEVING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 5 daa dyrkbar jord og ca. 10 daa innmarksbeite, men ikkje tilknytt driftssenter
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak.

		<p>Miljømålet er ikkje oppnådd i dag, men tiltaket vil betre tilhøva då det vil bli avkloakking i området.</p> <p>Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad av vassførekomst.</p>
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdomsråde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er > 8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går ein stig gjennom området som ein må ta omsyn til.
Barn og unge		Ca. 5,5 km. til Nordbygdene barneskule/barnehage. Det er planlagt ein sti til skule/barnehage, men denne vil ikkje bli vinterbrøyta. Deler av skulevegen er utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,8 km. til alpinsenter.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Privat veg, Fetjastølvegen. Veggen er «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen. Ca. 2 km. til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna spreidd busetnad.


#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Området ligg solrikt til og vil vere godt eigna til bustader. Ved ei eventuell realisering av snarveg mellom Løken og Samhald så vil barn kunne gå/sykle til skulen utan å måtte ut på fylkesvegen. Rådmannen tilrår å ta LSB41 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Votndalen.

## POLITISK HANDSAMING:

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å justere LSB41 slik at ein unngår omdisponering av jordressursane i innspelsområdet.

### LSB42 – Votndalen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spreidde bustader: LSB42		
<b>Gnr/bnr:</b> 57/7 og 32/6	<b>Storleik:</b> Ca. 43 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidd bustadbygging	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg med vidsyn mot Votndalen, på andre sida av dalen for Svarteberg, Ål skisenter. Ligg solrikt til og inntil anna fast busetnad.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERD
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten.

		Anleggsfasen er unntaket, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak. Miljømålet er ikkje oppnådd i dag, men tiltaket vil betre tilhøva då det vil bli avkloakking i området. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad av vassførekomsten.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er > 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 4,6 km. til Nordbygdene barneskule/barnehage. Deler av skulevegen er utan gang- og sykkelveg. Det er planlagt ein samanhengande sti til skule/barnehage, men denne vil ikkje bli vinterbrøyta. Ca. 2,8 km. til alpinsenter
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Vegen nyttast som «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen. Ca. 1 km. til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna fast busetnad.


#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Området ligg solrikt til og vil vere godt eigna til spreidde bustader. Området ligg inntil anna spreidd fast busetting. Ved ei eventuell realisering av snarveg mellom Løken og Samhald så vil barn kunne gå/sykle til skulen utan å måtte ut på fylkesvegen.

Rådmannen tilrår å ta LSB42 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det

er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i Votndalen.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB43		
<b>Gnr/bnr:</b> 55/1	<b>Storleik:</b> Ca. 23 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF og LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg på andre sida av dalen for Svarteberg, Ål skisenter. Området ligg sørvendt med god tilgang på sol, mellom eksisterande gardar/spredde bustader.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Store delar av området har nøkkelbiotop- MiS- registrering: Eldre lauvsuksesjon. Ingen funn på trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog (MiS).
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand. Tiltaket kan føre til at miljømålet ikkje blir nådd.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til grunn, luft	-	Ikkje relevant.


Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er > 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Arealet inngår i eit registrert friluftslivsområde: «Votndalen nærturterreng» for lokale, men ingen kjente stigar eller bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge		Ca. 5 km til Nordbygdene barnehage/barneskule. Delar av vegen er utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,6 km til alpinsenter.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Vegen nyttast som «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar. Ca. 2 km til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna fast busetnad.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Store delar av innspelsområdet (ca. 16 daa) har MiS- registrering, som gjer området ueigna til spreidd bustadbygging. MiS står for Miljøregistreringer i Skog, og registreringane skjer i samband med skogbruksplanlegging. MiS-figurar viser viktige biologiske område, eller livsmiljø, i skog, og innanfor innspelsområdet ligg det ein nøkkelbiotop: Eldre lauvsuksesjon.

Rådmannen tilrår derfor å ikkje ta område LSB43 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spreidde bustader: LSB44		
<b>Gnr/bnr:</b> 50/2, 49/2, 50/1, 51/4, 50/4, 50/3 og 49/6	<b>Storleik:</b> Ca. 143 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> skog/beite	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sette av området til spreidd bustadbygging.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg med vidsyn mot Votndalen, tvers ovanfor Svarteberg, Ål skisenter. Ligg sørvendt med god sol tilgang, inntil eksisterande spreidde bustader/garder.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk gjennom området. Artsdatabanken viser observasjon av fuglen granmeis (VU). Lokale observasjonar av mykje storfugl innanfor området.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 24 daa innmarksbeite, noko tilknytt driftssenter. Resten skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Det renn to bekkar i området. Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand. Tiltaket kan føre til at miljømålet ikkje blir nådd.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Det går ei aktsemdssone for flaum gjennom området.




Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, men køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Arealet inngår i eit registrert friluftslivsområde: «Votndalen nærturterreng» med stigar i område, som blir brukt av lokale.
Barn og unge		Ca. 6,0 km til Nordbygdene barnehage og barneskule. Delar av vegen er utan gang- og sykkelveg. Ca. 3,4 km. Til alpinanlegg. Bekk tilknytt Votna bekkefelt nord renn gjennom området, denne må sikrast for at det skal vere trygt for barn og unge.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande kommunalt vegnett. Vegen nyttast som «hytteveg» med auka trafikk i helg/feriar. Ca. 2,5 km til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna spreidd busetnad. Ca. 2,5 km til Svarteberg skisenter.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området ligg inntil eksisterande bustader og gardar. Planområdet blir delt i to av aktsemdsområde for skred og eit registrert vilttrekk som det er viktig å ta omsyn til.

Rådmannen tilrår ikkje at innspelsområde LSB44 takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB45		
<b>Gnr/bnr:</b> 48/2	<b>Storleik:</b> Ca. 5 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 61	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Initiativtakar ynskjer å flytte «tunet» til gardseigedom.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg høgt i Votndalen, nord for Skrindovegen.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett bygging av spreidd avløp iht. gjeldande forskrift. Ved etablering av ein god infiltrasjonsløyising vil påverknad til vassførekomsten vere svært liten.</p> <p>Anleggsfasen er unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.


Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for kartlagte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 7,0 km. til Nordbygdene barneskule/barnehage, evt. ca. 6,2 km. til Sando barnehage langs veg utan gang- og sykkelveg.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ligg inntil eksisterande kommunalt vegnett. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen. Ca. 100 m. til off. transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA
Folkehelse og nærmiljø		Inntil spreidd busetnad. Ligg tilknytt natur og friluftsområde.

#### **RÅDMANN SI TILRÅDING:**

Arealet ligg inntil anna spreidde bustader/garder og eignar seg elles godt til føremålet.

Rådmannen tilrår å ta LSB45 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spreidd bustader: LSB46		
<b>Gnr/bnr:</b> 48/2	<b>Storleik:</b> ca. 40 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 60	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidd bustadbygging	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite/dyrka mark	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ønsker å dele opp gardstunet i 3 tomter på ca. 10-15 daa per tomt, der kvar del får tilgang på dyrkajord eller dyrkbar jord. Tomtene gir rom til oppføring av einebustad med tilhøyrande reiskaphus/fjøs til enkelt dyrehald til hest/høner/gris el.l. Initiativtakar ynskjer at den sørlegaste eigeiendomen har veg slik den ligg i dag (gjennom eit gardstun), medan dei to andre tomtene får ny tilkomst sør for Votndalsvegen, på vestsida av kraftlinja.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området er eit eldre småbruk som ligg nedst i Votndalen, ca. 6,5 km frå Ål sentrum.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 6 daa overflatedyrka jord og ca. 6,5 daa fulldyrka jord, ca. 11 daa innmarksbeite og ca. 12 daa skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Det renn ein bekk i området. Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand. Tiltaket kan føre til at miljømålet ikkje blir nådd.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne		Det ligg tre SEFRAC bygningar (låve, stugu, fjøs/stall) i eit tun innanfor avsett areal.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.


Samfunnstryggleik		Ein mindre del av arealet ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, men køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 7,5 km. til Nordbygdene barnehage/barneskule. Delar av skulevegen er utan gang- og sykkelveg. Ca. 4,3 km. til alpínsenter.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Ligg inntil kommunalt vegnett, men eksisterande tilkomst går igjennom eit gardstun. Ca. 1 km. til offentleg transport langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna spreidd busetnad.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Ut i frå landbruksomsyn er dette eit småbruk som kunne blitt selt samla. Tiltaket slik det er føreslege vil øydelegge for framtidig drift. Vidare ligg ein del av det vestlege området innanfor aktsemdsområde for flaum- og jordskred. Arealet er utover dette svært bratt, som gjer vegåtkomst utfordrande i området. Avkøyringa slik den ligg no, ligg igjennom eit eksisterande gardstun, og ein auka bruk av eksisterande veg vil vere uheldig.

Rådmannen tilrår ikkje at innspelsområde LSB46 blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spreidde bustader: LSB51		
<b>Gnr/bnr:</b> 3/10	<b>Storleik:</b> ca. 46 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte/Administrasjon	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidde bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Resultat frå Grendemøtet og ynskje om spreidd bustadbygging		
<b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet ligg rett nord for gamle Lien landbruksskule, og ligg inntil allereie spreidde bustader. Det ligg i bratt terreng, men med gode solforhold og flott utsikt.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbasekart viser observasjonar av m.a. granmeis (VU) i nærleiken av området.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 34 daa dyrkbar jord tilknytt eksisterande dyrka jord. Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø	-	Ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Nordlege delar mot fylkesvegen ligg innanfor gul støysone.
Samfunnstryggleik		Ein mindre del ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred.

Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Arealet er ein del av nærturrenget «Trillhus – Uren – Lien», men ingen kjente stigar eller bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge		Ca. 3,3 km. til Torpo barnehage og ca. 3,8 km. til Torpo barneskule. Trafikkert skuleveg utan gang- og sykkelveg. Anleggstrafikk og hyttetraffic opp mot Syningen hytteområde.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Arealet litt inntil og langsmed fv. 2926, med private vegar i området. Anleggstrafikk og hyttetraffic opp mot Syningen hytteområde. Ikkje tilbod om off. transport per i dag.
Teknisk infrastruktur		Off. VA inn i området med internt ledingsnett for vatn og avløp.
Folkehelse og nærmiljø		Planarealet ligg i eit område med spreidde bustader, og gamle Lien jordbruksskule like rett nedanfor.


#### **RÅDMANN SI TILRÅDING:**

Området ligg delvis innanfor gul støyzone, samt at ein liten del heilt vest ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Området er relativt bratt. Delar av vegstrekningen ned til Torpo manglar gang- og sykkelveg.

Området består av ca. 34 daa dyrkbar jord tilknytt eksisterande dyrka jord og det er ut frå landbruksomsyn ikkje ønskeleg med nedbygging av dette arealet.

Rådmann tilrår difor ikkje at innspelsområde LSB51 takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
LNF-areal for spredde bustader: LSB52		
<b>Gnr/bnr:</b> 22/271, 21/15 og 14/1.	<b>Storleik:</b> Ca. 3,4 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Har komme inn etter innspelsfristen.	<b>Ønske om bruk:</b> Spredde bustader	
<b>Føremål i vedtekte arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Ingen, skog og kratt	
		
<b>Innspel:</b> Grunneigarar ynskjer området avsett til spredde bustader.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg høgt, opent og sørvendt, med fritt utsyn mot dalen. Innspelsområdet ligg i eit område med spredde gardar og jordbruksareal.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog og ca. 1,2 daa innmarksbeite.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya midtre bekkefelt (012-1598-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling til felles avløpsanlegg dersom det blir fleire einingar. Ved etablering av ein god infiltrasjonsløyising vil påverknad til den nærliggande bekken vere svært liten.</p> <p>Anleggsfasen kan bli unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>



Landskap og kulturmiljø		Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Ein liten del av det sørlegaste området ligg innanfor gul støysone til fv.2928.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspontanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 5,5 km. til Torpo barneskule/ barnehage. Delar av skulevegen er «hytteveg» med auka trafikk i helgar/feriar, og delar av skulevegen er utan gang- og sykkelveg.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ligg inntil eksisterande off. vegnett. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen. Ca. 400 m til offentleg transport, men langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA
Folkehelse og nærmiljø		Inntil anna spreidd busetnad. Nærleik til natur og kartlagd friluftslivsområde.


#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Området ligg fint til i Oppheim, inntil anna spreidd busetnad.

Rådmannen tilrår å ta LSB52 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i grendene.

#### POLITISK HANDSAMING:

- Dette området var ikkje ein del av finsilinga gjort av KPU 09.01.2023.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 11.04.2023 i sak 5/2023 å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Bustadføremål: LSB53		
<b>Gnr/bnr:</b> 22/78	<b>Storleik:</b> ca. 9,5 daa	
<b>Innspel nr.</b> 158	<b>Ønske om bruk:</b> Bustader	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å avsette området «Bruhaugane» til 2-3 bustadtomter.		
<b>Skildring av området:</b> Området ligg ned mot elva Lya, i eit område med spreidd busetnad og gardar.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya inntak dam Lya kraftverk (012-3153-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling til felles avløpsanlegg dersom det blir fleire einingar. Ved etablering av ein god infiltrasjonsløyising vil påverknad til Lya vere svært liten.</p> <p>Anleggsfasen kan bli unntaket, men avbøtande tiltak skal takast omsyn til i byggesak. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p>

		Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Lya.
Landskap og kulturmiljø		Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik og ROS		Det går omsynssone for flaum og høgspentanlegg i ein mindre del av området mot vest, og den nordlege delen av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar, og køyrevegen er < 8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for kartlagte friluftslivsområder.
Barn og unge		Ca. 4,7 km. til Torpo barneskule/barnehage. Delar av skulevegen er «hytteveg» med auka trafikk i helgar/feriar, og delar av skulevegen er utan gang- og sykkelveg.  Elva Lya renn langs grensa til området i sørvest, og området må sikrast slik at det blir trygt for barn og unge.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eksisterande off./privat vegnett. Trafikk frå området vil indirekte røre ved rv.7 via kryss frå Torpovegen. Ca. 160 m. til off. transport, langs privat veg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA, og ikkje planar om det.
Folkehelse og nærmiljø		Ligg inntil spreidd busetnad. Ligg tilknytt natur og friluftsområde.


**Rådmannen si tilråding:** Rådmannen tilrår å justere innspelsområdet LSB53 slik at det ligg utanfor omsynssonene for flaum og høgspentanlegg, og ta det justerte området inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i grendene.

**Politisk handsaming:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 08.01.2024 å justere innspelsområdet slik at det ligg utanfor aktsemdområde for snøskred.

LSB54 - Kringlevegen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Bustadforemål: LSB54		
<b>Gnr/bnr:</b> 10/14	<b>Storleik:</b> ca. 2,6 daa	
<b>Innspel nr.</b> 178	<b>Ønske om bruk:</b> Bustad	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Ingen	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å endre arealføremål på sin eigedom, som allereie er teikna inn som bustadtomter, for på sikt å byggje bustader / kårustad. Det opplysast om at det er opparbeida og tilrettelagd for kloakk og spreieanlegg for framtidig bygging på desse tomtene.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet ligg tilknytt gardsbruket 10/14 i Kringlevegen på Torpo, som er lokalisert mellom rv. 7 og Hallingdalselva. Området har spreidd busetnad, med gang- og sykkelveg (under etablering) til Torpo sentrum.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Artsdatabanken viser observasjon av stær (NT) like utenfor området. Elles ingen treff på utvalde naturtypar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147-R), som har godt økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling til allereie etablert avløpsanlegg. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Mindre del av arealet ligg innanfor raud støysone til rv. 7, elles ligg heile arealet innanfor gul støysone. Det er etablert støyvoll på delar av arealet.
Samfunnstryggleik og ROS		Den sørlegaste delen av området (ca. 600 m <sup>2</sup> ) ligg innanfor aktsemdområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ca. 2,7 km til Torpo skule og barnehage. Skulevegen har per i dag gangveg på delar av strekninga, men bygging av den resterande strekninga er i gangsett.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Trafikk frå dei to bustadtomtene vil direkte røre ved rv.7 via kryss frå Kringlevegen, men kryssa er etablerte. Kringlevegen er kopla mot Torpo med noverande og framtidig (under etablering) gang- og sykkelveg. Ca. 700 m til off. transport, langs veg utan gang- og sykkelveg.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA, men det er opparbeidd fellesanlegg.
Folkehelse og nærmiljø		Innspelsområdet ligg i eit område med spreidd busetnad/gardar.

**Rådmannen si tilråding:** Ca. 600 m<sup>2</sup> ligg innanfor aktsemdområde for flaum, og Rådmannen innstiller derfor på at delar av innspelsområdet takast ut av planforslaget. Basert på areal som er att børt det ikkje vere opning for fleire enn to bustader. Tomtene ligg innanfor gul støysone frå rv. 7, og må byggast i tråd med støyretningslinje T-1442. Det er etablert støyvoll på delar av det nordlegaste området mot rv. 7. Ved etablering av tiltaket må støyvollen evt. utvidast.

Rådmannen innstiller på å ta justert LSB54 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, då det er ønskeleg med fleire område for spreidd bustadbygging i grendene.

#### Politisk handsaming:


- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å leggje det justerte innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 08.01.2024 å justere området slik at det ligg utanfor aktsemdsona for flaum.



## Konsekvensutgreiing av nye område for spreidd næringsverksemd

LSN20 – Vats gardsmat

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Spreidd næring: LSN20		
<b>Gnr/bnr:</b> 86/2 og 86/2/1	<b>Storleik:</b> Ca. 36 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Spreidd næring	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Næring	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ønsker å endre arealføremål frå LNF – 3 grender til spreidd næring.		
<b>Skildring av området:</b> Tiltaket er allereie eit etablert næringsområde for Vats gardsmat og ligg på nordsida av fv. 2930 - Nordbygdvegen.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går ei trekk rute for vilt like vest for området. Det ligg trua vegetasjonstypar i nærleiken av tiltaket. Ingen sjeldne artar innanfor arealet.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 4,4 daa innmarksbeite, resten skog over vernskoggrensa.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Storåne-Votna (012- 613-R), som har moderat økologisk potensial.  Det blir minstevassføring frå 2023, noko som vil betre den hydrologiske tilstanden til vassførekomsten. Per i dag er ikkje vassførekomsten påverka i vesentleg grad av næringsstofftilførsel. Ved evt. nye bygg vil ein få krav om oppdatert avløpsløyser.

		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant. Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Storåne.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Ein mindre del er arealet ligg innanfor gul støysone til fylkesveg.
Samfunnstryggleik		Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Den nordlege delen av arealet ligg innanfor aktsemdsona for snøskred. Delar av området ligg innanfor omsynssone for høgspenningsanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ trafikktryggleik		Off. veg. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA.
Folkehelse og nærmiljø	-	Ikkje relevant.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Rådmannen tilrår å ta innspel LSN20 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035. Området er i dag allereie nytta til næring, slik at det hovudsakleg er snakk om endring av arealføremål frå LNF – 3 grender til spreidd næring. Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og snøskred slik at det vil vere krav om farekartlegging ved etablering av nye bygg.

#### **POLITISK HANDSAMING:**


- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å arrondere innspelsområdet for å redusere tap av innmarksbeite.



## Konsekvensutgreiing av nye område for fritids- og turistføremål


### FTU20 Bergsjøstølen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Fritids- og turistføremål: FTU20		
Gnr/bnr: 88/43	Storleik: Ca. 2,5 daa	
Innspel nr. 165	Ønske om bruk: Næring	
Føremål i vedteke arealdel: LNF	Dagens bruk: Ingen	
Kartbilette:		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer utviding av dagens næringsareal for å kunne bygge tenestebustad til dei tilsette ved Bergsjøstølen fjellstugu. Han har tidlegare søkt om dispensasjon, men fått avslag frå Statsforvaltar som meiner arealbruken i kommunen må leggjast gjennom overordna plan.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg på om lag 1100 moh, nordvest for Bergsjøstølen fjellstugu.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		<p>Naturtype etter Miljødirektoratets instruks: Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra, med middels verdi (NT). Artsdatabanken viser observasjonar av m.a bergand (EN) og fiskemåke (VU).</p> <p>Innspelsområdet ligg i randområde for villrein, likevel hadde ikkje Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell noko innvending mot dispensasjonssøknaden då den var på høyring i januar 2022. Dei meinte tiltaket ikkje ville føre til meir ferdsel inn i villreinområdet, og at bygninga skal oppførast nært eksisterande bygg og vegar.</p>
Naturressursar (jord/skog)		Fjellhei.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.

Vassressursar		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Bergsjø (012-627-L), som har moderat økologisk potensial. Tiltaket forutsett tilkopling til off. VA. Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø		Innspelsområdet ligg i eit fjellterreng på om lag 1100 moh, og eit bygg her vil bli tydeleg eksponert i landskapet, som vil gi både nær- og fjernverknad. Bygget vil likevel få eit høgdedrag bak som vil minimere fjernverknaden av ein evt. tenarbustad.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik og ROS	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre. Eller/ samt etablering av næring.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Området ligg innanfor eit svært viktig friluftslivsområde; Bergsjøområdet, men tiltaket ligg ikkje i direkte konflikt med skiløyper/stigar i området.  Ca. halve området ligg innanfor strandsona.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Privat veg går langsetter tiltaket. Veggen er periodevis stengt på vinteren. Kollektivtilbod, utan faste avgangar. Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen.
Teknisk infrastruktur		Off. avløp, men privat vatn.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil ikkje ha negativ effekt på folkehelsa, då det vil ligge tilknytt andre bygg og infrastruktur.

**Rådmannen si tilråding:** Det er overordna ikkje ønskeleg med meir utbygging på snaufjellet og i randområde villrein. Tenestebustaden vil likevel liggje mot allereie etablert bygg og infrastruktur som veg, så tiltaket vil derfor truleg ikkje ha stor negativ verknad på omgjevnadene. I samband med søknad om dispensasjon var saka til uttale hos villreinnemnda, og dei hadde ingen store motførestillingar til tenestebustaden. Rådmannen innstiller på å ta området inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035, med føresegn om at det er opning for éin tenestebustad på området.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Fritids- og turistføremål: FTU30		
<b>Gnr/bnr:</b> 59/1	<b>Storleik:</b> Ca. 0,3 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 77	<b>Ønske om bruk:</b> Fritids- og turistføremål	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Initiativtakar ynskjer å sette av eit areal på 150m <sup>2</sup> til tretopphytte med to små utleigeeiningar.		
<b>Skildring av området:</b> Avsett område ligg i eit bratt terreng, i eit lauvskogbelte. Innspelsområdet ligg like nord for garden Søndre Haug i Leveld, tett på ei eksisterande hytte.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trau/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Det blir forutsett at tiltaket ikkje vil ha innlagt vatn.</p> <p>Miljømålet er ikkje oppnådd i dag, men tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha påverknad av vassførekomsten.</p>
Landskap og kulturmiljø		Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde, kor hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og vertikalt. Landskapstrekket med den

		karakteristiske tunrekka ligg lengre mot aust, men tiltaket vil mogleg kunne forringe denne.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil ikkje føre til stort tap av naturressursar, men køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret Sundre.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Privat veg med funksjonell vegklasse 7 rett vest for avsett areal. Ca. 1,1 km til off. transport langs veg utan gang og sykkelveg.  Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen.
Teknisk infrastruktur		Per i dag er det krav om off. avløp, inntil Votna og Votna bekkefelt nord får betre økologisk tilstand.
Folkehelse og nærmiljø		Nærleik til natur og viktig friluftsliv- og rekreasjonsområde.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området ligg høgt med fin utsikt og vil vere godt eigna for ein tretopphytte med to utleigeeiningar og innspelet er ikkje i konflikt med landbruksomsyn. Landskapstrekket med den karakteristiske tunrekka ligg lengre mot aust, men tiltaket vil mogleg kunne forringe denne, men tretopphytter plasserast normalt slik at dei går mest mogleg i eitt med naturen rundt.


Rådmannen tilrår å ta FTU30 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.



## Konsekvensutgreiing av nye område for offentleg og privat tenesteyting

T31 – Leveld kunstnartun

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Offentleg eller privat tenesteyting: T31		
<b>Gnr/bnr:</b> 69/3	<b>Storleik:</b> Ca. 3,4 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Grendemøte	<b>Ønske om bruk:</b> Offentleg eller privat Tenesteyting	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Ingen	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Eit resultat frå Grendemøte, der ein ynskjer avsett areal for evt. utviding av kunstnartunet.		
<b>Skildring av området:</b> Innspelsområdet ligg langsetter og sør for Leveld Kunstnartun. Dette området ligg ned mot gamle «Haugen camping», som i dag er i forfall.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Observasjon av fuglen tårnseiler (NT) inntil området.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 3,5 daa av eit innmarksbeite, men ligg i eit område med gamle, forfalne campinghytter.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket forutsett tilkopling på kommunalt nett og det vurderast derfor til at det ikkje er nokon påverknad på vassførekomsten. Med unntak i anleggsfasen, men avbøtande tiltak skal bli tatt omsyn til i byggesak. Miljømålet er ikkje

		<p>oppnådd i dag, men tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Sundre RA, som har god kapasitet.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad på vassførekomsten.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde. Hovudlinjene i landskapet må vidareførast horisontalt og vertikalt. Landskapstrekket med den karakteristiske tunrekka ligg likevel høgare opp, og tiltaket vil ikkje forringe denne.</p>
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Heile området ligg innanfor aktsemdområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil gi ei arealending som inneber tap av naturressursar, samt at køyrevegen er >8 km. til kommunesenteret «Sundre».
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen negativ konsekvens for etablerte friluftslivsområde.
Barn og unge		Ingen negativ konsekvens
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Off. veg.</p> <p>Trafikk frå området vil indirekte påverke rv. 7 via kryss i Gullhagen.</p> <p>Ca. 300 m. til off. transport utan gang- og sykkelveg.</p>
Teknisk infrastruktur		Off. avløp
Folkehelse og nærmiljø		Det er positivt å få rydda opp i området.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Området er godt eigna for ei eventuell utviding av Leveld kunstnartun. Heile innspelsområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Det vil vere krav om detaljregulering.

Rådmannen tilrår å ta T31 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## Råstoffutvinning

RU40 – Løytestølen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Råstoffutvinning: RU40		
<b>Gnr/bnr:</b> 25/12 og 25/9	<b>Storleik:</b> Ca. 29,5 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 57	<b>Ønske om bruk:</b> Myrjorduttak og etablering av dyrkamark	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF	<b>Dagens bruk:</b> Beite og skog.	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Hallingdal Hyttetjeneste AS ynskjer å ta ut myrjord for deretter å etablere dyrkamark nord for Løytestølen. Det opplystast om at området eignar seg godt til å køyre ut myrjord, samt å transportere det til Hallingtorv sin produksjon på Torpo, og at det er rasjonelt å etablere dyrkamark i eit område kor det allereie er dyrka mark.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg tilknytt Løytestølen. Innspelsområdet består delvis av myr og beite, og ligg ned mot elva Lya. I sør grenser innspelsområdet til dyrkamarka på Løytestølen. Vegen Torsteinslåtta går langs tiltaket.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspelområdet består av djup myr. I følgje initiativtakar er mektigheita på ca. 1,5 m. i snitt.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 14 daa beite, ca. 7,9 daa myr, ca. 6,7 daa skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya øvre (012-1599-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket vil sannsynlegvis gi mykje avrenning i anleggsfasen, og vil påverke vassførekomsten negativt, men dette vil vere av midlertidig karakter. Om tiltaket blir gjennomført må det takast omsyn til lovverk knytt til kantsoner og revegetasjon.



		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad på vassførekomsten.  Tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet til elva Lya.
Landskap og kulturmiljø		Tiltaket vil gi både midlertidig og varig endring av landskapet.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Delar av området ligg innanfor aktsemdkartet for flaum.
Klima		Inngrep i myr vil føre til store klimagassutslepp, og nydyrking av myr er etter nydyrkingsforskrifta § 5A forbode.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ligg i eit registrert friluftslivsområde; Torpo-Torpoåsen, turterreng mellom bygda og snaufjellet. Området er avgrensa rundt ei driftseining og tiltaket vil derfor ikkje komme i konflikt med allmenn ferdsel.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Traktorveg fram til tiltaket.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil ikkje ha negativ konsekvens for folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Våtmarker dempar verknaden av flaumar og tørke fordi dei fangar opp vatn og slepp det sakte ut att. Våtmarker er levestad for mange artar, og er viktige hekke- og rasteplassar for trekkfuglar.

Å redusere klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og torvmark, er viktige tiltak for å nå klimamåla. Norske myrer lagrar på fem prosent av landarealet minst 950 millionar tonn karbon, tilsvarande ca. 3500 millionar tonn CO<sub>2</sub> eller Noregs årlege utslepp av klimagassar i 66 år (KMD). Frå juni 2020 vart det vedteke eit generelt forbod mot nydyrking av myr, og i juni 2022 kom Miljødirektoratet med ei utgreiing om verkemidla for å hindre nedbygging av myr. I utgreiinga peikar direktoratet på at eit forbod med svært avgrensa dispensasjonsmoglegheiter vil vere det beste vernet for myra. Rådmannen trur at eit forbod mot nedbygging av myr truleg vil komme i løpet av dei neste åra.

Med bakgrunn i dette tilrår Rådmannen at innspelsområde RU40 ikkje blir tatt inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** - Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet RU40 ut av planforslaget.

REALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Råstoffutvinning: RU50		
<b>Gnr/bnr:</b> 10/9	<b>Storleik:</b> Ca. 30 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 25	<b>Ønske om bruk:</b> Myrjorduttak	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> Fritids og turistføremål i gjeldande arealdel. Friluftsføremål i Detaljregulering Syningen, planID 2015002	<b>Dagens bruk:</b> Utmark	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Hallingdal Hytteservice AS ynskjer å ta ut myrjord frå to myrområde (RU50 og RU51), som skal nyttast til torvtakproduksjon, for deretter å etablere ein vass-spegel. Initiativtakar meiner området er godt egna for utkøyring av myrjorda, samt at det ligg gunstig til i forhold til Hallingtorv sin produksjon på Torpo. Vidare at det ligg strategisk til sidan det ligg i tilknytning til hyttetomter og ein planlagd «langstøl».</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området er ein del av Detaljreguleringsplan Syningen (N21) på Torpoåsen. N21 er i planen avsett til friluftsområde med fire ulike aktivitetssoner. Terrenget er prega av store, opne myrområde og bjørkeskog.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspelområdet består av djup myr og ligg innanfor NiN kartlagd område: Flæin – Øknin. I følge initiativtakar er mektigheita i snitt på ca. 2,5 m. Elles ingen registreringar av trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Myr. Dyrkbar jord.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Skaraåsen bekkefelt (012-2419 -R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket vil sannsynlegvis gi mykje avrenning i anleggsfasen, og vil påverke vassførekomsten negativt, men dette vil vere av midlertidig karakter.

		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad på vassførekomsten.
Landskap og kulturmiljø		Tiltaket vil gi både midlertidig og varig endring av landskapet.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspeintanlegg.
Klima		Inngrep i myr vil føre til store klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ligg innafør eit svært viktig friluftslivsområde: «Oppheimsåsen» med skiløyper og sumarstigar, men tiltaket kjem ikkje i konflikt med desse. (I reguleringsplankartet er det teikna inn ein skiløypetrasé i myrområdet, men her er traséen truleg lagt om.)
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold		Tiltaket vil i ein avgrensa periode auke bruken av vegen med større køyretøy.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil råke ved urørt natur, og vil kunne påverke folks naturoppleving av utmarka. Samstundes kan eit vasspegel ha positive effektar for folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Våtmarker dempar verknaden av flaumar og tørke fordi dei fangar opp vatn og slepp det sakte ut att. Våtmarker er levestad for mange artar, og er viktige hekke- og rasteplassar for trekkfuglar.

Å redusere klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og torvmark, er viktige tiltak for å nå klimamåla. Norske myrer lagrar på fem prosent av landarealet minst 950 millionar tonn karbon, tilsvarande ca. 3500 millionar tonn CO<sub>2</sub> eller Noregs årlege utslepp av klimagassar i 66 år (KMD). Frå juni 2020 vart det vedteke eit generelt forbod mot nydyrking av myr, og i juni 2022 kom Miljødirektoratet med ei utgreiing om verkemidla for å hindre nedbygging av myr. I utgreiinga peikar direktoratet på at eit forbod med svært avgrensa dispensasjonsmoglegheiter vil vere det beste vernet for myra. Rådmannen trur at eit forbod mot nedbygging av myr truleg vil komme i løpet av dei neste åra.


Med bakgrunn i dette tilrår Rådmannen at innspelsområde RU50 ikkje takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet RU50 ut av planforslaget.

## RU51 – Syningen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Råstoffutvinning: RU51		
<b>Gnr/bnr:</b> 10/9	<b>Storleik:</b> Ca. 16 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 25	<b>Ønske om bruk:</b> Myrjorduttak	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> Næringsverksemd i gjeldande arealdel. Friluftsføremål i Detaljregulering Syningen, planID 2015002	<b>Dagens bruk:</b> Utmark	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Hallingdal Hyttetjeneste AS ynskjer å ta ut myrjord frå to myrområde (RU50 og RU51), som skal nyttast til torvtakproduksjon, for deretter å etablere ein vass-spegel. Initiativtakar meiner området er godt egna for utkøyring av myrjorda, samt at det ligg gunstig til i forhold til Hallingtorv sin produksjon på Torpo. Vidare at det ligg strategisk til sidan det ligg i tilknytt hyttetomter og ein planlagd «langstøl».</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg innanfor Detaljreguleringsplan Syningen på Torpoåsen. Området er i planen avsett til friluftsføremål, og ligg tett på hyttefeltet. Terrenget er prega av store, opne myrområde og bjørkeskog.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspelområdet består av myr. I følge initiativtakar er mektigheita i snitt på ca. 2,0 m.
Naturressursar (jord/skog)		Myr. Dyrkbar jord.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Skaraåsen bekkefelt (012-2419 -R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket vil sannsynlegvis gi mykje avrenning i anleggsfasen, og vil påverke vassførekomsten

		negativt, men dette vil vere av midlertidig karakter.  Vurdering etter vassforskrifta § 12 er at tiltaket kan gjennomførast fordi tiltaket ikkje vil ha varig påverknad på vassførekomsten.
Landskap og kulturmiljø		Tiltaket vil gi både midlertidig og varig endring av landskapet.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspentanlegg.
Klima		Inngrep i myr vil føre til store klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ligg innafor eit svært viktig friluftslivsområde: «Oppheimsåsen» med skiløyper og sumarstigar, men tiltaket kjem ikkje i konflikt med desse.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil i ein avgrensa periode auke bruken av vegen med større køyretøy.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant
Folkehelse og nærmiljø		Det er gjennom detaljregulering lagt opp til stor hytteutbygging i området, og derfor er ikkje området urørt, men tiltaket vil likevel kunne ha negativ påverknad på folks naturoppleving av utmarka.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Våtmarker dempar verknaden av flaumar og tørke fordi dei fangar opp vatn og slepp det sakte ut att. Våtmarker er levestad for mange artar, og er viktige hekke- og rasteplassar for trekkfuglar.


Å redusere klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og torvmark, er viktige tiltak for å nå klimamåla. Norske myrer lagrar på fem prosent av landarealet minst 950 millionar tonn karbon, tilsvarande ca. 3500 millionar tonn CO<sub>2</sub> eller Noregs årlege utslepp av klimagassar i 66 år (KMD). Frå juni 2020 vart det vedteke eit generelt forbod mot nydyrking av myr, og i juni 2022 kom Miljødirektoratet med ei utgreiing om verkemidla for å hindre nedbygging av myr. I utgreiinga peikar direktoratet på at eit forbod med svært avgrensa dispensasjonsmoglegheiter vil vere det beste vernet for myra. Rådmannen trur at eit forbod mot nedbygging av myr truleg vil komme i løpet av dei neste åra.

Med bakgrunn i dette tilrår Rådmann at innspelsområde RU51 ikkje takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet RU51 ut av planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Råstoffutvinning: RU52		
<b>Gnr/bnr:</b> 14/2, 21/1, 21/3, 21/6, 21/15	<b>Storleik:</b> Ca. 49,2 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 27	<b>Ønske om bruk:</b> Myrjorduttak og etablering av vasspegel.	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF	<b>Dagens bruk:</b> Utmark	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Hallingdal Hyttetjeneste AS ynskjer å ta ut myrjord til torvtakproduksjon. Innspelsområdet er ein del av eit større myrområde med to mindre vasspegel, og dei ynskjer å ta ut myrjord rundt desse vasspeglane for så å etablere éin større vasspegel. Initiativtakar skriv det har vore ei uforpliktande kontakt med grunneigarane (fem stykk), og at dei har sagt det er greitt at innspelet er sendt inn.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg vest for Nørdre Volelivegen ved Fareslettan/Helsethaugen. Nord for innspelsområdet ligg fleire heimstølar med tilhøyrande dyrka mark. Langs vegen ligg spreidde fritidsbustader, og terrenget er prega av store, opne myrområde og bjørkeskog.</p>		
TEMA	KONSEKVENSAAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk rett på sørsida av området. Innspelområdet består av hovudsakleg djup myr (ca. 5 daa er grunn myr) og ligg innanfor NiN kartlagd område: Flæin – Øknin.
Naturressursar (jord/skog)		Myr. Dyrkbar jord.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		To vass-spegel innanfor området på til saman ca. 5,5 daa. Tiltaket vil kunne føre til auka avrenning.
Landskap og kulturmiljø		Tiltaket vil gi både midlertidig og varig endring av landskapet.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.

Samfunnstryggleik		Heile området ligg innanfor aktsemdkartet for flaum.
Klima		Inngrep i myr vil føre til store klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ligg i eit registrert friluftslivsområde; «Torpo-Torpoåsen», turterreng mellom bygda og snaufjellet, men ingen kjente stigar eller bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge	-	Ikkje relevant
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil auke bruken av vegen med større køyretøy.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil råke ved urørt natur, og vil kunne redusere naturopplevinga av utmarka. Samstundes kan ein større vass-spegel ha positive effektar for folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Våtmarker dempar verknaden av flaumar og tørke fordi dei fangar opp vatn og slepp det sakte ut att. Våtmarker er levestad for mange artar, og er viktige hekke- og rasteplassar for trekkfuglar.

Å redusere klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og torvmark, er viktige tiltak for å nå klimamåla. Norske myrer lagrar på fem prosent av landarealet minst 950 millionar tonn karbon, tilsvarande ca. 3500 millionar tonn CO<sub>2</sub> eller Noregs årlege utslepp av klimagassar i 66 år (KMD). Frå juni 2020 vart det vedteke eit generelt forbod mot nydyrking av myr, og i juni 2022 kom Miljødirektoratet med ei utgreiing om verkemidla for å hindre nedbygging av myr. I utgreiinga peikar direktoratet på at eit forbod med svært avgrensa dispensasjonsmoglegheiter vil vere det beste vernet for myra. Rådmannen trur at eit forbod mot nedbygging av myr truleg vil komme i løpet av dei neste åra.

Med bakgrunn i dette tilrår Rådmannen at innspelsområde RU52 ikkje takast inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å ta innspelsområdet ut av planforslaget.



AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Næringsføremål: Råstoffutvinning		
Gnr/bnr: 24/1	Storleik: Ca. 71,9 daa.	
Innspel nr. 152	Ønske om bruk: Masseuttak	
Føremål i vedteke arealdel: LNF	Dagens bruk: Skog	
Kartbilette:		
		
<p><b>Innspel:</b> Grunneigar ynskjer å avsette området til grus/sand uttak. Det opplystast om at det har vore teke ut massar her i lang tid til bruk på tilhøyrande vegar og fjellvegar, og det er ynskje om å vidareføre dette, samt å ta ut sand for tilslag i matjordproduksjon i bygda.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området ligg på Votndalsåsen, i Heggetonlie. Arealet ligg tilknytt eit eksisterande næringsområde for råstoffutvinning, og området rundt er prega av tidlegare myrjorduttak, som i dag ligg som mindre vass-spegel. Arealet er noko bratt, skogleidd og ligg usjenert til.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturtypekartlegging utført av NIBIO viser treff på naturtypeane «bjørkeskog med høgstauder» og «rik sumpskog» i den vestlege delen av innspelsområdet, samt ein liten del grunn myr. Artsdatabanken viser treff på granmeis (VU) på grensa til området.
Naturressursar (jord/skog)		Vernskog.
Mineralressursar	-	NGU viser ingen registrerte grus og pukk førekomstar.
Vassressursar		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Lya midtre bekkefelt (012-1598-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket vil ha ein langvarig anleggfase med sannsynleg avrenning frå sprengmassar, det må gjerast ein grundig utgreiing av

		<p>avbøtande tiltak i reguleringsplanen.</p> <p>Miljømålet for økologi er oppnådd i dag, men er avhengig av gode, avbøtande tiltak for å oppretthalde dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Lya midtre bekkefelt.</p>
Landskap og kulturmiljø		<p>Området innspelet ligg i er allereie tydeleg påverka av tidlegare råstoffutvinning, men tiltaket vil føre til ytterlegare naturinngrep og vil gi nær- og fjernverknad i ei urørt li.</p>
Kulturminne	-	<p>Ingen registrerte kulturminne innanfor området.</p>
Forureining til luft og grunn		<p>Tiltaket vil i seg sjølv generere støy og støv. Arealet ligg usjenert til, men det ligg nokre fritidsbustader på kanten.</p>
Samfunnstryggleik og ROS		<p>Om lag halve området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred.</p>
Klima		<p>Tiltaket vil gi ei arealendring som inneber tap av naturressursar, samt etablering av næring.</p>
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		<p>Ligg innanfor eit svært viktig friluftslivsområde; Votndalsåsen-Versjøen-Grytingen. Variert turområde sumar/vinter. Sykkel. Tiltaket vil likevel ikkje nemneverdig forringe friluftslivsinterassane.</p>
Barn og unge		<p>I samband med evt. køyring til og frå området med tyngre køyretøy og massar, kan det vere uheldig for barn og unge som bur inntil Liagardsvegen i Liagardane.</p>
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		<p>Arealet ligg inntil ein privat veg, Heggetonlie. Denne går ut frå Liagardsvegen, som er ein trafikkert hytteveg, samt mykje brukt i samband med skiområdet på Liatoppen. Frå Heggetonlie ned til rv.7 er det ca. 9,5 km.</p> <p>Trafikk frå området vil røre ved rv. 7, via fv. 2930, som kjem ned til rv. 7 ved avkøyring til Liagardane, evt. Gullhagen.</p>
Teknisk infrastruktur		<p>Ikkje off. VA</p>
Folkehelse og nærmiljø		<p>Området ligg innanfor eit friluftslivsområde, men terrenget er skogkledd, og stadvis svært bratt og vil derfor ikkje forringe folkehelsa.</p>


**Rådmannen si tilråding:** Initiativtakar opplyser om at det fortrinnsvis skal nytte massar til tilhøyrande vegar og fjellvegar, men opnar ein for uttak kan også massar flyttast andre stader. Liagardsvegen er

bratt og svingete og det er ca. 9,5 km ned til dalbotnen. Innspelsområdet ligg også i ei li som enno står urørt. Rådmannen tilrår å ikkje ta inn området RU54 i arealdelen av kommuneplanen for 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å justere innspelsområdet for å unngå myr og sjeldne naturtypar, for deretter å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## Andre typer bebyggelse og anlegg

ABA50 – Busemoen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Andre typer bebyggelse og anlegg: ABA50		
<b>Gnr/bnr:</b> 4/42 og 4/43	<b>Storleik:</b> Ca. 32,8 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Reinseanlegg	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF	<b>Dagens bruk:</b> Skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å avsette areal til evt. framtidig reinseanlegg på Torpo.		
<b>Skildring av området:</b> Arealet ligg like aust for Torpo Gjestegård, mellom rv.7 og Hallingdalselva. Innspelsområdet er ei skogkledd flate.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Observasjon av gauk (NT). To vilttrekk som er mykje brukt går igjennom området.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar		Om lag heile arealet er registrert med grusressursar; «Slåtten», førekomstområde: 0619-008, med mektigheit på 3,0 m. Grusdatabasen frå NGU viser at dette er ein grov avsetning med mykje blokk i overflata, og vil derfor ikkje vere aktuell for uttak <a href="https://www.ngu.no/geologiske-undersokelse">Norges geologiske undersøkelse (ngu.no)</a> .
Vassmiljø		
		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Hallingdalselva utløp Ål kraftverk – utløp Hemsil II (012-3147-R), som har god økologisk tilstand. Tiltaket vil medføre ein vesentleg forbetring av resipienten.

		Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.  Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Hallingdalselva.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Deponiet «Hagaskogen slamlagune, ID2475» med påverknadsgrad 2 ligg 100 meter frå tiltaket i luftlinje, og det kan komme lukt frå dette.  Nordlege del av området ligg innafor gul/delar av raud støysone mot Rv.7 .
Samfunnstryggleik		Delar av arealet er innanfor aktsemdområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil føre til tap av naturressursar.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Delar av arealet ligg innafor strandsona  Ein liten del av arealet ligg innafor eit viktig friluftslivsområde: «Hallingdalselva frå Tingvollfjorden til Trillhus», men ingen kjent bruk av området til friluftslivsføremål.
Barn og unge	-	Ikkje relevant.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil krevje ny direkte avkøyring frå rv.7. Ei eventuell avkøyring og kryssutforming her må avklarast i ein detaljreguleringsplan.
Teknisk infrastruktur		Ikkje off. VA per i dag. Men innspelet er off.VA, så når tiltaket er etablert vil VA vere i orden.
Folkehelse og nærmiljø		Arealet er delvis innafor Strandsona, men ligg minst 12 m. frå elvebredda. Omdisponeringa vil ikkje ha nokon negativ effekt på folkehelsa.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Området er relativt flatt og er godt eigna for eit framtidig nytt reinseanlegg med nærleik til Hallingdalselva som resipient. Området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og det vil derfor vere krav om farekartlegging av området. Det vil også vere krav om detaljregulering av området.

Rådmannen tilrår å ta ABA50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## Kombinert bebyggelse og anleggspåremål

KBA50 – Lien

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Kombinert bebyggelse og anleggspåremål: KBA50		
<b>Gnr/bnr:</b> 3/4	<b>Storleik:</b> ca. 19 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 30	<b>Ønske om bruk:</b> Kombinert næring/småskala-næring og busetnad/bufellesskap	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender og offentlig/privat tenesteyting	<b>Dagens bruk:</b> Det meste står tomt, men kjøkkenet er i bruk.	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Torpo Vel ønsker busetnad, hagedyrking og småskala næringsdrift ved gamle Lien jordbruksskule. Innspelet må sjåast i samanheng med området B53, og totalt består området av bustader, eit internat, undervisningsbygg, stallar og verkstadbygg, samt heimstøl og langstøl.</p> <p>Tanken ved innspelt er å gjere Lien til «eit grønt bufellesskap», som eit pionerprosjekt med moderne framtidretta bumiljø, som skal vidareføre Lien sin arbeidskultur gjennom arbeidsfellesskap og grøen næring. Det er noko dyrka mark på eigedomen, som i følgje innspelet skal nyttast til felles kjøkkenhage der dugnad og delingskultur skal vere prinsippet.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Gamle Lien jordbruksskule ligg i bratt lende, men med flott utsikt og gode solforhald.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbase viser observasjonar av m.a. granmeis (VU) og tretåspett (NT). Sidan området allereie er såpass utbygd, er det lite sannsyn at tiltaket vil komme i konflikt med artane.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 3.8 daa dyrka jord, ca. 1.2 daa dyrkbar jord.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Arealet ligg i nedbørsfeltet til Skaraåsen bekkefelt (012-2419-R), som har god økologisk tilstand.

		Tiltaket er i praksis omregulering av eksisterande bygg. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette. Avløpsvatn blir ført til Torpo RA, som har god kapasitet, men som skal rehabiliterast på sikt dersom det blir krav om sekundærreinsing.  Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø		Tomta er allereie bygd ut og derfor vil ikkje omreguleringa endre landskapsbilete.
Kulturminne		Ligg to SEFRAK registrert bygning i området.
Forureining til luft og grunn		Ytre delar av avsett areal ligg i gul støysone mot fylkesvegen.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og omsynssone høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil ikkje føre til klimagassutslepp viss det berre er endring av arealføremål.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ikkje relevant.
Barn og unge		Ca. 3 - 3,5 km. til Torpo skule/barnehage. Trafikkert skuleveg utan gang- og sykkelveg. Ca. 2,5 km til Bakketun idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Arealet litt inntil og langsmed fv. 2926, med privat veg inn i området. Anleggstrafikk og hyttetraffic opp mot Syningen hytteområde. Ikkje tilbod om offentleg transport per i dag. Trafikk frå området kjem ned på rv.7 anten frå Torpovegen i aust eller i vest.
Teknisk infrastruktur		Off. VA inn i området med internt ledingsnett for vatn og avløp. Privat høgdebasseng.
Folkehelse og nærmiljø		Området ligg tett på naturen og turområde for lokale; Sireåne-Lien. Fin turrunde. Nedlagt naturstig i området. Innspelsområdet ligg i eit område med spreidd busetnad.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Innspelet omhandlar hovudsakleg endra bruk av eksisterande bygningsmasse. Området er allereie utbygd og endring av arealføremål vil ikkje gje nye negative konsekvensar.

Rådmannen tilrår å ta KBA50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.


**POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å arrondere innspelsområdet slik at dyrkamarka blir satt av til LNF-føremål.



## Konsekvensutgreiing av nye område for grønstruktur

### TD50 – Bakketun 1

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Idrettsanlegg: TD50		
<b>Gnr/bnr:</b> 10/37 og 8/76	<b>Storleik:</b> Ca. 2 daa	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Friområde/Snarveg	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Grønkorridor	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Administrasjonen ynskjer å sikre grønkorridor mellom Torpo barnehage og Bakketun idrettsanlegg.		
<b>Skildring av området:</b> Området blir i dag nytta som stig/grønkorridor mellom barnehagen og Bakketun.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø	-	Ikkje relevant
Landskap og kulturmiljø		Innspelet vil oppretthalde landskapet slik det er i dag.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	-	Utanfor aktsemdområde for flaum/skred og høgspenningsanlegg.
Klima		Naturressursar vil ikkje gå tapt.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Ein svært viktig grønkorridor: «Malvegen-Bakketun-Torpo barnehage» går igjennom arealet. Tiltaket vil dermed sikre denne grønkorridoren.

Barn og unge		Tiltaket vil gi ein samanhengande grønkorridor og knytte barnehagen saman med idrettsanlegget.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Eit godt trafikktryggleikstiltak.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil sikre ein tryggare tilkomst til idrettsanlegget frå sentrum/barnehage.


**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Innspelet har ingen negativ konsekvens og er ein sikring av dagens bruk som snarveg.

Rådmannen tilrår å ta TD50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.
- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 08.01.2024 å justere TD50 slik at turvegen gjennom eigedom 10/37 kan flyttast heilt nord på eigedomen.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Idrettsanlegg: FRI51		
<b>Gnr/bnr:</b> 4/138 og 9/13	<b>Storleik:</b> Ca. 30,5 daa	
<b>Innspel nr. :</b> 28 og 34	<b>Ønske om bruk:</b> Idrettsanlegg	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Området blir nytta som leike- og rekreasjonsområde.	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Torpo Vel og Ål Stigbyggerlag AS ynskjer å endre arealføremål frå bustader til idrettsanlegg og å leggje til rette for idrett/friområde/sykling. Ål Stigbyggerlag AS ynskjer vidareutvikling av stigsykling og fritidsaktivitetar i tråd med «<i>Masterplan for sentrumsnær terrengsykling i Ål</i>».</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Området består i dag av fleire stigar som blir nytta til tur, sykling og riding. Innspelsområdet strekkjer seg frå Bakketun idrettsanlegg, og opp mellom Sirevegen og Sireåne.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		<p>Arealet ligg i nedbørsfeltet til Sireåne nedstrøms utløp kraftverk (012-3250-R), som har god økologisk tilstand.</p> <p>Dersom det blir ein anleggsfase, kan det bli noko avrenning i ein kortare periode, men avbøtande tiltak skal inkluderast i etableringsfasen. Miljømålet er oppnådd i dag og tiltaket vil ikkje påverke dette.</p> <p>Vurdering etter vassforskrifta § 12 er ikkje relevant.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet til Sireåne.</p>
Landskap og kulturmiljø		Innspelet vil ikkje føre til at området blir bebygd.


Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Ein del av arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, inkludert ein mindre del jord- og flaumskred. Det går også ei omsynssone for høgspenst gjennom området.
Klima		Tiltaket vil ikkje føre til tap av naturressursar.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Området er frå før eit viktig leike- og rekreasjonsområde. Ein svært viktig snarveg frå Sire til Bakketun idrettsplass går igjennom arealet.
Barn og unge		Eit viktig område for barn og unge. Ca. 1 km frå Torpo skule.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Ingen vegar innanfor arealet. Ein kjem seg dit frå Sirevegen eller Bakketun idrettsplass. Gang- og sykkelveg langs heile vestsida av området. Offentleg transport tilknytt området.
Teknisk infrastruktur		Off. VA
Folkehelse og nærmiljø		Eit viktig sentrumsnært område for friluftsliv og rekreasjon i tett tilknytning til etablert bustadområde.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Området er i dag eit viktig leike- og rekreasjonsområde. Delar av området er i dag regulert til bustad. Sjølv om mindre delar av området er innanfor aktsemdsområde for flaum og omsynssone høgspenstanlegg, er konsekvensane mindre fordi arealføremålet går frå bustad til idrettsanlegg. Tiltaket vil samla sett få ein positiv verknad ved endra arealføremål, og ligg også inntil Bakketun.

Rådmannen tilrår å ta FRI51 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Friområde: FRI50		
<b>Gnr/bnr:</b> 8/1 og 8/84	<b>Storleik:</b> ca. 10 daa	
<b>Innspelet nr. :</b> Grendemøte	<b>Ønske om bruk:</b> Friområde	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Badeplass og skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspelet:</b> Innspelet er eit resultat av Grendemøte på Torpo		
<b>Skildring av området:</b> Innspeletområdet blir ei utviding av badeplassen som ligg mellom riksveg 7 og Hallingdalselva.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassmiljø		Tiltaket vil ikkje medføre noko endring for vassførekomsten (Hallingdalselva, 012-3147-R).
Landskap og kulturmiljø		Innspelet vil sikre eit større friområde for badeplass og oppretthalde landskapet slik det er i dag.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Arealet ligg innafør gul/delvis raud støysone til rv.7.
Samfunnstryggleik		Om lag heile området ligg innanfor aktsemdkartet for flaum. Delar av området ligg innanfor omsynssone for høgspenningsanlegg.
Klima		Naturressursar vil ikkje gå tapt.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Delar av området ligg innafør det allereie etablerte svært viktig friluftslivsområde:

		«Bade plass Torpo», med benkar, bål plass, volleyballbane og stupebrett. Tiltaket vil utvide og sikre friluftslivs område langs Hallingdalselva.
Barn og unge		Tiltaket ligg sentrumsnært, og ca. 500 m frå skule langs veg med gang- og sykkelveg, med unntak av brua over rv.7.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Privat veg heilt fram frå off. veg.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Positivt tiltak for nærmiljøet og folkehelse, og ligg tilknytt svært viktig friluftslivs- og rekreasjons område.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Innspelet er ei vidareføring av dagens bruk av området – bade plass .

Rådmannen tilrår å ta FRI50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## Konsekvensutgreiing av nye infrastrukturtiltak

### GS30 – Nordbygdene skule - Feten

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Gangveg: GS30		
<b>Gnr/bnr:</b> 2244/1 (FK), 71/10, 71/3, 71/1, 70/6,70/9, 69/4, 69/30, 68/3, 68/1, 67/2, 67/1, 66/4, 66/1, 66/12, 65/5, 65/4, 65/1, 65/2.	<b>Storleik:</b> Ca. 1 km.	
<b>Innspel nr. :</b> 86 og 88	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg frå Nordbygdene skule/barnehage til Feten.	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender.	<b>Dagens bruk:</b> Impediment, skog og dyrka mark.	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Fjellet IL med fleire, ynskjer ein gangveg frå Nordbygdene skule til Feten.		
<b>Skildring av området:</b> Tiltaket vil gå nord for Nordbygdvegen, frå Nordbygdene skule/barnehage til Feten.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Observasjon av fuglar i området, m.a. vipe (CR).
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,8 daa dyrka mark, noko skog og impediment.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Tiltaket vil krysse to bekkar som ligg i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), som har moderat økologisk tilstand, miljømålet iht Regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken 2021-2027 er god økologisk tilstand. Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.  Tiltaket må sikrast mot evt. flaum.
Landskap og kulturmiljø		Leveld er både eit KULA og UKL landskapsområde, men tiltaket vil gå langs vegen i dalbotn og ikkje forringe det karakteristiske landskapstrekket.

Kulturminne		Ein SEFRAK bygning vil ligge nærme tiltaket. I dag er det ca. 11 m. frå vegen til bygningen. Elles ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Ligg innanfor gul støysone
Samfunnstryggleik		Delar av gangvegen ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Ein høgspenlinje kryssar gangvegen.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil gi tryggare veg til skule og rekreasjonsområde som ljosløype, både frå Leveldvegen, og vestover til Feten.
Barn og unge		Vil gi tryggare veg til barnehage og skule langs fv.2930.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Tiltaket vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak. Gangvegen vil krysse åtte avkøyrslar/vegar. Tiltaket vil ligge tett på Leveld Sag, ca. 7,5 m. frå vegskulder til bygning.
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant med VA her. Det ligg ein telefonkabel i traséen.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare tilkomst til friluftsliv- og rekreasjonsområde. Vidare vil tiltaket binde saman Nordbygdvegen (fv.2930) og Leveldvegen, og gi ein tryggare rundtur i bygda.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


Tiltaket legg beslag på jordressursar, men jordvernet bør vike til fordel for eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmannen tilrår å ta GS30 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.



GS40 – Tveitehagen – Votndalen bustadfelt

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Gangveg: GS40		
<b>Gnr/bnr:</b> 2244/1 (FK), 55/25, 55/21, 55/20, 55/108	<b>Storleik:</b> Ca. 446 meter	
<b>Innspel nr. :</b> Administrasjonen	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Impediment, bygd areal, skog, dyrka mark og noko beite.	
<b>Kartbilete:</b>		
		
<b>Innspel:</b>		
<b>Skildring av området:</b> Gangvegen vil gå frå Tveitehagen til bustadfeltet i Votndalen. Der kjem den inn på eksisterande gangveg som går vidare til Votnahall.		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,4 daa dyrka jord, 0,08 daa innmarksbeite, noko skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Tiltaket vil krysse to bekkar som ligg i nedbørsfeltet til Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.  Tiltaket må sikrast mot evt. flaum.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.

Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Ligg innanfor gul støysone til fylkesveg.
Samfunnstryggleik		Korte delar av gangvegen ligg innanfor aktsemdområde for flaum.  Tiltaket ligg over område for grunnvassforsyning.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil gi tryggare veg til rekreasjonsområde som ljosløype og skisenter frå Tveitehagen og sørover til Votnahall (samfunnshus) og hotell.
Barn og unge		Vil gi tryggare veg langs fv. 2930.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Gangvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak. Den vil krysse tre vegar/avkøyrslar.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare adkomst til skiløype, skisenter og friluftsliv- og rekreasjonsområde. Vidare vil tiltaket binde saman Nordbygdvegen (fv.2930) og Votndalsvegen, og gi ein tryggare rundtur i bygda.

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Tiltaket legg beslag på jordressursar, men jordvernet bør vike til fordel for eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmannen tilrår å ta GS40 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

#### GS42 Gang- og sykkelveg Votndalen

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035	
Gangveg: GS42	
<b>Gnr/bnr:</b> 55/108, 55/10, 55/146, 2244/1, 55/2, 55/147, 55/1, 55/92, 55/9, 55/172, 55/104, 55/117, 55/43, 55/62, 55/4, 55/5, 51/11, 51/2,50/3 og 50/4.	<b>Storleik:</b> Ca. 978 m
<b>Innspel nr.</b> 159	<b>Ønske om bruk:</b> Gang- og sykkelveg
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3	<b>Dagens bruk:</b> Veg, impediment, jord og skog.

**Kartbilette:**

**Innspel:** Initiativtakarar ynskjer gang/sykkelveg frå Samhald til Gullhagen for å trygge gåande og syklande på Nordbygdvegen, fv. 2930. Strekinga som her er avsett, mellom Votndalen bustadfelt og Lund, blir eit ledd på denne strekinga.

**Skildring av området:** Avsett areal følgjer austsida av fv.2930, Nordbygdvegen. I nord vil den møte den planlagde gang- og sykkelvegen, GS40, som går frå Tveitehaug til Votndalen bustadfelt. Det ligg også inne eksisterande avsette områder til gang- og sykkelveg også på vestsida ved Votnahall og Actif.

TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,1 daa fulldyrka jord, elles skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Tiltaket vil gå langs Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor gul støysone langs Nordbygdvegen, fv. 2930, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegbanen/vegskuldra.

Samfunnstryggleik og ROS		Delar av strekninga kjem inn i aktsemdsonar for flaum og jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil gi tryggare veg til rekreasjonsområde som ljosløype og skisenter.
Barn og unge		Tiltaket vil, saman med dei andre planlagde gangvegane, gi tryggare veg langs fv. 2930 til barneskule og barnehage, samt m.a. skianlegg.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Gang- og sykkelvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel, samt tilkomst til friluftsliv- og rekreasjonsområde. Vidare vil tiltaket, saman med dei andre planlagde gangvegane, binde bygdene Votndalen og Leveld tettare saman.

**Rådmannen si tilråding:** Gang- og sykkelvegen vil vere eit viktig trafikktryggleikstiltak og eit viktig ledd i å kople Sundre (Baklivegen) saman med Votndalen og Leveld. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmann tilrår å ta GS43 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## GS43 Gang- og sykkelveg Votndalen


AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Gangveg: GS43		
<b>Gnr/bnr:</b> 2244/1, 58/15, 58/1, 58/3, 57/6, 57/3, 57/1, 57/5, 57/76, 57/7, 57/69, 56/2, 56/1 og 56/5.	<b>Storleik:</b> Ca. 2 km	
<b>Innspel nr.</b> 159	<b>Ønske om bruk:</b> Gang- og sykkelveg	
<b>Føremål i vedtekte arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Ingen	
<b>Kartbilette:</b>		
<p><b>Innspel:</b> Initiativtakarar ynskjer gang/sykkelveg frå Samhald til Gullhagen for å trygge gåande og syklande på Nordbygdvegen, fv. 2930. Strekinga som her er avsett, mellom Samhald og Tveitehaug, blir eit ledd på denne strekinga.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Avsett areal følgjer fv.2930, Nordbygdvegen. I sør vil den møte den planlagde gang- og sykkelvegen, GS40, som går frå Tveitehaug til Votndalen bustadfelt, og ved Samhald vil den kome inn på den eksisterande gangvegen som går til Nordbygdene skule og barnehage.</p>		
TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,7 daa fulldyrka jord og 1,47 daa beite. Resten skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Tiltaket vil gå langs Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø		Tiltaket vil følgje fv. 2930, og ikkje forringe landskap eller kulturmiljø. Men den vil ende innanfor omsynssoona til Leveld, som er UKL og KULA landskap.
Kulturminne		Ligg ein SEFRAK bygning nær tiltaket, ca. 8 m frå vegkant. Tiltaket må ta omsyn til denne.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor gul støysoone langs Nordbygdvegen, fv. 2930, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegbanen/vegskuldra.
Samfunnstryggleik og ROS		Delar av strekninga kjem inn i aktsemdsonar for flaum og jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil knytte to gangveggar saman, som vil gi tryggare veg til skule, barnehage og rekreasjonsområde som ljosløype.
Barn og unge		Tiltaket vil, saman med dei andre planlagde gangvegane, gi tryggare veg langs fv. 2930 til barneskule og barnehage, samt m.a. skianlegg.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Turvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel, samt tilkomst til friluftsliv- og rekreasjonsområde. Vidare vil tiltaket binde bygdene Votndalen og Leveld meir saman.

**Rådmannen si tilråding:** Gang- og sykkelvegen vil vere eit viktig trafikktryggleikstiltak og eit viktig ledd i å kople Sundre (Baklivegen) saman med Votndalen og Leveld. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmann tilrår å ta GS43 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

RULLERING AV AREALDELEN FOR ÅL 2021		
Turveg/turdrag: TD40		
<b>Gnr/bnr:</b> 58/1 og 58/15	<b>Storleik:</b> Ca. 288 meter.	
<b>Innspel nr. :</b> 93 og 86	<b>Ønske om bruk:</b> Turveg mellom Løkensgard og øvre vegen i Votndalen	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Skog, innmarksbeite og dyrka jord.	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<b>Innspel:</b> Fjellet IL ynskjer turveg mellom Løkensgard og øvre vegen i Votndalen.		
<b>Skildring av området:</b> Planlagd turvegtrasé følgjer skogkanten, går gjennom eit lite skogholt og kryssar eit beite før den kjem opp på Votndalsvegen. Turvegen vil korte ned avstanden og binde saman grendene.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ein del av vegen i vest kjem inn i eit viltråkk. Elles ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,3 daa dyrka jord og 0,15 daa innmarksbeite. Resten skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø	-	Ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik		Starten av turvegen ligg innanfor aktsemdområde for flaum, jord- og flaumskred og omsynssone til høgspenit.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		

Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil vere eit positivt friluftslivstiltak, og gi større tilgang til fleire friluftsliv- og rekreasjonsområde.
Barn og unge		Turstigen vil på sommarstid korte ned avstanden- slik at det blir lettare for barn og unge å gå/sykle til skule, barnehage og leikeplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Turstigen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant for stigen, men kan vere aktuelt å leggje avløpsleidning i traséen.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel mellom grendene Votndalen og Leveld.

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Tiltaket vil føre til tap av noko jordressursar, men omfanget vil vere avgrensa. Turvegen vil bli ein snarveg som vil korte ned avstanden mellom grendene, og gjere det lettare å gå/sykle til skule/barnehage og leikeplass utanom vintersesongen. Starten av turvegen ligg innanfor aktsemdområde for flaum og jord- og flaumskred, noko som må kartleggast og avklarast før tiltaket kan bli etablert.


Rådmannen tilrår å ta TD40 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

#### TD 41 – Samhald – Votndalsvegen alt.1

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035	
Turdrag alt.1 (nord): TD41	
<b>Gnr/bnr:</b> 58/3 og 58/1	<b>Storleik:</b> Ca. 435 m
<b>Innspel nr.</b> 145	<b>Ønske om bruk:</b> Turdrag
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF 3 – grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite og skog
<b>Kartbilette:</b>	





**Innspel:** Initiativtakar føreslår alternativ trasé 1 dersom det gitte forslaget for turdrag mellom Løken og Samhald, TD40, ikkje let seg gjennomføre. Turdraget vil starte i Votndalsvegen, ved gnr/bnr 58/3, og krysse over i beitet hos gnr/bnr. 58/1, kor det finst naturlege stigar frå før. Stigen fortsett ned mot fv. 2930 og Samhald. Området er noko bratt, men traséen vil halde høgdekurva, og gjere den meir brukarvenleg for barn. Initiativtakar har to alternative traséar, TD41 og TD42, men meiner denne samla sett er den beste.

**Skildring av området:** Turdraget vil gå frå Votndalsvegen og ned til Samhald og Leveld. Turdraget vil kome ned rett før brua som kryssar Løkbekken på fv. 2930. Området er nokså bratt, består av beite og skog og nokre etablerte stigar.

TEMA	KONSEKVENSA	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Tiltaket vil krysse eit beite, men nytte allereie eksisterande stigar i området. Elles skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomst.
Vassressursar		Tiltaket vil krysse ein bekk i Votna Bekkefelt nord (012-2215-R) som har moderat økologisk tilstand. Tiltaket vil likevel ikkje ha nokon negativ påverknad på lang sikt, men unntaket kan vere under etablering. Ei evt. kryssing her må ikkje vere til hinder for auka vassføring.
Landskap og kulturmiljø		Innspelet kjem ned ved Løkbekken som grensar til Leveld, som er eit UKL og KULU område. Innspelet rører ikkje omsynssona.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik og ROS		Delar av strekninga kjem inn i aktsemdsonar for jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.

SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil vere eit positivt friluftslivstiltak, og gi større tilgang til fleire frilufts- og rekreasjonsområde.
Barn og unge		Turstigen vil på sommarstid korte ned avstanden- slik at det blir lettare for barn og unge å gå/sykle til skule, barnehage og leikeplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Turdraget vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak, men det forutsett ei bru som krysser Løkbekken, slik at ein ikkje hamner ute på fylkesvegen.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant for stigen.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel mellom grendene Votndalen og Leveld.


**Rådmannen si tilråding:** Tiltaket vil forutsette ei bru som kryssar Løkbekken, slik at ein ikkje fører brukarane ned på den tronge brua på fv.2930. Brua må ikkje vere til hinder for auka vassføring.

Tiltaket vil føre til tap av noko jordressursar, men omfanget vil vere avgrensa. Turvegen vil bli ein snarveg som vil korte ned avstanden mellom grendene, og gjere det lettare å gå/sykle til skule/barnehage og leikeplass utanom vintersesongen.

Rådmannen tilrår å ta TD41 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

TD 42 – Samhald – Votndalsvegen alt.2

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Turdrag alt.2 (sør): TD 42		
<b>Gnr/bnr:</b> 57/3, 57/6, 58/3	<b>Storleik:</b> Ca. 375 m	
<b>Innspel nr.</b> 145	<b>Ønske om bruk:</b> Turdrag	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF 3 – grender	<b>Dagens bruk:</b> Beite og skog	
<b>Kartbilette:</b>		
		
<p><b>Innspel:</b> Initiativtakar føreslår alternativ trasé 2 dersom det gitte forslaget for turdrag mellom Løken og Samhald, TD40, ikkje let seg gjennomføre. Turdraget vil starte i Votndalsvegen, ved gnr/bnr 57/3, og kome ned på fv.2930 v/ gnr/bnr. 58/3. Initiativtakar opplyser om at denne traséen manglar naturleg stig, så ein må lage ny veg frå botnen. Likevel er det positivt at ein vil ha ein fordel når ein kjem ned til Nordbygdvegen, då ein kan knytte stigen saman med vegen som går inn til Springgard. Slik vil også dei på motsett side av Votna få nytte av stigen vidare til Samhald. Samstundes vil ein knytte seg til stigen etter kloakkleidningen som går sørover, vidare mot sagbruket og nedover mot lysløypa i Votndalen. Ein slik trasé vil i større grad knytte heile Votndalen saman med Leveld, ikkje berre øvrevegen.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Turdraget vil gå frå Votndalsvegen og ned til fv. 2930, kor den må krysse fylkesvegen. Området er nokså bratt, og består av beite og skog.</p>		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Tiltaket vil krysse eit beite. Elles skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Tiltaket vil gå langs Votna (012-2001-R), som har godt økologisk potensial.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.

Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn	-	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik og ROS		Delar av strekninga kjem inn i aktsemdsonar for flaum og jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket vil vere eit positivt friluftslivstiltak, og gi større tilgang til fleire friluftsliv- og rekreasjonsområde.
Barn og unge		Turstigen vil på sommarstid korte ned avstanden- slik at det blir lettare for barn og unge å gå/sykle til skule, barnehage og leikeplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Turdraget vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak, men det forutsett ei kryssing av fv. 2930.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel mellom grendene Votndalen og Leveld.

**Rådmannen si tilråding:** Turdrag alternativ 2 vil krevje kryssing av fv. 2930 når den kjem ned, noko som gjer dette alternativet til eit mindre trafiksikkert tiltak. Rådmannen tilrår derfor å ikkje leggje inn TD42 i planforslaget til arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 å ikkje leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

GS41 – Satakroken – Torpo vest

RULLERING AV AREALDELEN FOR ÅL 2021		
Føremål: Gang- og sykkelveg: GS41		
<b>Gnr/bnr:</b> 32/3, 1007/1, 31/6, 31/6, 31/10, 31/10, 31/1, 23/2, 23/11, 23/27, 23/31, 30/21, 10/10, 10/10/1, 12/12, 12/14 og 12/17.	<b>Storleik:</b> Ca. 2,1 km	
<b>Innspel nr. :</b> Frå KPU 09.01.23.	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg frå Satakroken/Bakken til Torpo vest.	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Impediment, bygd areal, veg, skog, innmarksbeite og dyrka jord.	
<b>Kartbilette:</b>		
<b>Innspel:</b> Innspel frå kommuneplanutvalet i møtet den 09.01.2023.		
<b>Skildring av området:</b> Gangveg frå Satakroken på nordsida langs rv.7 til Torpomoen.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbase viser observasjon av tårnseiler (NT) ved Torpomoen. To vilttrekk kryssar tiltaket, men sidan gangvegen vil gå parallelt med riksvegen, vil ikkje gangvegen ytterlegare forringe vilttrekka.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 1,2 daa fulldyrka jord, 0,1 daa innmarksbeite, noko skog.
Mineralressursar		-Ein registrert sand- og grusressurs, førekomst: «Torpomoen 0619-010». Bygd areal opptek det meste av førekomsten, og Grusdatabasen syner at førekomsten ikkje er aktuell for uttak i dagens situasjon (datert

		1996) <a href="http://ngu.no">Norges geologiske undersøkelse (ngu.no)</a> .
Vassmiljø		Tiltaket vil gå langs Hallingdalselva (012-3147-R), som har god økologisk tilstand.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor raud støysone frå rv. 7, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegbanen/vegskuldra.
Samfunnstryggleik		Delar av gangvegen ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, og ein liten del ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Tiltaket kryssar omsynssone for høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Tiltaket kjem ikkje i konflikt med kartlagde friluftsområde, og vil i seg sjølv vere positivt for rekreasjon og friluftsliv.
Barn og unge		Vil gi tryggare veg langs rv.7
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Gang- og sykkelvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak. Den vil krysse sju avkøyringar frå rv.7.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi tryggare ferdsel for mjuke trafikantar på strekninga. Tiltaket vil saman med GS51 gi moglegheit for å sykle/ gå frå Ål til Gol.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:** Tiltaket legg beslag på jordressursar, men jordvernet bør vike til fordel for eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmannen tilrår å ta GS41 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

GS50 – Torpo skule – Torpo Aust

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2023-2035		
Gang – og sykkelveg: GS50		
<b>Gnr/bnr:</b> 7/42, 7/54, 7/7, 7/122, 7/36, 9/45, 9/46, 8/28, 8/32, 8/197, 7/47, 7/119, 7/48, 7/61, 7/3, 8/26, 8/4, 2242/1 og 3000/13.	<b>Storleik:</b> 1180 m. + 138 m.	
<b>Innspel nr. :</b> 97	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg i Torpo	
<b>Føremål i vedtekte arealdel:</b> LNF – 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> I hovudsak bygd areal, noko dyrka jord.	
<b>Kartbilete:</b>		
<b>LSB52Innspel:</b> Torpo Vel ynskjer å avsette areal til gangveg.		
<b>Skildring av området:</b> Gangvegen strekkjer seg 1318 m langs Torpovegen, frå avkøyringa av rv.7 i aust til Torpo skule i vest.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen treff på utvalde naturtypar eller trua/sjeldne artar.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,78 daa dyrka jord, noko skog.
Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassmiljø		Tiltaket vil krysse Sireåne (012-3250-R), som har god økologisk tilstand.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.  Tiltaket må sikrast mot evt. flaum.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne		Askeladden viser eit kulturminne; 89655-1 lausfunn på nordsida av Torpovegen. Tiltaket er lagt til sørsida og vil difor ikkje komme i konflikt med registrerte kulturminne.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor gul støysoner langs Torpovegen, fv.2926, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegbanen/vegskuldra.

Samfunnstryggleik		Mindre delar av gangvegen ligg innanfor aktsemdområde for flaum.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Turvegen vil gi tryggare tilkomst til Bakketun idrettsplass, badeplass, fiske og grøntområde.
Barn og unge		Tiltaket vil gi tryggare veg langs fv. 2926 til barneskule og barnehage, samt idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Turvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak. Den vil krysse fire avkøyringar/vegar.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel langs Torpovegen (fv.2926).

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Tiltaket legg beslag på jordressursar, men jordvernet bør vike til fordel for eitt viktig trafikktryggleikstiltak. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmannen tilrår å ta GS50 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

#### **POLITISK HANDSAMING:**

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

- Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 å ta innspelsområdet ut av planforslaget.



GS51 – Trillhus- Torpo aust

RULLERING AV AREALDELEN FOR ÅL 2021		
Føremål: Gang- og sykkelveg: GS51		
<b>Gnr/bnr:</b> 2/7, 4/12, 1007/1, 2/2, 2/6, 4/42, 4/43, 4/14, 4/168, 4/13, 4/18, 4/34, 4/174, 4/97, 4/60, 4/19, 4/6, 4/27, 4/89, 4/9, 4/39, 8/86, 5/23 og 8/111.	<b>Storleik:</b> Ca. 2,8 km	
<b>Innspel nr. :</b> Frå KPU 09.01.23.	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg frå Trillhus til Torpo aust.	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF 3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Hovudsakleg skog og impediment, noko innmarksbeite.	
<b>Kartbilete:</b>		
<b>Innspel:</b> Innspel frå kommuneplanutvalet i møtet den 09.01.2023.		
<b>Skildring av området:</b> Gangveg på nordsida av rv.7 frå Trillhus til Torpo aust.		
TEMA	KONSEKVEN SAR	SKILDRING OG AVGJERSLE
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Tre vilttrekk kryssar tiltaket, men sidan gangvegen vil gå parallelt med riksvegen, vil ikkje gangvegen ytterlegare forringe vilttrekka.
Naturressursar (jord/skog)		Ca. 0,46 daa dyrkamark og ca. 0,03 daa innmarksbeite og skog.
Mineralressursar		Det er registrert ein grusressurs, førekomstområde «Slåtten» 0619-008. Grusdatabasen frå NGU viser at dette er ein grov avsetning med mykje blokk i overflata, og vil derfor ikkje vere aktuell for uttak <a href="http://Norges.geologiske.undersøkelse(ngu.no)">Norges geologiske undersøkelse (ngu.no)</a> .

Vassmiljø		Tiltaket vil gå langs Hallingdalselva (012-3147-R) og Skaraåsen bekkefelt (012-2419-R), som begge har god økologisk tilstand.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne	-	Ingen registrerte kulturminne innanfor området.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor raud støysone frå rv.7, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegskuldra.  Tiltaket rører ved deponiet: «Haugen 2473», med påverknadsgrad x – Mistanke/lite informasjon om forureining eller deponering av avfall.
Samfunnstryggleik		Delar av gangvegen ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, og ein liten del ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Tiltaket kryssar omsynssone for høgspentanlegg.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Den austlege delen av gangvegen vil ligge innanfor strandsona; Hallingdalselva frå Tingvollfjorden til Trillhus. Tiltaket vil ikkje forringe denne, men heller gjere området meir tilgjengeleg for allmenta. Den vestlege delen ligg innanfor nærturterreng: «Refleksløype mellom rv.7 og Siresletta», men tiltaket som går langs rv.7 vil ikkje forringe denne.
Barn og unge		Vil gi tryggare veg langs rv.7
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Gang- og sykkelvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak. Den vil krysse fem avkøyringar frå rv.7.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant for gangvegen, men kan vere aktuelt å leggje avløpsleidning i delar av traséen.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi tryggare ferdsel for mjuke trafikantar på strekninga. Tiltaket vil saman med GS41 gi moglegheit for å sykle/ gå frå Ål til Gol.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Tiltaket legg beslag på jordressursar, men jordvernet bør vike til fordel for eit viktig trafikktryggleikstiltak. Det vil vere krav om detaljregulering med tilhøyrande kartleggingar. Tiltaket vil vere svært positivt for samfunnet.

Rådmannen tilrår å ta GS51 inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035.

**POLITISK HANDSAMING:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.2023 i sak 2/23, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## GS52 Gang- og sykkelveg Torpo nordsida

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANENEN 2023-2035		
Gangveg: GS52		
<b>Gnr/bnr:</b> 8/50, 8/91, 8/108, 8/62, 8/56, 4/138, 10/59, 10/51, 10/17, 10/60, 10/46, 8/18, 8/31, 8/76, 8/70, 8/69, 8/68, 8/67, 8/66, 8/65, 2241/1, 7/62, 8/33, 7/102, 7/35, 7/30 og 4/171.	<b>Storleik:</b> Ca. 1060 m	
<b>Innspel nr.</b> 157	<b>Ønske om bruk:</b> Gangveg	
<b>Føremål i vedteke arealdel:</b> LNF-3 grender	<b>Dagens bruk:</b> Ingen	
<b>Kartbilete:</b>		
<p><b>Innspel:</b> Initiativtakar ynskjer å endre den planlagde gang- og sykkelvegen på Torpo, GS50, til å ligge på nordsida av Torpovegen. Han foreslår å vidareføre gangvegen frå busshaldeplassen ved Tretterudkrysset (som ligg på nordsida), og inn på Nyhusmovegen, som er ein lite trafikkert blindveg. Dette meiner han vil vere betre for mjuke trafikantar som kjem frå Skulevegen, som då ikkje treng krysse vegen i samanheng med skule/idrettsanlegg. Dette vil også vere betre for grunneigarane som har større tomter og bustadene lengre frå grensa til Torpovegen, enn kva som er tilfellet på sørsida.</p>		
<p><b>Skildring av området:</b> Gangvegen strekkjer seg ca. 1060 m på nordsida av, og langsetter, Torpovegen, frå avkøyringa av rv.7 i aust, til busshaldeplassen før avkøyringa til Sirevegen.</p>		
<b>TEMA</b>	<b>KONSEKVEN SAR</b>	<b>SKILDRING OG AVGJERSLE</b>
<b>MILJØ</b>		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturbasekart viser treff på karplantar (NT) like ved tiltaket.
Naturressursar (jord/skog)		Skog.

Mineralressursar	-	Ingen registrerte mineralførekomstar.
Vassressursar		Tiltaket vil krysse Sireåne (012-3250-R), som har god økologisk tilstand.  Tiltaket vil ikkje ha påverknad på vassførekomsten, og vurdering etter §12 i vassforskrifta er ikkje relevant.  Tiltaket må sikrast mot evt. flaum.
Landskap og kulturmiljø	-	Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk, og ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
Kulturminne		Askeladden viser eit kulturminne; 89655-1 (Torebråten) lausfunn innanfor området. Funn av seks økser av jern ved omlegginga av riksvegen i 1940.
Forureining til luft og grunn		Tiltaket vil stort sett ligge innanfor gul støysone langs Torpovegen, fv.2926, men tiltaket er ikkje meint for varig opphald og det er eit betre alternativ enn å sykle/gå langs vegbanen/vegskuldra.
Samfunnstryggleik og ROS		Delar av strekninga kjem inn i aktsemdsonar for flaum og jord- og flaumskred.
Klima		Tiltaket vil føre til noko tap av naturressursar, men redusere framtidige klimagassutslepp.
<b>SAMFUNN</b>		
Friluftsliv og rekreasjon		Gangvegen vil gi tryggare adkomst til Bakketun idrettsplass, badeplass, fiske og grøntområde.
Barn og unge		Tiltaket vil gi tryggare veg langs fv. 2926 til barneskule og barnehage, samt idrettsplass.
Trafikale forhold/ Trafikktryggleik		Gang- og sykkelvegen vil vere eit godt trafikktryggleikstiltak.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje relevant.
Folkehelse og nærmiljø		Tiltaket vil i seg sjølv vere positivt for folkehelsa, og gi auka moglegheit for tryggare ferdsel langs Torpovegen, fv.2926.

**Rådmannen si tilråding:** Administrasjonen er samde med innsender av dette forslaget om å endre traséen frå sørsida til nordsida av Torpovegen. Etter ei samla gjennomgang av konsekvensane på nordsida, tilrår Rådmannen å legge gang- og sykkelvegen inn i planforslaget for arealdelen av kommuneplanen 2023-2035. Rådmann tilrår også at GS50 tas ut av planforslaget.

**Politisk handsaming:** Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 18.09.2023, å leggje innspelsområdet inn i planforslaget.

## Samla konsekvensutgreiing av planforslaget

Konsekvensutgreiinga omfattar verknadene av kvar enkelt endring i arealbruken i forhold til gjeldande plan, og verknadene av dei samla arealbruksendringane planen medfører. Endring av arealbruken omfattar mellom anna omdisponering av LNF område til utbyggingsføremål og endring av utbyggingsføremål. I gjeldande plan ligg store område inne som LNF-3 grender, som er areal for spreidd bustad- fritids- eller næringsbygg. No vil desse områda bli erstatta med LSE; spreidd utbygging eksisterande, og i samla areal vil LSE bli mindre omfattande enn det er i gjeldande plan. Vidare er det også gjort noko «oppryddingsarbeid», slik at nye arealføremål speglar eksisterande bruk av området.

Kravet om vurdering av verknadene av planforslaget samla arealendring, inneber at alle enkeltområda blir sett meir i samanheng. Kunnskapsgrunnlaget for vurderingane av dei samla verknadene er avgrensa til dei utgreiingstema som er blitt gjort for kvart innspelsområde.

### Innspeil til ny arealdel av kommuneplanen

Følgjande innspel er med i ny arealdel av kommuneplanen, og vurdert i konsekvensutgreiinga:

- a) Tre område til bustadbygging på totalt ca. 212, 5 daa, kor av området B53 på 10,5 daa allereie er etablert.
- b) Ni område til spreidd bustader på totalt ca. 212, 5 daa.
- c) 12 område til næringsverksemd på totalt ca. 920 daa, kor av området NÆ54 på 9,2 daa allereie er etablert.
- d) Eitt område til spreidd næringsverksemd på ca. 32,8 daa.
- e) To område for fritids- og turistføremål på ca. 2,8 daa.
- f) Eitt område for offentleg- og privat tenesteyting på ca. 3,4 daa.
- g) Eitt område for råstoffutvinning på ca. 55,1 daa.
- h) Eitt område for andre typar bebyggelse og anlegg på ca.32,8 daa.
- i) Eitt område for kombinert bebyggelse og anleggsføremål på ca. 14,6 daa.
- j) Eitt område for idrettsanlegg på totalt ca. 2 daa.
- k) Ni område for infrastrukturiltak på totalt 11107 meter.
- l) To område for friområde på ca. 40,5 daa.

## 1. Miljø

### Naturverdiar og biologisk mangfald

Kartlegginga av naturmangfald i Ål kommune er dårleg- til middels dårleg. Konsekvensutgreiinga er basert på eksisterande kartlegging, og område utan kartlegging/registrering kan derfor ha naturmangfald som ikkje er registrert.

Samla sett utgjer mykje av utgreiinga fugleobservasjonar i/kring innspelsområda. Fleire av observasjonane går fleire år attende i tid, og mange av observasjonane gjort av fugl blir presentert i «samle-punkt» i karttenestene. Det gjer at konsekvensutgreiingane når det gjeld fugl kan vere upresise, og derfor heller ikkje aleine eigna som beslutningsgrunnlag. Dei er likevel tekne med som eit utgangspunkt for vurderingane. Utover dette er det trekkveg for hjortevilt som er den naturverdien som er sterkast rørt:

Område	Utvalde og/eller spesielle naturtypar i innspelsområdet	Utvalde artar i/nært innspelsområdet	Vilttrekk i/nært området
--------	---	--------------------------------------	--------------------------

LSB40			X
NÆ50			X
NÆ04			X
NÆ03			X
NÆ06		Fugleobservasjon	
ABA50			X
B53		Fugleobservasjon	
T31		Fugl	
LSB21		Fugl	
NÆ05			X
GS30		Fugleobservasjon	
TD40			X
GS41		Fugl	X
GS51			X
NÆ52			X
NÆ53		Fugl	
LSB54		Fugl	
FTU20	X		
GS52		Karplantar	

Områda NÆ50 og ABA50 har dei same vilttrekka. Desse områda ligg tett på rv.7, og trekkruta kryssar riksvegen. I så måte vil truleg ikkje ei evt. utbygging her forringe denne i vesentleg større grad enn det riksvegen allereie gjer. Tiltak her vil vere å ivareta mest mogleg skog vest i områda ved ei evt. utbygging/detaljregulering.

Innspela om utbygging og utviding av Kleivi Næringspark, område NÆ03, NÆ04 og NÆ06, er samla sett truleg det området som kan komme i konflikt med naturmangfaldet, då det ligg nærme Strandafjorden med eit rikt og mangfaldig fugleliv, samt at det er fleire vilttrekk i området. Likevel er denne næringsparken allereie godt etablert, og vilttrekka har gått igjennom næringsparken i lang tid. For å kome frå nord til sør må hjorteviltet krysse næringsparken, Hallingdalselva og rv.7, så ei utviding mot søraust vil truleg derfor ikkje forringe vilttrekka ytterlegare.

Planforslaget vil ikkje føre til vesentlege konsekvensar for naturmangfald basert på eksisterande kunnskap. Det må i ein reguleringsplan for Kleivi-området bli tatt omsyn til fugleliv og kantvegetasjon ned mot Strandafjorden.

### Naturressursar (jord/skog)

I planforslaget rører 17 område ved dyrkajord (overflatedyrka og/eller fulldyrka), innmarksbeite og/eller dyrkbar jord, her oppgitt i dekar:

Område	Dyrka jord	Innmarksbeite	Dyrkbar jord	Kompensasjonsareal
B52		1,7		
LSB40		15		
LSB41		2,7	5	
LSB52		1,2		
NÆ30		0,8		
NÆ50	1,6		3	
NÆ52	0,4		0,26	
LSN20		1,4		

T31		3,5		
KBA50			0,8 daa	
GS30	0,8			
GS40	0,4	0,08		
GS41	1,2	0,1		
GS42	0,1			
GS43	0,7	1,47		
TD40	0,3	0,15		
GS51	0,46	0,03		
<b>Totalt</b>	<b>5,96 daa</b>	<b>28,13 daa</b>	<b>9,06 daa</b>	

Området LNS20 og KBA50 er allereie utbygd, men hadde nokre jordressursar innanfor arealet. LNS20 er etter høyringa blitt arrondert slik at jordressursane i større grad blir ivareteke. KBA50, som er tidlegare Lien landbruksskule, har etter høyringa fått dyrkamarka innanfor innspelsområdet gjort om til LNF-føremål.

Områda GS30, GS40, GS41, GS42, GS43, GS51 og TD40, som er avsett til infrastruktur med gang- og sykkelveg, vil samla sett røre ved 3,96 daa dyrka jord og 1,83 daa innmarksbeite. Her er likevel samfunnsinteressene, med omsyn til barn- og unge samt trafikktryggleik, vurdert til å vere viktigare enn jordvernet, og derfor er innspela imøtekome.

Området LSB41 er etter høyringa blitt arrondert, slik at meir av beiteressursane i området blir ivareteke. LSB40 er det einaste området i planforslaget som legg beslag på eit større område innmarksbeite, på 15 daa. Kommunen ynskjer å leggje til rette for at ein kan bygge «småbruksdraumen», og nettopp her er det avsett eit område som mogleggjer dette.

Planforslaget sikrar jordressursane i tråd med det nasjonale jordvernmålet.

### Mineralressursar

I alt rører seks innspelsområde ved registrerte mineralressursar i Norges geologiske undersøkelse (NGU) sine karttenester:

Område	Førekost	Ikkje aktuell for uttak
NÆ50	X	X
NÆ51	X	
NÆ52	X	
ABA50	X	X
GS41	X	X
GS51	X	X

Fire av områda som rører ved grusførekostar, er ikkje aktuelle for uttak, og vil derfor heller ikkje forringe dei registrerte mineralressursane. Når det gjeld innspel NÆ51 og NÆ52, vil tiltaket kunne nytte ressursen som ligg der.

### Vassmiljø

Dei tiltaka som er vurdert i denne konsekvensutgreiinga gjeld vatten som i hovudsak skal førast til kommunalt avløp med god kapasitet, evt. spreidd avløp med god infiltrasjon i områder der vassførekostane har god økologisk tilstand. I områder som har moderat økologisk tilstand legg KU-en til grunn at avløp skal gå til kommunalt avløpsnett.

Totalt sett vurderast det til at den samla belastninga ikkje vil vere vesentleg på vassførekomstane. Relevante avbøtande tiltak er oppretting av kantsoner og av-kloakkering av eksisterande område som ligg tett på nye innspelsområder.

### Landskap og kulturmiljø

I planforslaget er det fem innspel i Leveld, som er eit registrert UKL- område, *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket* og eit KULA-område, *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*. Leveld er ei fjellbygd med jordbrukslandskap som har ein karakteristisk eigedomsstruktur. I planforslaget er området FTU30, vurdert til middel/usikker konsekvens då innspelet *kan* forringe kvalitetane i UKL-området.

Samla sett er det hovudsakeleg innspela til utviding i Kleivi, næringsareal på Torpo og området RU54 avsett til masseuttak, som vil endre landskapet- og gi fjern- og nærverknad. Dei andre innspela er vurdert til å ikkje røre ved viktige landskapstrekk, men heller gli inn som ein del av omgjevnadene. Viktige grøntdrag og friområde er avsett til grønstruktur med underføremål i planen, og dette, saman med vernet av jordressursar, bidreg til å oppretthalde kulturlandskapet og dempe negative verknader av utbygging.

### Kulturminne

Totalt har fem innspelsområde kulturminneregistreringar innanfor arealet. For det eine området, B52 Sireåne, vart det hausten 2022 gjennomført ei arkeologisk registrering med funn av to kolgroper. I oversendingsbrevet frå Viken Fylkeskommune, datert 17.10.2022, står det at: «Dersom ein i framtida fremmer ein plan i dette området, og kulturminna ikkje kan vernast på ein meningsfull måte, har me etter dialog med kommunen utført ei forenkla undersøking av kolgropene. Dei kan dermed frigjevast ved ei eventuell seinare høyring av reguleringsplan.»

For næringsområda NÆ03, NÆ04, NÆ52 er det krav om detaljregulering og kulturminne vil bli ivareteke gjennom plan. Det same gjeld for GS52 på Torpo.

Når det kjem til SEFRAK registreringane er ikkje bygningane i utgangspunktet tillagt spesielle restriksjonar, men før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive ein SEFRAK bygning, må det sendast til kulturvernmynda i Viken fylkeskommune for uttale. For eventuelle automatisk freda kulturminne som ikkje er registrert blir desse sikra i føresegna til kommuneplanen.

Planforslaget fører ikkje til nokon negative konsekvensar for kulturminne eller kulturmiljø.



## Forureining til luft og grunn

Område	Luft	Grunn
B50	Nærleik til knuseverk og skytebane	
B51	Gul støysone. Kan komme lukt frå reinseanlegget.	
B53	Gul støysone	
LSB52	Gul støysone	
LSB54	Raud og gul støysone	
NÆ30	Gul støysone	
NÆ50	Raud og gul støysone. Kan komme lukt frå deponiet Hagaskogen slamlagune.	Deponi, påverknadsgrad 1 Deponi i nærleiken som kan gi lukt.
NÆ02	Gul støysone til jernbane	
NÆ03	Gul støysone til jernbane	
NÆ04	Gul støysone til jernbane	Deponi, påverknadsgrad x, og eit deponi med påverknadsgrad 2 ligg i randsona.
NÆ51	Gul støysone	
NÆ52	Raud og gul støysone	
NÆ53	Utsleppsløyve til luft	
NÆ54	Gul støysone	
LSN20	Gul støysone	
ABA50	Raud og gul støysone. Kan komme lukt frå deponiet Hagaskogen slamlagune.	Deponi i nærleiken som kan gi lukt.
KBA50	Gul støysone	
GS30	Gul støysone	
GS40	Gul støysone	
GS41	Raud støysone	
GS42	Gul støysone	
GS43	Gul støysone	
GS51	Raud støysone	Deponi, påverknadsgrad x.
GS52	Gul støysone	
FRI50	Raud og gul støysone	

I alt 25 innspel rører ved forureining til luft. Fem av desse, B50, B51, B53, LSB52, LSB54 og KBA50, har bustadføre mål med bygg med støyfølsamt bruksføre mål. Området B50 vil ha krav om støyvurdering og støymålingar ved ein detaljreguleringsplan for området. Ein mindre del av innspel B53 og KBA50 ligg innanfor gul støysone til fylkesveg, men her er allereie husa etablert. Når det gjeld LSB52 og B51, som ligg innanfor gul støysone, må bustadene byggast i tråd med støyretningslinje T-1442.

Ein mindre del av LSB54 ligg innanfor raud støysone til rv. 7, medan heile området ligg innanfor gul støysone. Bustadene må byggast i tråd med støyretningslinje T-1442. Det er etablert støyvoll på delar av det nordlegaste området mot rv. 7. Ved etablering av tiltaket må støyvollen evt. utvidast.

Næringsområda NÆ02, NÆ03 og NÆ04 ligg innanfor gul støysone til jernbanen i Kleivi. Desse tiltaka vil i seg sjølve generere støy, så det at det ligg innanfor gul støysone vil ha liten betydning. Ved planlegging av ny støyande verksemd set tabell 2 i: «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)» anbefalingar for støygrenser for industri med heilkontinuerleg drift og anna industri. Det er nokre spreidde bustader/gardar i Kleivi, og innspelsområda ligg i god avstand til desse. Likevel er dei lokalisert tvers over Strandafjorden, som gir lite lydemping. Det vil i ein eventuell reguleringsplan for området bli sett krav om støyvurderingar og eventuelle tiltak for drift, som til dømes driftstider. Det at tiltaka vil ligge innanfor eit område som allereie har støyande verksemd, kan tale for at det vil vere føremålstenleg å samle ytterlegare støyande verksemd på same stad.

Næringsområda NÆ51 og NÆ52, som gjeld utviding av pukkverket på Torpo, vil i seg sjølve generere støy, så at det ligg innanfor raud og gul støysone vil ha liten betydning. Grunna nærleik til busetnad vil det i føresegnene vere krav om støymålingar frå NÆ52. Støyvurderingar i samband med NÆ51 vil bli ivareteke i ein eventuell detaljreguleringsplan for området.

Innspel NÆ53 ligg tilknytt næringsområdet på Torpomoen. Arealet som grensar til NÆ53 mot vest har utsleppsløyve til luft, då det er øvingsområde for Hallingdal Brann og Redning. Rett ved ligg også helikopter-landingsplass for Norsk luftambulans. Den etablerte drifta i området kan derfor skape konflikt for enkelte typar verksemder, så kva type verksemd som egner seg i NÆ53 må derfor avklarast i ein detaljreguleringsplan.

Gang- og sykkelvegane og innspel FRI50 er ikkje meint for varig opphald. Støynivå til veg på uteopphaldsareal, er sett til  $L_{den} \leq 55$  dB jf. tabell 2 i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)», så grenseverdien for ein mindre del av området er overskride for FRI50. Tiltak som kan redusere støyen vil vere å bevare skogen opp mot riksvegen. Innspelet er ei vidareføring og sikring av dagens bruk av området som badeplass, som er lett tilgjengeleg med kort veg for dei som bur på Torpo.

Når det gjeld deponi er det ifølgje Miljødirektoratets «Grunnforureining», NÆ50, NÆ04 og GS51 som har forureina grunn. Likevel har ingen av desse deponia påverknadsgrad 3, som krev tiltak, men når det gjeld deponi i Ål kommune finst det generelt lite kunnskap om påverknadsgrad utover det som er oppgitt i «Grunnforureining». Eventuelle tiltak knytt til deponi må komme i detaljreguleringsplan for områda.

Samla sett sikrar planforslaget trygge område for bustader, frie for skadeleg støy, luft- og grunnforureining.

### Samfunnstryggleik

Det er område i planforslaget som ligg innanfor aktsemdssoner for flaum, skred og/eller høgspenning:

Område	Flaum	Skred	Høgspenning	Krav om farekartlegging i detaljreguleringsplan
B52	X	X		X
B50			X	X
NÆ30	X		X	Det er allereie gitt dispensasjon for området

NÆ31	X			X
NÆ50	X			X
NÆ51			X (ligg i bakken)	
NÆ52			X I tillegg vass- tunnellar	X
NÆ02	X	X	X	X
NÆ03	X		X	X
NÆ04	X		X	X
NÆ05	X			X
NÆ06	X			X
RU54		X		X
LSN20	X	X	X	Kun endring av arealføremål til dagens bruk
T31	X			X
ABA50	X			X
FRI50	X		X	Ikkje varig opphald
FRI51	X	X	X	Ikkje varig opphald
GS40	X			Ikkje varig opphald
GS41	X	X	X	Ikkje varig opphald
GS42	X	X		Ikkje varig opphald
GS43	X	X		Ikkje varig opphald
TD40	X	X	X	Ikkje varig opphald
TD41	X	X		Ikkje varig opphald
GS51	X	X	X	Ikkje varig opphald
GS52	X	X		Ikkje varig opphald

I alt to innspelsområde med bustadføremål, B50 og B52, ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, og/eller skred og høgspentanlegg. I følgje pbl §28-1 skal grunn berre bli bygd på, eller eigedom oppretta eller endra, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold. Derfor er det stilt krav om farekartlegging i detaljreguleringsplan for desse områda.

Når det gjeld næringsareal er det først og fremst områda i Kleivi, men også på Torpo, som rører ved fleire aktsemdsområde. Her ligg store delar innanfor aktsemdsområde for flaum, men òg skred og høgspentanlegg. Her vil det bli stilt krav om farekartlegging av områda i samband med detaljregulering.

For dei øvrige områda som ligg innanfor aktsemdsområde for skred og flaum vil det bli stilt krav om farekartlegging ved detaljregulering, med unntak av innspela som ikkje er meint for varig opphald.

### Klima

Endring av arealføremål, som igjen fører til nedbygging av areal, vil gi auka klimagassutslepp. I planforslaget er det fleire område som får negativ konsekvens på grunn av dette. Anten gjeld det nedbygging av karbonrike areal, ny industri som gir auka klimagassutslepp i kombinasjon med å leggje beslag på naturressursar eller nye bustader/næring med lang køyreveg til bygdesenteret.

Å redusere klimagassutslepp frå nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og torvjord, er viktige tiltak for å nå klimamåla. Opphavleg la planforslaget opp til fire område for myrjorduttak, men Kommuneplanutvalet vedtok i møtet 09.01.23 å ta innspelsområdet RU52 ut av planen, og i møtet 18.09.2023 i sak 11/2023 vedtok KPU å ta ut dei resterande tre innspelsområda frå planforslaget. No ligg eitt område for råstoffutvinning att i planforslaget, RU54, med ynskje om å ta ut grus og sand. Vidare er det store areal som vil få endra arealføremål til næring i Kleivi.

Planforslaget har også innspel som er klimanøytrale. Områda B53 og KBA50 er allereie utbygd, og skal berre endre arealføremål. Det er også innspelsområde som har positiv effekt på klimaet; områda FRI50, FRI51 og TD50 som er avsett til grønne areal. Område avsett til gang- og sykkelveg, samt turdrag, vil også på sikt redusere framtidige klimagassutslepp.

I kommuneplanens samfunnsdel står det at det er eit overordna mål for Ål kommune å legge til rette for *levande grender*. Kommunen ynskjer derfor å ha tilgjengeleg ulike typar bustader og tomter, samt å oppretthalde og vidareutvikle næringslivet- *i grendene*, i tillegg til kommunesenteret, Sundre. Dette er område som treng befolkningsvekst, og som ofte har både skule og barnehage i grende-senteret. Men sidan det blir lang avstand til tenesteleverandørar og kommunesenter, vil busetting og næringsutvikling i grendene generere auka trafikk, i tillegg til nedbygging av areal som er negativt for klimaet. Av den grunn vil vurderingane for mange av innspelsområda med spreidd bustadføremål ha ein negativ konsekvens. I vurderingane er det, som omtala i metoden, også lagt fossilt drivstoff til grunn, til tross for at mange køyrer- og fleire vil komme til å køyre med- el-bil.

## 2. Samfunn

### Friluftsliv og rekreasjon

Då kommunen gjennomførte friluftslivskartlegging i 2019, var eit av kriteria at heile kommunen skulle kartleggast. Då prioriterte ein eit høgast mogleg detaljnivå i tettbygde strøk, medan på åsane og i fjellet såg ein på store område under eitt. Derfor er ofte store område klassifisert som svært viktig for friluftsliv, og avgrensingane av områda er ofte omtrentlege. Fleire av innspelsområda kjem derfor inn under eit (viktig) friluftslivsområde, utan at området nødvendigvis blir nytta som det. Dette er vurdert i konsekvensutgreiingane for kvart innspelsområde.

Områda B52, LSB10 og LSB41 rører likevel ved friluftsiinteresser i planforslaget. Når det gjeld B52 går det stigar igjennom området, men desse gjennomfartane vil bli sikra i detaljreguleringsplan for området. For LSB41 med spreidd bustadbygging, skal føresegnene til kommuneplanen sikre at tomtene ikkje kjem i konflikt med etablerte stigar i området. LSB10 kjem ikkje i direkte konflikt med friluftsiinteresser, då ridning skjer på vegen som går langsetter og forbi tiltaket.

Områda som ligg tilknytt Kleivi næringspark er i konsekvensutgreiingane vurdert til å ikkje vere mykje brukt som friluftsområde, og avstand til strandsone vil bli sikra i detaljreguleringsplanar for områda.

Område som ligg i strandsona vil bli ivareteke i føresegn til planforslaget.

Samla sett blir friluftsiinteresser godt ivareteke i planforslaget. Det er også teke inn fleire område avsett til grønne føremål.

### Barn og unge

Barn og unge skal bli tatt omsyn til i arealplanlegginga i tråd KMDs rettleiar: «Barn og unge i plan og byggesak». Det vart gjennomført barnetråkkregistrering i Ål i 2019, men den var avgrensa til Sundre

området, og ikkje ute i grendene. Vurderingane i konsekvensutgreiingane er derfor basert på avstand til skule / barnehage, samt tilgang til leike- og grøntområde. Vidare er desse faktorane sett opp mot trafikktryggleik. Ute i grendene, med store avstandar- ofte langs veg utan gang- og sykkelveg, kjem samla sett mange av innspela til spreidd bustadbygging ut med negativ konsekvens for barn og unge. Dette gjeld både for LSB21, LSB40, LSB41, LSB42 og LSB45. Dei positive sidene kan derfor bli overskygga av avstandane. Det å vekse opp eit stykke frå ein etablert leikeplass, men med umedelbar nærleik til naturen, treng ikkje på nokon måte å vere negativt. Mindre stader har andre kvalitetar, med trygge og oversiktlege lokalsamfunn som kan vere gode å vekse opp i, med skuletransport og kollektivtilbod som sikrar trygg skuleveg.

Planforslaget legg også opp til fleire gang- og sykkelvegar, samt turdrag, som moglege tiltak for å trygge barn og unges ferdsel langs vegane, samt sikring av grønstruktur. Samstundes treng den etablerte sosiale infrastrukturen i grendene nye brukarar, noko som er eit viktig ledd i målet i samfunnsdelen av kommuneplanen om *levande grender*.

I nye område avsett til bustadføre mål vil barn og unges interesser bli ivareteke i føresegna gjennom til dømes krav om leikeplassar.

### Trafikale forhold/trafikktryggleik

Riksveg 7 gjennom Ål kommune er ei viktig nasjonal transportåre mellom aust og vest. Vidare er riksvegen også viktig for regional trafikk i Hallingdal, og lokal trafikk i Ål. I planforslaget rører dei nye områda i hovudsak ved det sekundære vegnettet via fylkeskommunale, kommunale og private vegar. Mange av tiltaka som skal skje i grendene treng heller ikkje påverke riksvegen dagleg, når ein skal til og frå jobb eller skule. Nokre av innspela i planforslaget rører likevel direkte riksvegen, samt at alle nye område indirekte rører ved riksvegen i kryss.

#### Spreidd bustadbygging (LSB) og næringsverksemdar (LSN)

Det er lagt opp til 29 tomter for spreidd bustadbygging over ein 12 års periode i planforslaget. To av desse 29 vil få direkte avkøyning frå rv. 7, og dei resterande 27 vil indirekte røre ved rv. 7 via kryss mot riksvegen. Ingen av dei nye områda for spreidde bustader vil krevje nye avkøyningar frå rv.7. I Øvre-Ål er det lagt opp til totalt seks tomter til spreidd busetnad. Her vil trafikken gå på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett, og kome inn på rv.7 i hovudavkøyninga til Ål sentrum. Her er det kanalisert kryss med avkøyingsfelt både frå aust og vest, og påkøyingsfelt mot vest.

Frå Nordbygdene; Vats, Leveld og Votndalen, er det samla sett avsett 16 tomter, samt ei næringsomt LSN20. Her vil trafikken kome inn på fv. 2930, som kjem ned til rv. 7 i Gullhagen. Her kan ein velje å bruke den kommunale Sundrevegen til Ål sentrum, eller ein kan nytte rv.7. Her er krysset mot riksvegen kanalisert, med avkøyingsfelt frå vest.

På Torpo er det avsett totalt sju tomter til spreidde bustader. Trafikken frå områda LSB52 og LSB53 kjem ned på rv.7 anten frå Torpovegen i aust eller i vest. Begge desse kryssa er kanaliserte med avkøyingsfelt frå aust og vest. Området LSB54 på Torpo, med to tomter, vil få direkte avkøyning frå rv. 7 frå Kringlevegen. Her er det eit kryss mot rv. 7 i kvar ende av veggen, og desse er ikkje kanaliserte. Likevel vil desse to eventuelle bustadene nytte etablerte avkøyningar frå riksvegen, som er i bruk av dei andre eigedomane i Kringlevegen.

Dersom ein reknar at ein bueining har ein gjennomsnittleg turproduksjon på 4,0 turar per døgn, vil dagens ÅDT (årsdøgntrafikk) vere 116 jf. SVV handbok 146. ÅDT på rv. 7 gjennom Ål kommune er 4700 (2022), og ei eventuell auke frå 29 spreidde bustader vil ikkje auke den totale belastninga på rv. 7 vesentleg.

### Bustader (B)

Dei nye bustadområda B50, B51, B52 og B53 ligg på Torpo. Trafikk frå områda vil kome ned på rv.7 anten frå Torpovegen i aust eller i vest. Begge desse kryssa er kanaliserte med avkøyringsfelt frå aust og vest. Totalt tal bustader vil bli avklart på reguleringsplan nivå. ÅDT på rv. 7 forbi Torpo er 4600 (2022), og ei eventuell auke frå nye bustader vil lite sannsynleg auke den totale belastninga på rv. 7 vesentleg.

### Næringsføremål og andre føremål

Det er sett av fem nye område for næringsverksemd i Kleivi. Desse nyttar eksisterande avkøyring frå rv. 7. Samla sett er det forventa at utvida næringsverksemd i Kleivi vil kunne føre til større belastning på den allereie etablerte avkøyringa. Dette er i planforslaget ivareteke ved å vidareføre rekkefølgjekrav frå reguleringsplan for Kleivi Næringspark i føresegnene til arealdelen.

Trafikk frå områda NÆ30, NÆ31, T31, FTU20 og FTU30 i Nordbygdene vil kome inn på fv. 2930, som kjem ned til rv. 7 i Gullhagen. Her kan ein velje å bruke den kommunale Sundrevegen til Ål sentrum, eller ein kan nytte rv.7. Her er krysset mot riksvegen kanalisert, med avkøyringsfelt frå vest.

Områda NÆ51 og NÆ52 vil hovudsakleg nytte seg av den vestre avkøyringa frå rv. 7 til Torpovegen, fv. 2928. Trafikk frå NÆ54 og KBA50 kjem ned på rv.7 anten frå Torpovegen i aust eller i vest. Begge desse kryssa er kanaliserte med avkøyringsfelt frå aust og vest.

Trafikk frå NÆ53 vil nytte eksisterande avkøyring frå rv. 7 til Torpomoen Næringspark.

Trafikk frå RU54 vil kome inn på fv. 2930, som kjem ned til rv. 7 ved avkøyring til Liagardane. Her er det ikkje avkøyringsfelt. Det er også mogleg å nytte seg av avkøyring i Gullhagen. Her er krysset mot riksvegen kanalisert, med avkøyringsfelt frå vest.

Totalt vil desse områda nytte eksisterande avkøyringar frå rv. 7. Med unntak av næringsområda i Kleivi, vil ei trafikkauke frå desse områda med lite sannsyn auke den totale belastninga på rv. 7 vesentleg.

### Nye avkøyringar

I planforslaget er det innspela NÆ50 og ABA50 på Torpo, som krev nye avkøyringar frå rv.7. Det er i plankartet teikna inn forslag til nye avkøyringar til områda. Avkøyringane er teikna inn på rette oversiktlege strekkingar. Likevel veit ein ikkje kva slags verksemdar som eventuelt skal inn i NÆ50. Dette vil bli avklart på detaljreguleringsnivå, samt kryssutforming.

### Trafikktryggleik

Når det gjeld trafikktryggleiken i planforslaget er innspela med bustadføremål LSB40, LSB41, LSB42, KBA50 og B53 fått middels/uavklart konsekvens fordi dei i kombinasjon med å vere skuleveg, også ligg tilknytt «hytteveg» som gir auka trafikk i helgar og feriar, samt er utan gang- og sykkelveg. For å auke trafikktryggleiken ligg det inne fleire gang- og sykkelveg/turdrag som på kvar sin måte er med på å trygge ferdsel for mjuke trafikantar langs vegane i kommunen.

## **Teknisk infrastruktur**

Den tekniske infrastrukturen i Ål kommune er varierende utbygd, spesielt i grendene. I 2020 vart det bygd ein overføringsleidning frå Leveld til Sundre reinseanlegg, for å betre den økologiske tilstanden til Votna (012-2001-R). Nye areal som ligg inntil Votna (012-2001-R) eller i nedbørsfeltet til Votna bekkefelt nord (012-2215-R), får krav om påkopling til denne offentlege VA leidningen.

I Vats må LSB21 og LSN20 ha privat avløpsanlegg.

I Kleivi Næringspark er det etablert VA i det eksisterande næringsområdet. Ål kommune står som eigar av avløpsnettet, medan Næringsparken eig vassleidningane. Ål kommune skal i løpet av 2023 også ta over vassleidningsnettet. For innspelsområda i Kleivi som ligg tilknytt dette leidningsnettet vil påkopling vere eit krav. For innspelsområde NÆ02 er det nytt VA-anlegg under etablering, som vil bli ferdigstilt medio 2023.

På Torpo ligg områda avsett til bustader; B51, B52 og B53 tilknytt offentleg VA. For B50 ligg det eit framtidig høgdebasseng innanfor avsett område, som vil gjere at VA blir ført fram til området. Her vil det derfor bli krav om på-kopling til offentleg VA.

Samla sett er teknisk infrastruktur avklart innanfor planområdet.

### Folkehelse og nærmiljø

Planforslaget har som mål å sikre gode nærmiljø og leggja forholda til rette for å fremme trivsel og helse for innbyggjarane i alle bustadområda. Områda planlagt for bustadbygging ligg nært naturen og kartlagde friluftslivsområde, noko som vil stimulere til fysisk aktivitet. I vurderinga av innspela er det også eit kriterium at bustadtomtene ligg inntil anna spreidd busetnad, slik at områda innbyr til gode nærmiljø.

Nokre område for bustader ligg nærme grendesentra, med kort veg til skule og barnehage, samt matbutikk, medan andre ligg mindre sentralt, men har andre kvalitetar. Dette kan samla bidra til ei positiv utvikling med auka bruk av eksisterande sosial infrastruktur som skule og fritidsaktivitetar i grendene. Ål kommune har fokus på bu- og bilyst, og ynskjer auka busetting i heile kommunen. Å leggje til rette for attraktive og varierte bustadtomter er derfor eit viktig ledd i dette arbeidet.

Det er vidare lagt inn fleire nye gang- og sykkelveggar/turdrag i planforslaget. Dette er tiltak som i seg sjølv er positive for folkehelsa, og som stimulerer til fysisk aktivitet. Vidare er desse gangvegane viktige trafikktryggleikstiltak, samstundes som dei er med på å binde grendene i kommunen tettare saman med kvarandre- og til bygdesenteret Sundre. Dette er viktig for dei som bur i grendene, og gjer det lettare for m.a. barn og unge å komme seg rundt på eigen hand på ein trygg måte. Eit slikt nett av gangveggar oppmuntrar også til mindre bilkøyning, noko som er viktig i eit klimaperspektiv.